

I Fiendens Vald

Noregs Handtering av Krigsfangar under Den Store
Nordiske Krig 1709-1720



Masteroppgåve i Historie

Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap

Universitetet i Bergen

Lisa Isane Selsvik

Våren 2024

Abstract

This master's thesis investigates the treatment of Swedish prisoners of war during the great northern war 1709-1720 in Norway. Swedish POWs in Norway during the great northern war is almost an unexamined topic. Historiography about the war mentions that prisoners were taken but says little to nothing about what happened to the prisoners afterwards. Research on the topic is neither collected nor systematized.

The aim of this master's thesis is to take a closer look at what happened to the Swedish prisoners after they were taken into Norwegian captivity. This research is mainly based on qualitative analysis of source material, and to a small extent quantitative analysis. Comparing norms for treatment of POWs and analysing sources that show the treatment the prisoners were subjected to, reveals that there was not always a correspondence between theory and practice.

International law, -customs and Christian V's articles of war of 1683 formed the framework for the treatment of the Swedish prisoners in Norway during the war. In addition to the articles, directives were issued to regulate the treatment of prisoners as circumstances changed. My findings show that the norms were often not- or only partially followed and that the violators of the law nevertheless got away with a lighter punishment.

Analysis of source material revealed that all swedes were regarded as the enemy, and although the theory had begun to mark a distinction between combatants and non-combatants, all swedes were in practice considered and treated like POWs. The prisoners were first placed in fortresses and detention centers before they were distributed in the country and had to work for subsistence. The prisoners were exchanged several times during the war and with the peace treaty of Frederiksborg in 1720 everyone was to be set free.

In conclusion the research indicates that the Swedish POWs were treated well in captivity. Based on sources that shows that the prisoners were given food and clothing, were treated like other workers in service and on the low death rates during captivity. There were nevertheless some exceptions and sources that speak for harsh conditions in captivity.

Forord

Fleire månadar arbeid med masteroppgåva er over og eg kan endeleg ta ein pause frå kampar med tastaturet. Det er tilfredsstillande å stå på mållinja når eg tenkjer tilbake til starten av prosessen. Då eg stod på startstreken til masterstudiet og var usikker på kva retning masteroppgåva kom til å ta. Reisa har vert interessant, til tider frustrerande, men mest av alt lærerik. I den forbindelse ynskjer eg å rette ein takk til alle som har leda meg inn på stien til mål.

Først og fremst ein stor takk til min dyktige rettleiar Gunnar Winsnes Knutsen, som har lest og kommentert alle utkasta, stilt spørsmål ved oppgåva og utfordra meg til å finne svar.

Vidare ynskjer eg å rette ein takk til Dan H. Andersen som foreslo at eg kunne skrive om svenske krigsfangar i Noreg, og til Ola Teige som oppmuntra meg til å skrive om tema og sendte meg liste over kjelder, forslag til litteratur og notat.

Takk til masterseminaret tidleg moderne tid for faglege samtalar. Spesielt takk til Arne Solli for konstruktive tilbakemeldingar og andre perspektiv på oppgåva.

Takk til mine gode veninner Marie Jenssen for tilbakemeldingar, og til Olina Nesje-Roset for hjelp med språkvask.

Ein varm takk til medstudentar som har sprita opp pausane med intense rundar kortspel. Eg kjem til å savne det gode samhaldet.

Sist, men ikkje minst ynskjer eg å takke vennar og familie som har heia på meg i denne prosessen. Ein ekstra takk til tante Kari for henna engasjement for oppgåva og god hjelp på riksarkivet.

Lisa Isane Selsvik, mai 2024

INNHALDSLISTE

KAPITTEL 1 – INTRODUKSJON	1
1.1 Innleiing.....	1
1.2 Problemstilling.....	2
1.3 Bakgrunn.....	2
1.4 Historiografi.....	3
1.4.1 Eldre militærhistorisk litteratur	4
1.4.2 Nyare litteratur	5
1.6 Kjeldemateriale.....	7
1.5 Metode	9
1.7 Avgrensingar.....	9
1.8 Disposisjon	10
KAPITTEL 2 – LOVAR OG REGLAR	11
2.1 Definisjon av Krigsfange	11
2.2 Krigens folkerett (jus in bello).....	12
2.3 Militære lovar før 1683 i Danmark-Noreg	18
2.4 Militære rettskjelder frå 1683	19
2.5 Slottsloven – utøvande myndigheit i Noreg	24
2.6 Administrative direktiv og rettslege prosessar.....	25
2.7 Konklusjon.....	28
KAPITTEL 3 - PLASSERING OG FORPLEIING	29
3.1 Plassering av krigsfangane.....	29
3.1.1 Festningar og Arresthus.....	29
3.1.2 Arbeid på landet og i distrikta	31
3.1.3 Ut av landet	42
3.2 Forpleiing.....	46
3.2.1 Skipskost	50
3.2.2 Forpleiing av sjuke	52
3.2.3 Gjeld	54
3.3 Konklusjon.....	55
KAPITTEL 4 - KRIGSFANGARS SKJEBNAR	58
4.1 Døydde, rømte og deserterte krigsfangar.....	58
4.1.1 Deserterte krigsfangar	58
4.1.2 Døde krigsfangar	62
4.1.3 Rømte krigsfangar	66
4.2 Kvinner og barn	70
4.3 Spor i tingbøker	74
4.4 Konklusjon.....	77

KAPITTEL 5 - UTVEKSLING AV KRIGSFANGAR	79
5.1 Forhandling om fangebytte i 1712 og utveksling fram til 1719	80
5.1.1 Krigsfange eller ei?	84
5.1.2 Fangebytte 1712	89
5.1.3 Fangebytte 1713-1719.....	90
5.2 Protokoll for utveksling av fangar i 1719.....	93
5.3 Freden i Frederiksborg og endeleg utveksling av fangar.....	99
5.4 Konklusjon.....	100
KAPITTEL 6 - KONKLUSJON.....	102
KJELDER.....	107
Danske arkiv	107
Norske arkiv.....	107
Svenske arkiv.....	109
LITTERATURLISTE.....	110
ORDLISTE	117
PERSONREGISTER.....	118
VEDLEGG.....	120
Vedlegg 1. Tabell over Noregs stiftamt, underliggende amt og futedømme.....	120
Vedlegg 2. Kong Fredrik IV Forordning av 8.april 1715 «Anordning om de Svenske Fangers Underholdning med videre»	122
Vedlegg 3. Tabell over krigsfangar fanga utanfor Stavanger 21.nov 1711 på brigantinen Nieroth	124
Vedlegg 4. Tabell over fangar som kom i teneste i Noreg	126
Vedlegg 5. Tabell over svenske fangar som blei sendt frå Noreg til Danmark.....	129
Vedlegg 6. Tabell over svenske offiserar som blei permittert og fekk reise heim til Sverige.....	133
Vedlegg 7. Tabell over svenske krigsfangar som satt seg i gjeld.....	134
Vedlegg 8. Tabell over Krigsfangar som døde i fangenskapet.....	136
Vedlegg 9. Tabell over Krigsfangar som rømte	138
Vedlegg 10. Tabell over drengar i fangenskap.....	140
Vedlegg 11. Tabell over svenske fangar som blei utveksla frå Noreg i løpet av Den store nordiske krig.....	141

13. For de falt i deris Land
Svendske hist og her blev slagen
Skiendt og brændt til fangetagen
hunger dræbte hest og Mand
Resten endelig maa vige
Ofver Svinesundets Broe
Til Bahuns=Lehn som de sige
hvor ved de blev glad og froe.

/ Den svenske armees retirade fra Norge
som sisdt afvigte julii 1716.
med største forliis maatte forlade samme konge=rige.

KAPITTEL 1 – INTRODUKSJON

1.1 Innleiing

Svenske krigsfangar i Noreg under den store nordiske krig har ei nærmast ukjent historie. Ifølge historikar Dan H. Andersen er krigen i alminnelegheita gløymt i Danmark,¹ det same kan truleg seiast om Noreg. Den store nordiske krig (1700-1721) var ein nordeuropeisk krig som vart utkjempa for over 300 år sidan mellom Russland, Danmark-Noreg og Sachsen-Polen på den eine sida og stormakta Sverige og Holstein-Gottorp på den andre. Finland var i starten av krigen ein del av Sverige, men blei erobra av Russland i løpet av krigen før det blei levert tilbake til Sverige etter fredstraktaten i Nystad av 1721.² Krigen var i realiteten ein krig mellom Russland og Sverige om hegemoniet i Norden.³ For Danmark-Noreg på den andre sida var krigen ein revansjekrig mot Sverige om områder i Holstein-Gottorp under dekke av eit europeisk stormaktsoppgjær.⁴ Krigen markerte store endringar i det maktpolitiske systemet som pregar oss den dag i dag. Sverige mista stillinga si som stormakt og Russland byrja å markere seg som ei ny stormakt i Europa.⁵

Krigen varte frå 1709 til 1720 for Danmark-Noreg, og er den lengste krigen Noreg har deltatt i, sett vekk frå Noregs deltaking i krigen i Afghanistan (2001-2021).⁶ I ettertid er krigen blitt omtalt som elleveårskrigen. I løpet av elleve år blei det tatt både svenske og norske krigsfangar gjennom kaparverksemd til havs og forskjellige trefningar til lands. Dei største og mest sentrale hendingane for Noreg under krigen var dei svenske felttoga i 1716 og 1718. Samanlikna med andre slag under krigen var felttoga i Noreg relativt små. Det var likevel mange som døydde og blei tatt til fange. Forskingslitteraturen nemner sporadisk tal krigsfangar som blei tatt, men fortel lite om kva som skjedde vidare med krigsfangane og korleis dei blei behandla.

¹ Andersen, Dan. H. *Store planer*, bind 1, *Store Nordiske Krig*. (København: Politikens forlag, 2021).

² Andersen, Dan. H. *Triumf og tragedie*, bind 2, *Store Nordiske Krig*. (København: Politikens forlag, 2021).

³ Holm, Terje. H i Lindgjerdet, Frode, *Norge og den store nordiske krigen 1700-1721* (Skallestad: Ares Forlag AS, 2016), 4.

⁴ Andersen, *Store planer*, bind 1, *Store Nordiske Krig*.

⁵ Andersen, *Store planer*, bind 1, *Store Nordiske Krig*, 13.

⁶ Øystein Rian, «Den store nordiske krig i et historisk perspektiv», i *Perspektiver på Den store nordiske krig*, redigert av Knut Arstad (Oslo: Forsvarsmuseet, 2018).

1.2 Problemstilling

På bakgrunn av at forskningslitteraturen i liten grad nemner krigsfangane i Noreg, ynskjer eg i denne masteroppgåva å undersøkje kva som skjedde vidare med krigsfangane etter at dei blei tatt til fange. Hovudproblemstillinga vil vere; **Korleis blei svenske krigsfangar behandla i Noreg i krigsåra 1709-1720?** For å svare på problemstillinga analyserer eg tre ulike aspekt kring fanganes behandling. (1) lovar og reglar som danna ramme for behandling av fangane, (2) korleis krigsfangane blei behandla i praksis, og (3) vil eg gjennomgåande sjå om det er samsvar mellom norm og praksis. Dette inneber å sjå på lovar og reglar, bestemningar frå danskekongen, danske kanselli, øvrigheita i Noreg og kongens tenestemenn som utarbeidde direktiv og definerte korleis fangane skulle behandlast. Samt sjå på kjelder som fortel om fangane, korleis dei blei behandla i praksis og undervegs påpeike om det var samsvar mellom norm og praksis.

1.3 Bakgrunn

Danmark-Noregs deltaking i den store nordiske krigen starta i 1700, men enda fort etter svenskane si bombing av København same året. Dette resulterte i freden i Traventhal, og markerte at Danmark-Noregs trakk seg ut av den store nordiske krigen. Gjennom fredsavtala forplikta Danmark-Noreg seg til å ikkje føre krig mot Sverige eller hjelpe Sveriges fiendar.⁷ Dette skulle derimot endre seg. I 1709 lei Sverige eit stort nederlag i Slaget ved Poltava. I ettertid er nederlaget blitt sett på som den innleiande starten på slutten på den svenske stormaktstida og byrjinga på Russlands dominerande posisjon som Østersjømakt.⁸ For Danskane var det *aut nunc aut nuncam*.⁹ 28.oktober 1709 sendte danskane krigserklæring til svenskane og Danmark-Noreg blei på ny deltakande i det nordeuropeiske stormaktsoppgjeret.¹⁰

Etter fleire svenske nederlag i slag ved Poltava, Tønning og Stralsund, samt tap av Finland var svenskane i den vanskligaste situasjonen dei hadde vore i under krigen.¹¹ Svenskekongen Karl XII ville likevel ikkje forhandle om fred før han hadde betre forhandlingskort, noko han ville få tak i ved å angripe Danmark-Noreg.¹² Svenskane utførte to

⁷ Andersen, *Store planer*, bind 1, *Store Nordiske Krig*.

⁸ Hobson, Rolf. *Krig og strategisk tenkning i Europa 1500-1945: Samfunnsendring- Statssystem-Militærteori*. (Oslo: Cappelen Akademisk, 2013), 95.

⁹ Latinsk for No eller aldrig – det danske mottoet under krigen.

¹⁰ Marinemuseet, «*Tordenskiold: Den Store Nordiske Krigen*», 5.

¹¹ Lindgjerdet, *Norge og den store nordiske krigen 1700-1721*, 72.

¹² Lindgjerdet, *Norge og den store nordiske krigen 1700-1721*, 72.

store felttog i Noreg i 1716 og 1718, årstala er sentrale i krigen for Noreg då dei blei råka av opne krigshandlingar, beleiringar, trefningar og øydeleggingar.

I mars 1716 innvanderte omkring 8000 karolinarar Noreg.¹³ Etter forskjellige slag ved Moss, Norderhov prestegard, og mislykka forsøk på å kringsette Akershus og Fredriksten festning blei det tatt svenske fangar. Under slaget ved Fredriksten festning 4.juli 1716 byrja byen å brenne og delar av det svenske felttoget måtte trekke seg tilbake. 4 dagar seinare leia Tordenskiold sjøslaget ved Dynekilen som var det avsluttande slaget som fekk svenskekongen til å gje opp felttoget i 1716 og trekke dei militære styrkane tilbake til Sverige.¹⁴

Etter det mislykka felttoget i 1716 forsøkte svenskane på eit nytt felttog vinteren 1718. Felttoget blei katastrofalt for svenskane. 30.november blei svenskekongen Karl XII skoten ved Fredrikshald festning og svenskane begynte difor på tilbaketog til Sverige. General Carl Gustaf Armfeldt leia felttoget i trønderlag og byrja retrett over fjella ved Tydal etter at han fekk beskjed om at kongen var død. Marsjen skulle vise seg å bli katastrofal då over 3000 døydde på marsjen og ytterlegare 700-900 døydde etter dei var komne ned frå fjellet.¹⁵ Krigen med svenskane var i realiteten over i 1718 etter Karl XIIIs død, men fredsforhandlingane trakk ut og var ikkje avslutta før i 1720 for Danmark-Noreg med Freden i Frederiksborg.¹⁶

1.4 Historiografi

Det er over 300 år sidan den store nordiske krigen og i løpet av dei åra er det blitt skrivi mangfaldige framstillingar av krigen. Historieskriving har tradisjonelt hatt ein tendens til å fokusere på krigshendingar, politikk og store menn. Sameleis har krigshistorie bestått av studiar av krigsmakter for å rekonstruere hendingar og dreier seg ofte kring krigsrelevante spørsmål som dei militære sjefane var opptatt av.¹⁷ Rolf Hobson og Tom Kristiansen samanliknar krigshistorie med eit parti sjakk, og seier at alt som har betydning føregår på brettet og ingenting som ikkje høyrer heime på brettet blir trekt inn i analysa.¹⁸ Forskingslitteraturen kring den store nordiske krigen ber preg av dette og er som regel militærstrategiske historieberetningar. Først i dei seinare åra har historieskrivinga fokusert på historie nedanifrå og andre perspektiv på krigen. Døme er Olof Blomqvist si doktorgradsavhandling om krigsfangars lokale tilhøyrslø og integrering i byane Århus, Uppsala og Torgau. Maria Sjöbergs sine studiar av kvinner i krig og

¹³ Andersen, *Triumf og tragedie*, bind 2, *Store Nordiske Krig*.

¹⁴ Lindgjerdet, *Norge og den store nordiske krigen 1700-1721*, 118.

¹⁵ Lindgjerdet, *Norge og den store nordiske krigen 1700-1721*, 157.

¹⁶ Lindgjerdet, *Norge og den store nordiske krigen 1700-1721*.

¹⁷ Hobson, Rolf og Tom Kristiansen, *Militærmakt Krig og historie: en innføring i forskningen fra Clauswitz til våre dager*, (Oslo: Institutt for Forsvarsstudier, 1995), 6.

¹⁸ Hobson og Kristiansen, *Militærmakt Krig og historie*.

Arkivar James Ronald Archers sitt kapittel «Spolert og ruinert: Skadene for sivilbefolkningen i Frederikshalds omegn under Den store nordiske krig».¹⁹

1.4.1 Eldre militærhistorisk litteratur

Bidrag til store nordiske krig (1900-1936) er det første danske oversiktsverket over krigen, og har hovudvekt på å skildre militære hendingar og forhold med fokus på Danmark.²⁰ Bokserien på ti bøker er utarbeidd av Generalstaben, som bestod av varierende militært personell i dei ulike bøkene. Oversiktsverket var altså skriva av militærpersonell og ikkje historikarar. Behandling av krigsfangar blir også omtalt, og som Olof Blomqvist skriv i sin doktoravhandling i 2023 «To my knowledge, the work by Danish military historians A. P. Tuxen and H. W. Harbou, from 1915, remains the only in-depth- study of Danish POW policy».²¹ Dette syner at det var få som hadde utført omfattande analyser av dei svenske krigsfangane i Danmark fram til 2023.

I Noreg har Norsk militært tidsskrift gjennom ulike publikasjonar i hefter frå 1902 og 1903 gitt ut ein kronologisk og detaljert oversikt over Elleveårskrigen.²² I likskap med majoriteten av forskingslitteraturen påpeikar tidsskriftet kor mange krigsfangar som blei tatt ved ulike trefningar, men seier lite om kva som skjer med krigsfangane etterpå. Kaptein Johannes Schiøtz blei i 1928 beordra til å skriva ei samla framstilling av elleveårskrigen. Resultatet blei trebindsverket *Elleveårskrigens militære historie – avslutningen av Den store Nordiske krig* utgitt i 1936, 1949 og 1955 som tek for seg dei første åra av elleveårskrigen frå 1709 til kring 1712. I 1957 døydde Schiøtz og rakk derfor ikkje å fullføre fleirbindsverket. Bøkene han skreiv gjev likevel ei god oversikt over dei militære handlingane i Noreg og bygger på danske, svenske og norske arkivalia, med fokus på norske kjelder som i liten grad har vore brukt før.²³ Bokserien kan sjåast på som ein norsk versjon av den danske *Bidrag til den store nordiske Krigs Historie*. Schiøtz påpeikar fleire stader behandlinga dei svenske fangane fekk i Noreg frå 1709 til 1712. Starten av krigen var likevel ein periode med få krigsfangar i forhold til seinare krigsår.

¹⁹ Blomqvist, *I want to Stay: Local community and prisoners of war at the dawn of eighteenth century.*, Sjöberg, «Stormaktstidens krig – och kvinnor: Något om betydelsen av perspektiv», 203-223. & James R. Archer, «Spolert og ruinert: Skadene for sivilbefolkningen i Frederikshalds omegn under Den store nordiske krig», i *Perspektiver på Den store nordiske krig 1700-1721: 300år etter Carl Xiis fall*, redigert av Knut Arstad (Oslo: Forsvarsmuseet, 2018).

²⁰ Generalstaben, *Bidrag til Den Store Nordiske Krigs Historie*, bind 1-10.

²¹ Blomqvist, *I want to stay*, 10.

²² Wahl, «Felttoget 1716», 689-772. og Wahl, «Felttoget 1718», 483-495.

²³ Schiøtz, *Elleveårskrigens militære historie: Avslutningen av Den store Nordiske krig*, bind 1-3, XV.

1.4.2 Nyare litteratur

I 2018 var det 300 år sidan Karl XII falt i angrepet på Fredriksten festning. I samband med jubileet blei det skrive fleire beretningar om ulike tema knytt til Den Store Nordiske Krig av blant anna norske, danske og svenske historikarar, som resulterte i boka, *Perspektiver på Den store nordiske krig 1700-1721*. Ingen av kapitla handlar om krigsfangar, som så vidt, om i det heile tatt blir nemnt.

I 2021 publiserte Dan H. Andersen det første nye danske oversiktsverket over den store nordiske krig sidan generalstabens fleirbindsverk. Ei moderne avhandling av krigen var etter lengta av mange historikarar. Blant dei Knud J.V. Jespersen og Robert Frost som sakna ein fagleg tilfredsstillande framstilling av den store nordiske krigen, samt Michael Bregnsbo som i 2018 skreiv at «Den Store Nordiske Krig er ret uudforsket i nyere historieskriving i Danmark».²⁴ Det var difor på høg tid med eit nytt oversynsverk. I verket omtalar Andersen svenske krigsfangar i Noreg, men går ikkje i djupna på behandlinga dei fekk etter dei blei tatt til fange. I personleg kommunikasjon til meg seier Andersen at Svenske krigsfangar i Noreg er eit lite undersøkt tema.²⁵

Når det gjeld svensk litteratur har Olle Larssons bok *Stormaktens sista krig* (2009) eit eige kapittel om krigsfangar på 19 sider. Kapitlet tar for seg krigsfangar i Sverige og svenske fangar i Russland, men seier ingenting om svenske krigsfangar i Noreg.

Boka *Krigsbrev: Karl XIIIs soldater i Norg i 1716* skrive av Peter Ullgren blei publisert for eit norsk publikum i 2021. Boka basera seg på svenske soldatars brev frå felttoget i Noreg i 1716 som blei oppsnappa av fienden og aldri kom fram. Boka gjev innsikt i soldatars forhold og tankar under krigen, men seier ingenting om svenskar som satt i fangenskap i Noreg, eller korleis fangane blei behandla.

Ifølge Olof Blomqvist har interessa for krigsfangar under den store nordiske krigen ein lang tradisjon. Han kategoriserer forskinga på området i to kategoriar, den eine på makronivå med fokus på krigsfangar, utvekslingsforhandlingar og politikk ovanfor ulike grupper av krigsfangar. Den andre på mikronivå med lokalhistorikarar eller slektsforskarar som undersøker krigsfangar ved å vektlegge individuelle opplevingar av krigsfangenskapet. Vidare seier Blomqvist at russiske og svenske forskarar har undersøkt skjebnen til dei svenske krigsfangane i Russland, men at situasjonane for dei svenske krigsfangane i Danmark og Sachsen er

²⁴ Jespersen, *Revanche og Neutralitet, 1648-1814*, bind 2, *Dansk Udenrigspolitisk Historie.*, Frost, Robert. I. (2000). *The Northern Wars 1558-1721*. Routledge. Bregnsbo, Michael. (2018). Fredrik 4. som krigsleder i det danske imperium. I K. Arstad (Red.). *Perspektiver på Den Store Nordiske Krig 1700-1721: 300år etter Carl XIIIs fall*. Forsvarsmuseet. s.74

²⁵ Personlig kommunikasjon i e-post frå Andersen, 12.02.2023.

underutforska.²⁶ Det same kan seiast om dei svenske krigsfangane i Noreg. Olof Blomqvist skriv om krigsfangars lokale tilhøyrslø i fangenskap og samanliknar i sin doktoravhandling behandling av krigsfangar i Aarhus, Torgau og Uppsala *I want to stay: Local community and prisoners of war at the dawn of the eighteenth century*. Avhandlinga omtalar ikkje behandlinga av dei svenske krigsfangane i Noreg, men syner likevel kva som var vanlig praksis i dei forskjellige landa, og ettersom Noreg var underlagt Danmark i ein periode med utvikling av internasjonale sedvanar var det nok mange fellestrekk i behandlingane.

I den norske historiografien skreiv Frode Lindgjerdet i 2016 *Noreg og den store nordiske krigen 1700-1721*, ei militærhistorisk beretning om Noregs deltaking i den store nordiske krig. Hovudfokuset er på dei militære slagane som vart utkjempa, likevel nemner Lindgjerdet når det blei tatt svenske krigsfangar ved dei ulike trefningar, men seier lite til ingenting om kva som skjedde med fangane etterpå. Det er på den andre sida to historiografiar som eg kjenner til som har undersøkt svenske krigsfangar i Noreg i krigsåra 1709-1720 og som reflekterer kunnskapen vi har på området.

Den eine er Atle Austestads bok, *Nils Stålby - Karolinen i Samnanger*. Ei mikrohistorie om den 19 år gamle svenske soldaten Nils Stålby som deltok i det svenske felttoget i 1716 og blei tatt som fange i Moss. Stålby var ein av fleire krigsfangar som blei transportert til Bergenshus festning og derifrå plassert ut i kjøpstaden Bergen for å arbeide som erstatning frå dei norske soldatane som var i teneste. Stålby blei sendt til Hardanger der han kom i teneste hjå den rike prestesonen Peder Hansson Tysse i Samnanger, som mangla arbeidarar til sagbruket og byggearbeida sine. Austestads beretning er relevant for denne masteroppgåva då den gjev innsikt i behandlinga krigsfangen fekk, og kan vise til korleis andre krigsfangar kan ha blitt behandla.

Den andre publikasjonen, som kanskje også er mest nærliggande denne masteroppgåva er artikkelen *Fram... og tilbake igjen? – Noko om svenske og finske krigsfangar i Bergenshus stiftamt under Store Nordiske Krig*, skriva av Jo Rune Ugulen og publisert i Bergensposten i 2013. Artikkelen tar utgangspunkt i kjelder frå «Stiftamtmanden i Bergen» i Statsarkivet i Bergen og handlar om svenske og finske krigsfangar i Bergens distrikt. Ugulen seier sjølv at framstillinga er relativt usamanhengande og at han så vidt har skrapa bort i materialet.²⁷ Med det oppfordrar han andre til å arbeide vidare med kjeldene.

I løpet av 300 år er det blitt skriva mangfaldige framstillingar av krigen, difor er det mogleg at det eksisterer relevant litteratur som ikkje er blitt nytta i denne oppgåva.

²⁶ Blomqvist, *I want to stay*, 9-10.

²⁷ Ugulen, «Fram... og tilbake igjen?», 38.

Forsningslitteraturen nemner i sine militære beretningar sporadisk kor mange krigsfangar som blei tatt ved ulike slag og trefningar. Utifrå litteraturen eg har lest ser ein at det er skrive lite om svenske krigsfangar i Noreg, og at det som er skrive om dei ikkje er systematisk, samla eller utgreia.

1.6 Kjeldemateriale

Kjeldemateriale som blir nytta i oppgåva er breidt og inkludera svenske, norske og danske arkiv, samt normative kjelder som lovar og forordningar som påverka behandlinga av dei svenske krigsfangane, og deskriptive kjelder som kan fortelje korleis aktørane forholdt seg til normene.

Dei svenske kjeldene som omhandlar dei svenske krigsfangane i Noreg hentast i hovudsak frå Riksarkivet i Täby, også omtalt som krigsarkivet. Store delar av dei svenske kjeldene som omhandlar den store nordiske krigen er digitalisert, det er likevel nokre kjelder som ikkje er det. Arkivmappa *Krigshandlingar Stora nordiska kriget 1699-1734* er spesielt relevant og inneheld tre mapper med tittelen Krigsfångar.²⁸ Den mest relevante serien til denne undersøkinga er «Svenska krigsfångar i Noreg og norska i Sverige samt deras utväxling».²⁹ I tillegg er også seriane «Svenska krigsfångar i Danmark och danskar i Sverige samt deras utväxling, I-III» også relevant då Noreg var under Danmark og seriane inneheld kjelder som omtalar Noreg og dei svenske krigsfangane som oppheldt seg der.³⁰

Dei norske kjeldene ligg spreidd i forskjellige arkiv, dette atterspeglar truleg forholda då dei svenske krigsfangane blei plassert rundt om i Noregs distrikt under krigen. Kjeldene eg har nytta i Noreg er henta frå Riksarkivet, Statsarkivet i Oslo, Bergen, Kongsberg og Trondheim. Nokre kjeldepakkar er digitaliserte og tilgjengelege gjennom Digital Arkivet, medan andre kjelder ikkje er digitaliserte. Det er derfor moglegheiter for at det finst viktige kjelder i andre mapper og arkiv.

Blant dei mest relevante kjeldepakane er *Kommanderende General (KG I) med det norske krigsdirektorium*, «Store nordiske krig» som inneheld kjelder frå tidsperioden 1716-1719 og fortel om forpleiing svenskane fekk, ulike kjelder om svenske fangar og utveksling planar og protokollar. Ei anna kjeldepakke er *Stattholderembetet 1572-1771* som inneheld mappene «Om utgifter med svenske fanger, 1710-1714», «Om svenske og norske krigsfanger,

²⁸ Krigshandlingar Stora nordiska kriget. SE/KrA/0388, 1699-1734.

²⁹ Krigshandlingar Stora nordiska kriget, Krigsfångar, SE/KrA/0388/14 A/3: Svenska krigsfångar i Norge och norska krigsfångar i Sverige samt deras utväxling.

³⁰ Krigshandlingar Stora nordiska kriget, Krigsfångar, SE/KrA/0388/14A/1a: Svenska krigsfångar i Danmark och danskar i Sverige samt deras utväxling, I-III.

1716», «Voteringsprotokoll 1716-1717» og «Ordreprotokoll, 1711-1714» som syner bestemmingar frå myndigheitene og korleis fangane blei behandla.

Kjelder i det danske arkivet var ikkje digitalisert. På grunn av omorganisering av arkivmateriale var fleire kjeldepakkar ikkje tilgjengelege for innsyn eller mogleg å få tak i då eg var i Danmark. Dei tilgjengelege dokumenta viste seg å vere lite relevant for oppgåva. Det er likevel moglegheiter for at mappene som var utilgjengelege inneheld dokument som kan kaste lys over problemstillinga og som fortel om svenske krigsfangar i Noreg i Danmark. Sjå «[Kjelder](#)» for ei oversikt over kjeldene som har blitt nytta frå arkiva.

Primærkjeldene er over 300 år gamle og er skrivne på gotisk med blekk på papir. Nokre av kjeldene ber preg av alderen, er slitte og kan være vanskelege å tyde, medan andre er i god behald. Fleire kjelder refererer til andre kjelder som ikkje er mogleg å finne i arkiva. Døme på dette er svar på brev og kvitteringar for lister og betalingar. Viktige kjelder som seier noko om behandling av krigsfangar kan være vekke, feil plassert, delvis øydelagde eller umoglege å tyde.

I tillegg til å bruke primærkjelder skal eg nytte sekundærkjelder som transkriberte lovverk og forordningar då det kan kaste lys over reglar for behandling av fangane. Spesielt Fredrik August Wessel-Berg, *Kongelige Rescripter, Resolutioner og Collegial-Breve for Noreg: i tidsrummet 1660-1813: første bind 1660-1746* og Jacob Henric Schou, *Chronologisk register over de Kongelige Forordninger og Aabne Breve samt andre trykte Anordninger som fra aar 1670 af ere udkomne*. Avskrifter av norske supplikkar og tingbøker vert også nytta då det kan gje innsikt i om lovene blei følgt, kva straffer ein fekk og om det var samsvar mellom teori og praksis.

Ein viktig detalj i kjeldene er at Danmark-Noreg og Sverige følgde ulike kalendrar under krigen, difor inneheld fleire kjelder to forskjellige datoar, etter den gregorianske og den julianske kalenderen. Året 1700 gjekk Danmark-Noreg over frå den protestantiske julianske til den gregorianske kalenderen ved at dagen etter 18.februar blei til 1.mars. Danmark-Noreg hopp 13 dagar fram til den kalenderen vi framleis følger den dag i dag. Sverige hadde også planar om å gå over til den gregorianske kalenderen, ved å hoppe over skotårsdagane dei neste 40 åra. Året 1700 sløyfa dei skotårsdagen, men gløymde det i 1704 og 1708, dermed enda Sverige med å gå tilbake til den julianske kalender i 1712 og hoppa først over til den gregorianske kalender i 1753.³¹ Somme gongar vil eg nemne begge datoane, men der eg berre nemner ein dato forhold eg meg til den gregorianske kalender.

³¹ Generalstaben, *Bidrag til Den Store Nordiske Krigs Historie*, bind 1, 9.

1.5 Metode

For å svare på problemstillinga skal eg utføre kvalitativ og kvantitativ analyse av kjeldemateriale. Den kvalitative metoden blir sterkest vektlagt og inneberer tolking av meiningsinnhaldet i kjeldene for å finne ut korleis dei svenske krigsfangane blei behandla. Kvantitativ analyse av kjeldemateriale er gjort i liten grad, men er fruktbart for denne masteroppgåva ettersom det viser eit anna perspektiv og kan bidra med ytterlegare informasjon om krigsfangane. Ei slik analyse fokusera på tal og verdiar og basera seg på dokumenta eg har funne i arkiva og kan gå utifrå. Med omsyn til oppgåvas omfang vil det kvantitative arbeidet dukke opp i form av tal og tabellar som informera om ulike aspekt relatert til krigsfangane. Det er vanskeleg å sette eit eksakt tal på krigsfangane fordi kjeldene ber preg av tidas tann, kan vere øydelagde, ikkje stemmer eller manglar. I ein periode der det ikkje var standardiserte skriveformer for namn, er det moglegheiter for at eg har telt same person fleire gongar eller forskjellige personar som ein.³² Nokre stadar blir fangane nemnt med nummer og ikkje namn, det har difor vore ein kabal å forsøke å finne riktige tal. Kven som skal reknast som krigsfangar eller ikkje er også relevant for antalet og er eit spørsmål som blir diskutert gjennom oppgåva.

1.7 Avgrensingar

Tidsperioden som blir undersøkt i denne masteroppgåva er krigsåra 1709-1720. Etter Danmark-Noreg blei tvungne til å forlate krigen i 1700 gjennom freden i Traventhal sendte dei krigserklæring til svenskane 28.oktober 1709 og tredde med det inn i den store nordiske krigen på ny. Året 1720 er satt som sluttidspunkt då krigen mellom Sverige og Danmark-Noreg formelt var slutt 3.juli gjennom freden i Frederiksborg og fordi Artikkel 13 i fredsavtalen sa at alle krigsfangar skulle settast fri.³³

Oppgåva er geografisk avgrensa til fangebehandling av svenskane i Noreg. Dette vil sei at eg ikkje kjem til å ta for meg fangebehandling av svenskane i Danmark, sjølv om Noreg på denne tida var i union med Danmark. Eg kjem heller ikkje til å gå i djupna på svenske krigsfangar som blei tatt i Noreg og som blei sendt vidare til Danmark, anna enn å nemne det som er relevant for behandlinga dei svenske fangane fekk i Noreg.

³² Knut Geelmuyden, *En kort veiledning i lesing av gamle kilder* (Bergen: Bergen Byarkiv, 2015), 5.

³³ Generalstaben, *Bidrag til Den Store Nordiske Krigs Historie*, bind 5, 346.

1.8 Disposisjon

I kapittel 2 «Lovar og reglar for behandling av krigsfangar» definerer eg omgrepet «Krigsfange» for å belyse kven omgrepet omfatta og kva det innebar på 1700-talet. I hovudsak er kapitlet eit teorikapittel som tar for seg normer og reglar som eksisterte på starten av 1700-talet og danna ramme for kva behandling krigsfangane kunne utsettast for. Dette inneberer folkeretten, tidlegare militære lovar, Christian Vs krigslovar, Fredrik IVs lovar samt øvrigheits bestemmingar gjennom direktiv som blei publisert.

I dei følgande tre kapitla ser eg nærmare på dokument som fortel korleis dei svenske fangane blei behandla i praksis og setter det opp mot teori undervegs for å avdekke om det var samsvar eller ei. I kapittel 3 «Plassering og forpleiing» vil eg undersøkje kva som skjedde med krigsfangane etter dei blei tatt i norsk fangenskap og sjå på kvar krigsfangane blei plassert, korleis dei kom seg til dei ulike stadene, arbeid dei blei sett til å gjere samt forpleiinga dei nøyt. I kapittel 4 «Krigsfangars skjebnar» vil eg sjå nærmare på kor mange fangar som døde, rømte og deserterte i løpet av fangenskapet, om det var kvinner og barn i fangenskap og spor i tingbøkene som kan belyse andre perspektiv av fangenskapet. I kapittel 5 «Utveksling av krigsfangar» vil eg som tittelen syner undersøke utveksling av fangar i løpet av krigsåra 1709-1720.

KAPITTEL 2 – LOVAR OG REGLAR

Dette kapitlet ser nærmare på normer og reglar som danna ramme for behandling av krigsfangar under den store nordiske krigen. Ifølge Barbara Donogan var normer for oppførsel i krig på 1600-talet prega av tre ulike utgangspunkt. «(1) allmenne religiøse og moralske standarder, tildels kodifisert som folke- eller naturretten, (2) internasjonalt aksepterte og gjensidige skikker når det gjaldt krigføring, og (3) hærens egne lovsamlinger.»³⁴ Utvikling av normene på 1600 talet påverka og definerte normene som var gyldige på starten av 1700-talet. Difor ser eg i dette kapitlet nærmare på natur- og folkeretten samt militære regelverk frå samtida. Eg byrjar med å definere omgrepet «Krigsfange», for å danne eit bilde over kven som blei rekna som krigsfangar under den store nordiske krigen.

2.1 Definisjon av Krigsfange

I *Håndbok i militær folkerett* blir krigsfange definert som tidlegare «[...] «lovlig stridende», også kalla «kombattant», som kan utføre krigshandling utan å pådra seg straffeansvar».³⁵ I Genèvekonvensjonen blir dette omtalt som «Combatant immunity» og sikrar kombattantar straffefridom frå lovlege krigshandlingar samt behandling som krigsfangar dersom dei skulle falle i fiendens hender.³⁶ Ludvig Holberg levde under den store nordiske krig og har eit liknande syn på krigsfangar som han publiserte i verket *Moralske Tanker* epigram 146 frå 1744:

En fornuftig Krigsmand gaaer sin Fiende vel paa Livet, men søger derhos at tilkiendegive, at det er hans Embeders Pligt og ikke personligt Had, som driver ham dertil. Derved udvirkes, at, naar han falder i Fiendens Hænder, han ikke bliver tracteret som en Morder, men som en Kriigsfange, der haver efterlevet sin Pligt.³⁷

Ei tolking av sitatet er at Holberg meinte at undersåttane var i kongens teneste og ikkje skulle sjåast på som mordarar, men som krigsfangar som har gjort sin plikt for kongen. Etter

³⁴ Donogan, sitert i Ola Teige, «De 3de ihjelskutte qvindfolk. Frykt avsky og mord under den svenske invasjonen av Norge i 1716», i *Kontaktsoner og grenseområder – Interaksjon, konflikt og samarbeid i Norden, Midtøsten og Midtvesten ca. 1520-2020*, redigert av Chalak Kaveh, Harald E. Tafjord og Ola Teige (Oslo: Cappelen Damm Akademisk, 2023), 55.

³⁵ Arne Willy Dahl, *Håndbok i militær folkerett* (Oslo: Cappelen Akademisk forlag, 2008), 156.

³⁶ Dahl, *Håndbok i militær folkerett*.

³⁷ Ludvig Holberg, *Ludvig Holbergs Moralske Tanker* (København: K. Schönbergs Forlag, 1859), 158.

Christian Vs krigsrettsartiklar av 1683 §21 skulle mord straffast med dødsstraff.³⁸ Behandling av krigsfangar har variert i tid og rom, og som eg kjem innpå seinare i kapittelet variert frå å bli myrda, nytta som slavar og utveksla. Med innføring av nye regelverk på 1600-talet ser ein at lovene i auka grad beskyttar både krigsfangar og sivile då det blei innført harde straffer for å utøve vald mot desse gruppene, og som Ola Teige skriv var «[...]Kvinner, barn, eldre, krigsfanger, prester, kjøpmenn og bønder – [...] under kongens beskyttelse».³⁹

Eit anna spørsmål som dukkar opp er kven som blei rekna som krigsfangar under den store nordiske krigen. Ifølge Finn Hødnebo var det på den tida ikkje eit skilje mellom kombattantar og non-kombattantar som i dag.⁴⁰ I utvekslingsforhandlingane av 1712 markerte teorien eit skilje mellom krigsfangar og ikkje-krigsfangar ved å ramse opp charactera som ikkje skulle reknast som krigsfangar eller utvekslast. Kvinner, barn, lensmenn og bønder var blant characterane som ikkje skulle reknast som krigsfangar. Character er eit omgrep som blei brukt for å kategorisere personar og refererer i denne oppgåva til ein persons stilling, stand, rolle eller rang i samfunnet.⁴¹ Til dømes militær rang eller stilling som embetsmenn eller kjøpmenn. I ein periode der det sivile og militære var sterkt samanfletta ser ein likevel at det var ei viss oppfatning av kven som var krigarar og ikkje. Likevel blei både drengar, lensmenn og bønder tatt og satt i fangenskap. Dette viser at alle på motstandaren si side var identifisert som fienden. Sjølv om ein i teorien var begynt å skilje mellom og kategorisere kven som skulle reknast som krigsfangar eller ei, følgde ein ikkje etter i praksis. På bakgrunn av dette blir svenske fangar i stor grad rekna som krigsfangar i denne oppgåva. Finske soldatar og fangar blir omtalt som svenskar i denne oppgåva då Finland var del av Sverige under krigen.

2.2 Krigens folkerett (*jus in bello*)

«Silent enim leges inter arma» er eit kjent sitat frå Marcus Tullius Cicero som kan omsetjast til «Lovar er tause i krigstid». Matthew Bennet påstår derimot at det alltid har vert eit krav om å beskytte individuelle grupper, både militære og sivile og for å regulere kampane.⁴² «Regler i krig har eksistert like lenge som mennesker har ført krig mot hverandre» og har versert frå ad

³⁸ Christian V, *Krigs-Artikels-Brev og Krigsrets Instruction, udgivet den 9de Marts 1683 samt Forklaring over Krigsrets Instructionen Udgivet den 19de Juni 1703*. (Trykt hos Johan Frederik Schultz, Kongelig og Universitets-Bogtrykker, 1808), 18.

³⁹ Teige, «De 3de ihjelskutte qvindfolk», 54.

⁴⁰ Hødnebo, *Konge-Kyrkorummet*, bind 9, *Kulturhistorisk Leksikon for Nordisk Middelalder fra vikingtiden til reformasjonstid*, 258-264.

⁴¹ Ordbog over Det Danske Sprog, «Karakter».

⁴² Matthew Bennet, referert i Langen, «Fra soldat til krigsfange», 18.

hoc reglar, æreskodeksar til den moderne folkeretten vi har i dag.⁴³ Ifølge Geir Ulfstein kan vi spore forløparar til folkeretten heilt tilbake til det trettande århundre før vår tidsrekning, i ein av dei tidlegaste avtalane vi kjenner til med internasjonalt preg mellom Egypt og det hettittiske riket.⁴⁴ Trass i folkerettslege tankar allereie då kom ikkje folkeretten før fleire tusen år seinare med freden i Westfalen i 1648.

Gjennom historia har det råda ulike oppfatningar av krigsfangar og korleis dei skal behandlast. Frå dei første spora vi har frå konflikhtar i oldtida var den universale skjebnen for krigsfangar som regel døden.⁴⁵ Krigsfangar har gjennom tidene blitt ansett som eit krigsbytte og har blitt brukt som arbeidskraft, gjort til slavar, blitt torturert og massakrert. I antikken var eit av måla med krigføringa å ta fangar som kunne nyttast som arbeidskraft.⁴⁶ I mellomalderen derimot var det vanleg praksis å ta krigsfangar som ein kunne selje i bytte mot lauspengar etter krigen. Det tidlege middelalderens føydalsamfunn bestod krigarklassa av adelen, som var den velstående delen av befolkninga. Krigsfangar representerte difor økonomiske verdiar då dei kunne lauskjøpast.⁴⁷

I perioden 1300- til 1800-talet i Europa føregjekk det ei stor utvikling innafor militærapparatet som påverka krigføring og statsstyring.⁴⁸ Reformar i infanteriet på 1300 og 1400-talet førte til at krigføringa blei meir blodig. Ein av årsakene var at det blei mindre attraktivt å ta fangar enn det det hadde vore tidlegare i mellomalderen. Før reformene hadde kongane vore avhengige av adelens krigarar, krigarane hadde høg sosial rang.⁴⁹ Reformar i infanteriet førte til at kongen kunne byggje opp hæren utan bruk av adelens lenstroppar ved at soldatar kunne rekrutterast frå alle sosiale lag. Ifølge Ersland og Holm blei det meir vanleg å drepe motstandarens fangar i europeisk krigføring ettersom majoriteten av fangane var utan middel og ikkje lenger representerte ein økonomisk verdi.⁵⁰

Frå 1500- til 1700-talet var det eit auka fokus på oppbygging av militære organisasjonar som førte til framvekst av maktstatar i Europa.⁵¹ På 1500-talet var det stor etterspørsel etter leigesoldatar.⁵² Å nytte leigesoldatar i krigføring var ikkje eit nytt fenomen. Den høge

⁴³ Røde Kors, «Det finnes regler i krig».

⁴⁴ Geir Ulfstein, *Hva er folkerett* (Oslo: Universitetsforlaget, 2016), 11.

⁴⁵ Richardson, «Prisoners of War as instruments of foreign policy», 47.

⁴⁶ Appel «De danske krigsfanger fras lavet ved Lund 1676», 102.

⁴⁷ Geir Atle Ersland og Terje H. Holm, *Krigsmakt og kongemakt 900-1815*, (Bergen: Eide, 2000), 161.

⁴⁸ Geir Atle Ersland & Terje Holm 2005: 160-161

⁴⁹ Ersland og Holm, *Krigsmakt og kongemakt 900-1815*, 161.

⁵⁰ Ersland og Holm, *Krigsmakt og kongemakt 900-1815*, 161.

⁵¹ Ole Henrik Gjeruldsen, «Rekruttering og utskrivning i Danmark-Norge og Sverige under Den store nordiske krig», i *Perspektiver på Den store nordiske krig 1700-1721*, redigert av Knut Arstad (Oslo: Forsvarsmuseet, 2018), 109.

⁵² Appel «De danske krigsfanger fras lavet ved Lund 1676», 102.

etterspurnaden førte til at leigesoldatane fekk forhandla fram krav til krigsherrane om å kjøpe dei fri dersom dei skulle bli tatt til fange.⁵³ Ifølge Italianaren Niccoló Machiavelli var det fleire ulemper med å halde leigesoldatar. Blant dei var dei økonomiske utgiftene og at dei innleigde troppane hadde interesser av å forlenge konflikta i langdrag for å tappe krigskassa. Dessutan hadde leigesoldatar lite interesse av å ofre livet for oppdragsgjeveren og kunne desertere dersom forholda blei utfordrande.⁵⁴ Difor meinte Machiavelli at leigesoldatar burde erstattast med soldatar frå eiga befolkning.⁵⁵ I Norden byrja Sverige med å utvikle ein hær basert på utskrivning av bondesoldatar kring 1560. Først i 1614 utvikla Danmark ein permanent hær og i 1628 i Noreg.⁵⁶ Ifølge Øystein Rian byrja utskrivninga av soldatar i Noreg seint i forhold til Danmark då ein ikkje hadde tillit til den norske befolkninga.⁵⁷ Ved utbrotet av den store nordiske krig var Danmark-Noreg eit av Europas mest militariserde statar i forhold til befolkninga, tangert av Sverige og Brandenburg-Preussen.⁵⁸ Militarisert stat i denne samanhengen innebar som Jespersen skriv eit høgt permanent rustningsnivå med høg utskrivingsprosent og økonomiske utgifter. I Danmark-Noreg på starten av 1700-talet blei ein soldat skriva ut for kvar 25 innbyggjar og dei økonomiske utgiftene kunne gå opp mot 80% av statsbudsjettet.⁵⁹

Cirka hundre år før den store nordiske krigen finn vi eit eksempel på nordmenns behandling av krigsfangar. I 1612 gjekk det eit skottetog som bestod av skotske leigesoldatar under leiing av oberst Aleksander Ramsay inn i Romsdalen.⁶⁰ Skottetoget var på veg til Sverige for å kjempe for Svenskekongen Gustav 2. Adolfs side i Kalmarkrigen mot Danmark-Noreg. På vegen blei skottane hindra av norske bønder i Gudbrandsdalen i det som i ettertid er blitt kalla slaget ved Kringen. Av heile skottehæren på ca. 300 mann ble alle myrda utanom 134 som blei tatt til fange, og ein og annan skotte som kom seg forbi bøndenes rekker og dermed berga livet.⁶¹ I Oberst Henrik A. Angells bok *Skottetoget: et 300års minne 1612-1912* skriv han at bøndene ikkje visste kva dei skulle gjere med fangane. Bondehovdingane skal ha sagt at dei måtte forast til Akershus slik at statthaldaren kunne avgjere deira skjebnar. På veg til Akershus blei fangane om kvelden stengt inn på ein låve på Klomstad, dagen etter følgde eit blodbad der alle skottane utanom 18 stykk blei stilt opp til låveveggen og skutt til døde. Dei som ikkje

⁵³ Appel «De danske krigsfanger fras lavet ved Lund 1676», 103.

⁵⁴ Hobson, *Krig og strategisk tenkning i Europa 1500-1945*, 45

⁵⁵ Hobson, *Krig og strategisk tenkning i Europa 1500-1945*, 44.

⁵⁶ Gjeruldsen, «Rekruttering og utskrivning i Danmark-Norge og Sverige under Den store nordiske krig», 89-90.

⁵⁷ Rian, «Den store nordiske krig i et historisk perspektiv», 15.

⁵⁸ Jespersen, *Revanche og Neutralitet, 1648-1814*, bind 2, *Dansk Udenrigspolitisk Historie*, 153.

⁵⁹ Jespersen, *Revanche og Neutralitet, 1648-1814*, bind 2, *Dansk Udenrigspolitisk Historie*, 153.

⁶⁰ Ersland og Holm, *Krigsmakt og kongemakt 900-1815*, 184.

⁶¹ Henrik A. Angell, *Skottetoget: et 300års minne 1612-1912* (Stavanger: Per A. Holst Forlag, 2011), 62.

døydde av skota skal ha blitt stukke ned med kniv.⁶² Angell viser til fleire faktorar som påverka bøndenes val, blant dei at kongen hadde nok å fø på. Den mest avgjerande var at bøndene hadde høyrte at svenskane nokre månadar tidlegare hadde slakta dei norske fangane sine ved Götaelv.⁶³

Ifølge Geoffrey Parker var tidleg moderne tids europeiske krigslovar prega av eit reciprositetsprinsipp, som innebar gjensidig behandling.⁶⁴ I periodar der behandling av «den andre», både sivile og krigsfangar ikkje var avgrensa av internasjonal institusjonar eller konvensjonar, var det gjensidige interesser i å behandle fienden på same måte som ein sjølv blei behandla.⁶⁵ Gjensidigheita kan sjåast på som eit toegga sverd, der hardare behandling av fienden ville føre til hardare behandling av sine egne. Prinsippet var uttrykt i det nye testamentet, Matteusevangeliet 7.12 «Alt du vil at andre skal gjøre mot dere, skal også dere gjøre mot dem». Samt i Holbergs verk *Introduction til Naturens- og Folke-Rettens Kundskab* frå 1716 «Forsøg, hvad Ondt du kand tilføye mig, saa vil jeg iligemaade see, hvad Ondt jeg kand gjøre dig igien, og, omendskiønt min Fiende ikke haver sat sig for at paaføre min yderste Ulykke, saa er min Ret derfor liige stor mod ham.»⁶⁶

Freden i Westfalen (1648) var den første all-europeiske fredsordninga og markerte slutten på tredveårskrigen (1618-1648). «I det hele tatt er det først med freden i Westfalen i 1648 at man formelt sett kan snakke om opprettelsen av et europeisk statssystem».⁶⁷ Traktatane som avslutta tredveårskrigen la ramme for det europeiske statssystemet i 150 år og danna grunnlaget for folkerettslege prinsipp som framleis er gyldige i dag.⁶⁸ Fredsavtala modererte den kommande krigføringa samt behandling av krigsfangar. Eit døme på dette er som Hobson skriv at «Soldater i kongens uniform ble anerkjent som *iustus hostis*, rettmessige krigere, som skulle behandles med respekt når de ble tatt til fange, og ikke massakreres som forbrytere, slik det ofte skjedde før».⁶⁹ Det er difor grunn til å tru at krigsfangar etter 1650 fekk ei mildare og meir human behandling enn før 1650.

Trass i folkerettslege tenkjarar gjennom tidene er det nederlendaren Hugo Grotius (1583-1645) som i ettertid er blitt kjent som den moderne folkerettens far. I 1625 skreiv han *De Jure Belli ac Pacis* (Om krigens og fredens rett) der han samla dei folkerettslege tankane i ei

⁶² Angell, *Skottetoget*, 64.

⁶³ Angell, *Skottetoget*, 64.

⁶⁴ Parker, referert i Netterstrøm, «Soldater og Civile i danske krigsartikler fra 1500- og 1600-tallet», 21.

⁶⁵ Netterstrøm, «Soldater og Civile i danske krigsartikler fra 1500- og 1600-tallet», 21.

⁶⁶ Ludvig Holberg, *Introduction til Naturens- og Folke-Rettens Kundskab, Uddragen Af de fornemste Jurister besynderlige Grotii, Pufendorfs og Thomasii Skrifter, Illustreret med Exempler af de Nordiske Historier, og confereret med disse Rigers, saa vel gamle som nye Love* (København: trykt hos Ove Lyn, 1716), 124.

⁶⁷ Gantet 2003, i Hobson, *Krig og strategisk tenkning i Europa 1500-1945*, 51.

⁶⁸ Hobson, *Krig og strategisk tenkning i Europa 1500-1945*, 51.

⁶⁹ Hobson, *Krig og strategisk tenkning i Europa 1500-1945*, 95.

framstilling. I kapittel 7 «Rettigheiter over krigsfangar» tar Grotius for seg, som tittelen viser, tankar om rettigheiter over krigsfangar. Innleiingsvis påpeikar Grotius at menneske ikkje kan være slavar etter naturretten, men at folkeretten ser på krigsfangar som slavar frå det augneblikket fangane blir tatt og ført til fiendens område.⁷⁰ I oldtida hadde slavane ingen rettigheiter, og kunne bli utsett for brutal behandling. Med folkeretten blei det innført lovar som gav rettigheiter over krigsfangane i forsøk på å avgrense den harde behandlinga og å spare fanganes liv i bytte mot andre fordelar. «Derav utleia Pomponius opphavet til ordet, *servus*, eller slave, som var ein, som kunne ha blitt myrda, men frå eigeninteresse eller medmenneskelegdom hadde blitt redda.»⁷¹ Ifølge Grotius skal kristendommen ha ført til mildare handsamling av fangane utifrå prinsippet om nestekjærleik. Praksisen med å halde fangar til lauskjøpingssummen blei betalt blei likevel opprettheldt. Nokre gongar fekk individa som tok fangane retten til å halde dei, men dersom fangane var av ekstraordinær rang og viktigheit blei dei sett på som statens krigsfangar.⁷²

Folkeretten blei vidareutvikla av Samuel Pufendorf (1632-1694), Thomas Hobbes (1588-1679), Christian Thomasius (1655-1728) og Ludvig Holberg (1684-1754). Viktige folkerettslege tenkjarar som saman med Grotius representera eit felles europeisk tankegodt på 1600- og 1700-talet. Deira folkerettslege tankar danna grunnlag for utvikling av lovar og reglar i Norden som framleis påverka oss i dag. Erobrarens rettigheitar over fangar er eit gjennomgåande tema blant skribentane. Thomas Hobbes skriv i *De Cive*, at dersom ein fange blir tatt i krig kan han inngå ei kontrakt med erobraren der han får leve i bytte mot å tilby sine tenester og lydighet.⁷³ Krigsfangane kunne då bli ein ressurs for erobraren ved å love å tene vedkommande. Hobbes poengterer likevel at ikkje alle kan stolast på til å oppretthalde ei slik kontrakt då nokre kan rømme eller gjere ugagn mot deira herre. Desse må tene i fengsel eller bundne i jern, og som Pufendorf skriv når han refererer til Hobbes, tene på same måte som dyr og dermed som slavar.⁷⁴ Ifølge Pufendorf blei Krigsfangar vanlegvis hardt behandla og den harde behandlinga blei unnskylda og legitimert av at fangane hadde trua liva og formuane deira. I verket *Introduction til Natur- og Folke-Rettens Kundskap* utgitt i 1716 skriv Holberg at:

⁷⁰ Hugo Grotius, *On the Law of War and Peace*, overs. A.C.Cambell.A.M (Kitchener: Batoche Books, 2001), 305-307.

⁷¹ Grotius, *On the Law of War and Peace*, 305-307, min oversetting.

⁷² Grotius, *On the Law of War and Peace*, 305-307.

⁷³ Thomas Hobbes, *De Cive* (Public Library UK, 1651).

⁷⁴ Samuel Pufendorf, *The Classics of international law*, overs. Walter Simons (Oxford University Press, 1934), 938.

[...] hvo der haver engang erklæret sig for min Fiende, og derved givet tilkiende at ville paaføre mig all optenkelig Skade, giver mig ogsaa Magt at øve det samme mod ham igien, og derfor med Billighed kand siges, at hvad ondt han lider, vederfares ham ikke uforskyldt, thi all aabenbare Krig haver ligesom den Contract med sig.⁷⁵

Ei tolking av sitatet er at erobraren har rett til å skade fangen på same måte som fangen potensielt kunne ha skada erobraren. Slaveriet kunne difor bli ei utsetting av døden då erobraren kunne drepe vedkommande.⁷⁶

I tillegg til Folkeretten som omhandla internasjonale reglar mellom statar, prinsipp og sedvane blei også naturretten omtalt av skribentane. Naturretten på 1600 og 1700-talet blei sekularisert av Grotius og byrja å utforme prinsipp basert på fornuft og at alle menneske er fredelege, sosiale vesen.⁷⁷ Ifølge Magne Frostad dukka naturretten opp hjå Grotius, Pufendorf og Holberg i argumentasjonar. Der dei på den eine sida seier at sjølv om noko ikkje er forbode etter naturretten, burde ein ikkje nødvendigvis gjere det då det strida mot religiøs fundert moral.⁷⁸ Tvitydigheita kjem fram hjå både Grotius, Pufendorf og Holberg i omtalene om retten til å drepe fienden. På eine sida hevdar dei at ein i rettferdig krig har rett til å føre brutal krigføring, og drepe alle innbyggarane i fiendens stat.⁷⁹ På den andre sida seier Grotius at det vil stride mot naturleg rett og moralske omsyn å drepe alle, og som Pufendorf påpeika ville ein bli sett på som ein barbar dersom ein ikkje følgde dei sedvanlege avgrensingane i krig.⁸⁰ Holberg på si side refererer til den kristne skrifta som oppfordra til å syne mildheit mot fiendane etter den kristne læra.⁸¹ Samtidig som skribentane seier at det er lovleg å behandle fienden hardt oppfordrar dei til å behandle fangane mildt og som medmenneske.

Ifølge Michael Roberts avgrensa folkeretten krigane på 1700-talet og definerte spelereglane i den internasjonale politikken.⁸² Det er difor grunn til å tru at det oppstod eit skilje i behandling av krigsfangar og krigføring frå tidlegare tider. Ifølge Geoffrey Best blei krigføring på 1700-talet meir sivilisert, spesielt gjennom folkeleg sedvane som bidrog til at krigføringa blei mindre farleg for deltakarane i krigen og mindre øydeleggande for sivilbefolkninga.⁸³ Ein kan difor sei at folkeretten førte til eit auka fokus på humaniserande tendensar. I tillegg til

⁷⁵ Holberg, *Introduction til Naturens- og Folke-Rettens Kundskap*, 124.

⁷⁶ Pufendorf, *The Classics of international law*, 937.

⁷⁷ Frostad, «Noen refleksjoner om Ludvig Holbergs Rettskunnskap, og særlig dens beskrivelse av folkeretten».

⁷⁸ Frostad, «Noen refleksjoner om Ludvig Holbergs Rettskunnskap, og særlig dens beskrivelse av folkeretten».

⁷⁹ Frostad, «Noen refleksjoner om Ludvig Holbergs Rettskunnskap, og særlig dens beskrivelse av folkeretten».

⁸⁰ Frostad, «Noen refleksjoner om Ludvig Holbergs Rettskunnskap, og særlig dens beskrivelse av folkeretten».

⁸¹ Frostad, «Noen refleksjoner om Ludvig Holbergs Rettskunnskap, og særlig dens beskrivelse av folkeretten».

⁸² Michael Roberts 1955, i Hobson, *Krig og strategisk tenkning i Europa 1500-1945*, 55.

⁸³ Geoffrey Best, sitert i Langen, «Fra soldat til krigsfange», 18-19

folkerettslege tankar på 1600- og 1700-talet som påverka internasjonale skikkar, moral og standardar i krig, spelte det militære lovverket i Danmark-Noreg i teorien ei betydeleg rolle for behandlinga dei svenske fangane blei utsett for under den store nordiske krig. Difor ser dette kapittelet nærmare på militære lovar i Danmark-Noreg. Først på lovar før 1683 for å sjå om det var endringar i lovverket i retning mot meir humaniserande tendensar i tråd med folkeretten. Deretter på lovar frå 1683 ettersom Christian V det året innførte nye militære reglar som var gyldig under den store nordiske krigen og i teorien skal ha påverka behandlinga krigsfangane blei utsett for.

2.3 Militære lovar før 1683 i Danmark-Noreg

Normer for behandling av sivile samt fangar i Noreg har ikkje vore statisk, men endra seg i tid etter omstenda. På 1500- og 1600-talet blei det i fleire land som Sverige, Danmark, Tyskland og England sendt ut «krigsartiklar» og «artikkelbrev» som soldatane måtte sverje på at dei skulle overhalde.⁸⁴ Krigsartiklar var regelverk med harde straffer for det militære apparatet og blei brukt som eit verktøy for å regulere soldatars åtferd. I tidsskriftartikkelen «Soldater og Civile i danske krigsartikler på 1500- og 1600-tallet» skriv Jeppe Büchert Netterstrøm at krigsartiklane på 1500-talet innførte ei dehumanisering i behandling av sivile.⁸⁵ Middelalderens fredsreglar som sikra dei svake, blei etterfølgt av eit normskred på 1500-talet med innføring av krigsartiklar som synte at personar som tidlegare var freda kunne drepast, valdtakast, mishandlast og bortførast utan straff.⁸⁶

Dette kjem til syne i Christian IIIs krigsartiklar «Den ordning och shick som de Danske Reysenner och Landsknechte schulle halde og retthe segh effther nar the udgiøris oc brugis udi nogen krig etc:», som er dei eldste bevarte danske krigsartiklane.⁸⁷ Kvinner, menn over 70 og barn under 14 skulle etter artikkel 10 og 11 fredast. Fangane blei trakta som bytte og dei resterande sto soldatane fritt til å behandle som dei ville.⁸⁸ Samanlikna med Christian IIIs krigsartiklar innebar Fredrik II's krigsartiklar ein markant reduksjon i persongrupper som skulle skånast av dei danske soldatane.⁸⁹ I forbindelse med den Nordiske sjuårskrigen (1563-70) med Sverige, publiserte Fredrik II krigsartiklar i desember 1564. Kvinnenes beskyttelse blei

⁸⁴ Netterstrøm, «Soldater og Civile i danske krigsartikler fra 1500- og 1600-tallet», 12-13.

⁸⁵ Netterstrøm, «Soldater og Civile i danske krigsartikler fra 1500- og 1600-tallet», 12-13.

⁸⁶ Netterstrøm, «Soldater og Civile i danske krigsartikler fra 1500- og 1600-tallet», 16.

⁸⁷ Netterstrøm, «Soldater og Civile i danske krigsartikler fra 1500- og 1600-tallet», 16.

⁸⁸ Netterstrøm, «Soldater og Civile i danske krigsartikler fra 1500- og 1600-tallet», 16-17.

⁸⁹ Netterstrøm, «Soldater og Civile i danske krigsartikler fra 1500- og 1600-tallet», 19.

betydeleg innskrenka og gjekk over til at kun gravide, jomfruer, piker, eldre kvinner og predikantar skulle skånast.⁹⁰

Dehumanisering i krigsartiklar på 1500-talet blei etterfølgt av nye krigsartiklar som rehumaniserte behandlinga på 1600-talet. Christian IV publiserte krigsartiklar i 1611 i samband med Kalmarkrigen og i 1625 i forbindelse med innblanding i tredveårskrigen. Krigsartiklane bygde vidare på artiklane av 1611, men reviderte dei grundig.⁹¹ Straffa for å drepe benåda fangar gjekk frå forvising til dødsstraff i dei nye artiklane og uttrykker at ein ynskja ei meir human behandling av krigsfangane.⁹² Ei tolking av endringa i lovverket er at ein ynskja å ha krigsfangar i live.

Ved inngangen til 1600-talet og hundreårets første tiår hadde krigsfangar character som den enkelte soldats krigsbytte.⁹³ Dette kom til syne i dei nederlandske krigsartiklane av 1592, dei svenske av 1621 og dei danske av 1625.⁹⁴ Etter Christian IVs danske krigsartiklar av 1625 hadde kongen rett på fangane med høge stillingar. Dette stemmer overeins med Grotius sine skriftlege arbeid om folkeretten der individ har rett på å halde fangane dei tar med unntak av dei med høg rang som blei sett på som statens krigsfangar.⁹⁵

Utvikling av krigsartiklar gjennom forskjellige krigar, folkerettslege prinsipp og freden i Westfalen var forløparane til Christian Vs krigsartiklar av 1683. Dei militære rettskjelder som var gyldige under den store nordiske krig.

2.4 Militære rettskjelder frå 1683

9. mars 1683 innførte Kristian V eit militært lovverk med namn «Krigsartikelsbrev» og «Krigsrets Instruction». Regelverket var originalt utgjett på tysk. Det blei utført fleire forsøk på å omsetje regelverket til dansk, men den offisielle oversetninga kom først ut i 1808 saman med Fredrik IV sine forklaringar over krigsrettsinstruksjonen av 1703.⁹⁶ Christian Vs krigsartikkelbrev og krigsrettsinstruksjon av 1683, samt Fredrik IV forklaring over krigsrettsinstruksjonen av 1703 danna grunnlaget for militærstrafferett fram til 1866, då nye militære straffelovar blei innført.⁹⁷ Christian Vs militære lovar var gyldig i 183 år trass i endringar i lovverket i løpet av den tida. §5 i krigsrettsinstruksjonen framheva at «I alle militære

⁹⁰ Netterstrøm, «Soldater og Civile i danske krigsartikler fra 1500- og 1600-tallet», 19.

⁹¹ Netterstrøm, «Soldater og Civile i danske krigsartikler fra 1500- og 1600-tallet».

⁹² Netterstrøm, «Soldater og Civile i danske krigsartikler fra 1500- og 1600-tallet».

⁹³ Appel «De danske krigsfanger frs lavet ved Lund 1676», 103.

⁹⁴ Appel «De danske krigsfanger frs lavet ved Lund 1676», 103.

⁹⁵ Grotius, *On the Law of War and Peace*, 305-307.

⁹⁶ Stuestøl, *Mellom lovverk og praksis*, 16.

⁹⁷ Stuestøl, *Mellom lovverk og praksis*, 16.

sager ere Krigsartiklerne og de øvrige Krigslove Regelen [...]».⁹⁸ Det er difor nærliggande å tenke at det militære lovverket har påverka synet på og behandlinga av krigsfangane.

Christian Vs «Krigsartikelsbrev»

I Christian Vs Krigsartikkelbrev er det fleire lovar som omtalar krigsfangar. Spesielt i kapittel 10 «Om Stæders, Fæstninger og Leires Indtagelse, samt de deri erholdte Fanger og Bytte» der §129-§134 omhandlar krigsfangar. I tillegg er §180 i kapittel XII «Om Antagelse, Tractement og Afstakkelse.» relevant for fanganes behandling.

§129 I de ved vore vaaben indtagne stæder, fæstnigner, leire og slotte, forbeholde stæders, fæstningers og leires indtagelse, samt de deri erholdte fanger vi os alt svært skyts med tilhærended muniton, krudt og kugler, saavelsom alt forraad af proviant og victualier, som findes enten i offentlige oplagstæder, eller i private huse, og skal alt saadant, uden nogen forevending være os hjemfaldet og allene forbeholdet, saa maa og de erobrede pladser og overvundne folk, naar de ere tagne til naade, ei videre tilføies nogen skade, meget mindre brandskattes, under livsstraf.⁹⁹

§130 Alle fanger, som giøres i de indtagne stæder og pladser, saavelsom i amindelige feldtslage, skulle tilhøre os allene; men naar fanger af smaae partier indbringer, tilkomme de partiets anfører.¹⁰⁰

§131 Dog skal enhver, som har indbragt fanger, tagne fra fienden, inden aften fremstille dem for den, der i Qvarteret har Overcommando, og efter hans befaling lade dem hos General-Auditøren indskrive og afhøre, samt derefter til forvaring overantvorde til General-Gevaldigeren, eller i hans fraværelse til hans Lieutenant.¹⁰¹

§132 Ingen, enten høye eller lave Officerer maa lade Fanger, som ere lovede Pardon, dræbe, ei heller, uden Feldtmarskallens vidende og tilladelse, løslade dem, under Æres og LivsFortabelse. Saa maa ei heller nogen med magt fratage hinanden sine Fanger og giorte Bytte, eller paa anden maade skille dem derved; men opstaaer ved Byttets Deling nogen Tvifl og Uenighed, da skal samme ved de øverste Officerer afgjøres.¹⁰²

⁹⁸ Christian V, *Krigs-Artikels-Brev og Krigsrets Instruction*, 98.

⁹⁹ Christian V, *Krigs-Artikels-Brev og Krigsrets Instruction*, 63-64.

¹⁰⁰ Christian V, *Krigs-Artikels-Brev og Krigsrets Instruction*, 64.

¹⁰¹ Christian V, *Krigs-Artikels-Brev og Krigsrets Instruction*, 64.

¹⁰² Christian V, *Krigs-Artikels-Brev og Krigsrets Instruction*, 64-65.

§133 Officererne maae ei gjøre nogen paastand om det Bytte, som deres underhavende Soldater med Rette have faaet, meget mindre fratage dem det, under Charfes Fortabelse og fuld Erstatning for det Fratagne.¹⁰³

§134 Hvad Fienden i fire og tyve Timer har havt i sin Vold, skal regnes for godt Bytte.

§180 For Krigsfangerne, som ere blevne Fienden til Deel, skal Bort Commissariat, tilligemed General-auditeuren, bære Omsorg og, saavidt mueligt, antage sig dem, ved at forskaffe dem Underholdning, saa og ved Udvexling eller Ranson, paa det at de ikke, formedelst sammes Udeblivelse, skulle nødes forblive Os troe i dette deres Uheld.¹⁰⁴

Christian Vs «Krigsrets instruction»

Sameleis er det paragrafar i Christian Vs «krigsrets instruction» som omhandler behandling av krigsfangar. §6 i Kapittel I «Om Rettens Holdelse.» og §38 og §46 i Kapittel VI «Om General- og Over=Krigs=Ret.»

§6. Forefalde extraordinaire Krigstilfælde, som ikke i Vores Krigsartikler bestemmes, og heller ikke ved rigtige Slutninger dertil kunne henføres, da skal forespørjes hos den, som da har Overcommando, og kiendes deri efter den 188de Krigsartikel.¹⁰⁵

§38 Alle fra fienden fangne, naar de blive ham (General Auditøren) af Generalitet tilskikkede, skal han eraminere, rigtig nedstrive deres udsagn, og derom give Generalitet Efterretning; saa skal han og holde en Liste over de Fangne, samt lade dem ved Generalgevaldigeren vel bevare og forsyde med vedbørlig Underholdning.¹⁰⁶

§46 Dersom en fange, hvis forvaring er paalagt Generalgevaldigeren eller nogen Regimentsfevaldiger, udkommer formedelst hans Skiødesløshed, uagter han har været forsynet med tilbørlig Vagt, eller at ham løslades, uden udtrykkelig Ordre eller Rettens kiendelse skal han træde i den Undkomnes Sted, og udstaae Straffen, som denne er tilkiendt.¹⁰⁷

¹⁰³ Christian V, *Krigs-Artikels-Brev og Krigsrets Instruction*, 65.

¹⁰⁴ Christian V, *Krigs-Artikels-Brev og Krigsrets Instruction*, 89.

¹⁰⁵ Christian V, *Krigs-Artikels-Brev og Krigsrets Instruction*, 99.

¹⁰⁶ Christian V, *Krigs-Artikels-Brev og Krigsrets Instruction*, 118.

¹⁰⁷ Christian V, *Krigs-Artikels-Brev og Krigsrets Instruction*, 121.

Kort oppsummert syner artikkelane i krigsartikkelbrevet og krigsrettsinstruksjonen at fangane verken skulle skadast, lauslatast eller myrdast etter at dei var tatt til fange. Fangane blei sett på som eit bytte og tilhørde stort sett kongen. Anna bytte derimot kunne takast av soldatane. Etter fangane var innbrakt skulle dei stillast for den med overkommando som skulle avhøyre og registrere fangane. Kommissariatet som hadde ansvar for den militære økonomien og generalauditøren med ansvar for militærets rettspleie skulle sørgje for at fangane blei behandla anstendig med underhaldning, samt arrangere utvekslingar. Ekstraordinære tilfelle som ikkje blir omtalt i artikkelane skulle avgjerast av den med overkommando.

Krigsartikkelane danna retningslinjer for soldatar i danskekongens teneste og innebar straff for dei som braut lovene. Det var harde straffer for brot på lovverket i samtida. Dersom nokon skulle skade eller drepe fangar som var lova nåde sa §132 i Christian Vs Krigsartikkelbrev at syndaren skulle straffast med «Æres og LivsFortabelse». Straffene blir omtalt i Kapittel VII - *Om straffene efter Dom*. §52 «Ære-Straffe ere, naar en Officeer bliver degraderet, eller uden Rest og Pas bortjaget fra Regimentet, eller naar nogen forvises Vore Riger og Lande, hans Navn slaaes paa Galgen, eller hans Kaarde bliver brudt av Skarpretteren, og han erklæret for en Skielm.»¹⁰⁸ Dette syner at ein kunne straffast på fleire måtar. I ei samtid der Ære var viktig var det store konsekvensar å bli dømt ærelaus. Straff for «livsfortabelse» på den andre sida blir framstilt i §51 «Straffe paa Livet skee ved Arkebusering, halshugging, hænging, Radbrækning, Partering og Brænding.»¹⁰⁹ Dødsstraffene hadde truleg som formål å forhindre at krigsfangane blei skada eller myrda i fangenskapet.

Vidare sa krigsartikkelane at dersom ein krigsfange klarte å rømme på grunn av slurvete vakthald eller at ein fange blei lausgjeven utan ordre eller avgjersle frå retten, skulle den ansvarlege stille i fangens stad og ta imot straffa som var tildelt fangen. Lovane skulle sikre at vaktene passa godt på fangane. Truleg har fangar klart å rømme i tidlegare tider og det er mogleg lova kom som eit svar på det og som eit forsøk på å hindre at det skulle skje igjen.

Krigsartikkelane beskytta krigsfangane ved å seie at dei skulle få underhaldning og ikkje drepast. Hardare straffer for overskriding av lovene knytt til krigsfangar i forhold til tidlegare krigsartiklar talar for at ein ville forsvare fangane, og syner eit auka fokus på humaniserande tendensar. Christian Vs norske lov av 1687 og Friderich IVs Siø-Artikler og Krigs-Rets Instruction af 15.mars 1700 var også gyldige under krigen, men er lite relevant for behandlinga dei svenske fangane fekk i Noreg i krigsåra 1709-1720.

¹⁰⁸ Christian V, *Krigs-Artikels-Brev og Krigsrets Instruction*, 123.

¹⁰⁹ Christian V, *Krigs-Artikels-Brev og Krigsrets Instruction*, 123.

Overhald av normene

Behandling av krigsfangar blei bestemt av dei øvrige myndigheitene. Eit spørsmål er om bestemmingane blei følgt i praksis. §191 i Christian Vs krigsartikkelbrevet sa at Auditørane og mønsterskrivarane skulle lese opp lovverket fire gongar i året slik at alle fekk det med seg, og for å åtvare mot å stride imot lovverket.¹¹⁰ I tillegg skulle Offiserane etter regelverket ha fått kvart sitt trykte eksemplar som dei kunne kunngjere for krigsfolket og nytte i handtering av lovbot. Dersom nokre soldatar ikkje var til stades under opplesinga var dei etter §191 like fullt forplikta til å følge artiklane.¹¹¹ Det var som nemnt ofte harde straffer for lovbot, det kan difor tenkast at krigsfolket ynskja å få med seg reglane.

Markus A Stuestøl påpeikar i sin masteroppgåve «Mellom lovverk og praksis: Generalauditøren og den militære jurisdiksjon 1794-1814» fleire faktorar som gjorde det vanskeleg for soldatar og offiserar å få innsikt i regelverket. For det første måtte soldatane i stor grad forhalde seg til eit regelverket på framandspråket tysk. For det andre hadde dei utskrivne soldatane som skjeldant var på militære samlingar ikkje tilgang på det nedskrivne regleverket som gjorde det vanskeleg å bli kjent med innhaldet og tileigne seg kunnskapar om det. Når det var militære samlingar på den andre sida ville det være opplesing av regelverket samt tilgang på nedskrivne militære reglar og forordningar.¹¹² Soldatanes lesekyndigheit er difor ein faktor som kan ha påverka deira kjennskap til regelverket.

Josten Fet har skriva boka *lesande Bønder: Litterær kultur i norske allmugesamfunn før 1840* der han tar for seg allmugens lesekunne. I boka nyttar han omgrepet Lesekunne som «evna til å lese og forstå prenta tekstar på dansk.»¹¹³ Ifølge Fet er det umogleg å presist finne ut av kor mange som kunne lese av allmugen i Noreg i det gamle samfunnet, men seier likevel at store delar av den norske allmugen var semialfabetar til langt ut på 1800-talet. Dette betydde at mange kunne lese prenta skrift, men ikkje å skriva.¹¹⁴ Han avviser dermed myten om at nordmenn var analfabetar til byrjinga av 1800-talet. Gjennom forskning på leseferdigheiter i Sunnmøre har Fet kome fram til at lesekunna var spesielt til stade hjå lensmenn, klokkarætter og bønder som dreiv med handel og jektetart. Det var fleire som kunne lese, og når lesekunne og interessa for bøker først var etablert i ei slekt kunne det vare i fleire generasjonar.¹¹⁵ Utifrå

¹¹⁰ Christian V, *Krigs-Artikels-Brev og Krigsrets Instruction*, 93-94.

¹¹¹ Christian V, *Krigs-Artikels-Brev og Krigsrets Instruction*, 94.

¹¹² Stuestøl, *Mellom lovverk og praksis*.

¹¹³ Jostein Fet, *Lesande bønder: Litterær kultur i norske allmugesamfunn før 1840* (Oslo: Universitetsforlaget, 1995).

¹¹⁴ Fet, *Lesande bønder*, 24.

¹¹⁵ Fet, *Lesande bønder*, 30-31.

Fet si forskning på lesekunne kan det seiast at store delar av den norske allmugen kunne lese trykt dansk skrift. Det militære regelverket var derimot skriva på tysk, og satt dermed høgare krav til lesaren og avgrensa kven som kunne lese regelverket.

I Ullgrens bok *Krigsbrev* fortel han om den svenske soldaten Erik som deltok i felttoget i 1716 ved Moss. I eit brev skriv Erik at han var kommandert til Moss der alle i troppen blei tatt til fange, med unntak av han som gøymde seg under ei bru. Ifølge Ullgren var Erik truleg mest redd for dei norske bøndene som var utskrive til bondemilitsar enn for dei regulære troppane. «Om man havnet i fangenskap eller måtte kapitulere, var det langt bedre overgi seg til regulære tropper. Disse behandlet krigsfangene på en mer human måte, selv om overgrep og i verste fall henrettelser kunne forekomme også der».¹¹⁶ Ei tolking av dette er som Ullgren skriv at karolinarane heller ville bli tatt av store regiment enn av enkelt bønder då dei var meir røffe i behandlinga medan soldatar kjent til og var meir bundne av regelverket.

Soldatars deltaking i og observasjonar av straffing av medsoldatar gav også kjennskap til regelverket.¹¹⁷ På bakgrunn av at lovverket blei lest opp i felt, dei harde straffene og straffemetodane i regelverket samt observasjonar av straffing, kan det tenkast at majoriteten kjente til regelverket, i alle fall dei med høge stilling som skulle dømme etter reglane. Det er derimot mange ledd frå Kongen og ned til bonden. Blant dei; Kongen, Slottsloven, magistratar, stiftamtmenn, amtmenn, prestar, futar og allmugen. Lovar og reglar for behandling av krigsfangane kan difor ha blitt oppfatta forskjellig av dei ulike nivåa og omstenda kan ha påverka om det var mogleg å følge lovene eller ikkje.

2.5 Slottsloven – utøvande myndigheit i Noreg

I 1572 blei det oppretta eit statthaldarembetet i Danmark-Noreg. Statthaldaren skulle styre over eit område på vegne av herskaren. I denne konteksten satt kongen i Danmark og vice statthaldaren styrte på kongens vegne i Noreg. Fredrik IV var konge over Danmark-Noreg frå 1699 til 1730 og var den øvste myndigheita. I denne perioden var det fleire visestatthaldarar i Noreg, men etter kritikk av den norske styringa blei det gjennomført ei nyordning av den øvste administrasjonen i riket.¹¹⁸ 16. februar 1704 blei det oppnemnt ein kommisjon av Fredrik IV med namn Slottsloven på Akershus, Kommisjonen skulle bistå visestatthaldaren og utfylle statthaldar funksjonar, og varte fram til 1721.

¹¹⁶ Peter Ullgren, *Krigsbrev: Karl XIIIs soldadater i Norge i 1716* (Oslo: Dreyer Forlag, 2021), 82-83.

¹¹⁷ Stuestøl, *Mellom lovverk og praksis*, 18.

¹¹⁸ Oscar Albert Johnsen, *Norges Historie*, bind 5, første del tidsrummet 1660-1746.

Kommisjonen bestod av fem medlemmar som fekk same myndigheit og plikter som statthaldaren hadde hatt.¹¹⁹ Slottsloven skulle ha møter tre gongar i veka, og oftare om nødvendig. Slutningar skulle skrivast under kongens namn og segl, og vice statthaldaren skulle skrive under. Kvar andre veke eller kvar veke ved behov skulle Slottsloven sende ein kurer til kongen som skulle underrette kongen om verksemda.¹²⁰ Formålet med Slottsloven var å styrke styring av Noreg, spesielt ettersom ein krig kunne avskjere dei to rika.¹²¹

I Riksarkivet ligg Slottslovens møtebøker. Desse blir omtalt som «konsept til voteringsprotokoll». Møtebøkene syner at det blei sendt ut fleire ordre til norske aktørar om behandling av krigsfangane i riket i løpet av krigen.¹²² Slottsloven vidaresendte ordre frå kongen og danske kanselli. I tillegg informerte dei proviantforvaltarar, magistratar, futar, lensmenn og allmugen om forpleiing fangane skulle ha, kvar fangane skulle sendast, korleis dei skulle fraktast og kven som skulle føre dei. Slottslovens møtebøker er difor gode og viktige kjelder for dei svenske fanganes behandling i Noreg.

2.6 Administrative direktiv og rettslege prosessar

I tillegg til lovverket blei det i løpet av krigen sendt ut fleire instruksar og retningslinjer for korleis dei svenske fangane skulle behandlast. 6.mai 1710 sendte kongen ut eit reskript til Slottsloven angående påskjønning for å fange nokon frå den svenske sida.

6 mai. R. (til Slottsloven), ang. At lade publicere, at hvo der paa den norske Side kan ertappe Nogen fra den svenske Side, at Mand= eller Qvindekjøn, og den til nærmeste Kongens Foged bringe, skal af ham gives til Recompense dobbelt saa meget, som de Svenske give for saadanne fra den norske Side. (Eftersom det fornemmes, at de Svenske nylig have ladet læse fra Prædikestolen paa Grændserne imod Norge, at hvo som kunde overkomme Norske paa Viig-Siden) der fra Norge kommende, Mands= eller Qvindes=Person, enten iførte gode Klæder eller Tigger=habit, skal føre en saadan til næste Foged, og der af ham have 40 Daler Sølv=mynt).¹²³

¹¹⁹ Johnsen, *Norges Historie*, bind 5, første del tidsrummet 1660-1746, 144.

¹²⁰ Johnsen, *Norges Historie*, bind 5, første del tidsrummet 1660-1746, 145.

¹²¹ Johnsen, *Norges Historie*, bind 5, første del tidsrummet 1660-1746, 145.

¹²² [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/Aa/L0001-L0010: Konsept til voteringsprotokoll, 1704-1722.](#)

¹²³ [Wessel-Berg, Kongelige Rescripter, Resolutioner og Collegial-Breve for Norge i Tidsrummet 1660-1813, \(Christiania: J.W.Cappelen, 1847\), 365](#)

At kongen sendte ut eit reskript om at folket skulle få påskjøning for å innbringe svenskar til Noreg, viser at han ville ha fleire svenskar i si varetekt. Reskriptet kan tolkast på forskjellige måtar. Eit svar på svenskanes opplesing på preikestolen om honorar for å fange nokon på den norske sida, propaganda mot svenskane, eit behov for arbeidskraft i riket ettersom eigne menn blei utskrive til militærtjeneste og som eit ynskje om å samle opp utvekslingsobjekt til framtidige utvekslingar. Reskriptet blei diskutert i Slottslovens møtebok som bestemte at det burde publiserast både på tinget og på preikestolane.¹²⁴ Slik at allmugen blei informert.

Oppfordringa om å fange både svenske menn og kvinner, og at reskriptet ikkje sa noko om at svenskane måtte være soldatar eller i svenskekongens teneste kan tolkast som ei oppfordring til folket om å fange svenskar som også var sivile. Dette bidrar til synet om at det ikkje var eit markant skilje mellom kombattantar og non-kombattantar.

Utover i 1710 kom det fleire ordrar. Det blei innført forbod mot å handle med svenskane på grensene. Ein skulle halde skarp oppsikt med framande personar i landet og etterkvart som det oppstod dødeleg og smittsam pest i Danmark og Sverige blei det innført reglar for å hindre at pesten skulle komme til Noreg frå Sverige. 4.desember 1710 sendte Slottsloven ut forbod mot at Svenskar skulle komme inn i landet, og dersom dei kom skulle dei drivast tilbake.¹²⁵ Det kan difor tenkast at det ikkje blei tatt svenskar på grensene etter kongens reskript medan pesten herja. Forpleiingsdokument syner likevel at det blei tatt svenske fangar mellom 1710-1713. Majoriteten blei derimot fanga på fartøy.

Administrative direktiv som reskript, forordningar og anordningar blei sendt ut fortløpande utover i krigen og dikterte retningslinjene for korleis krigsfangane skulle behandlast. Direktiv som blei sendt ut blir der dei er relevante nemnt i løpet av oppgåva. At det ofte blei sendt ut nye instruksar kan tolkast som eit uttrykk for at instruksane som tidlegare var sendt ut ikkje var gode nok, ikkje blei følgt eller at omstenda hadde forandra seg. Døme på forordning på grunn av endra omstende er Kong Frederik IVs forordning av 8.april 1715 angående dei svenske fangane si underhaldning med tittelen «Anordning om de Svenske Fangers Underholdning med videre».¹²⁶

Ifølge forordninga betalte ikkje svenskane for forpleiing av fangane sine. Dermed måtte den danske krigskassa ta på seg dei økonomiske utgiftene. Etterkvart som talet krigsfangar auka

¹²⁴ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/AA/L0002: Konsept til voteringsprotokoll, 1709-1710, s.172](#)

¹²⁵ Wessel-Berg, *Kongelige Rescripter, Resolutioner og Collegial-Breve for Norge i Tidsrummet 1660-1813*, bind 1, 1660-1746, 373.

¹²⁶ *Kong Friderich den Fierdes allernaadigste Forordninger og aabne Breve fra den 26. Augusti Aar 1699 Aar 1715 udgangne*, (København: trykt udi Kongel. Majests. Privilegerede Boogtrykkerie, 1715),14-16. Sjø vedlegg 2 for transkribert anordning.

var ein nøydd til å finne betre løysingar for ikkje å tømme krigskassa. Det blei bestemt at dei svenske krigsfangane skulle distribuerast i rikets distrikt og arbeide for deira føde. På den måten kunne fangane også nyttast som arbeidskraft samtidig som dei økonomiske utgiftene blei flytta over på befolkninga. Forordninga tok også opp kva som ville skje med fangane dersom dei ikkje avlyda bestemmingane. Forsøk på å rømme eller å ikkje arbeide, men drive lausgjengeri kunne føre til at fangane blei sendt til festningane for å arbeide i jern og vidare straffast etter sakens omstende. Forordninga blei lest opp på tinga og moglegvis også i kyrkjene og blei kunngjort til allmugen.

Brot på lovverka og forordningane kunne føre til rettslege prosessar. Førsteinstans var bygdetinga. Forordning av 15.mars 1633 påla sorenskrivarane å føre tingbøker.¹²⁷ Tingbøkene inneheld detaljerte beskrivingar over rettssaker og kva som blei sagt og gjev verdifullt innsyn over kva som skjedde og kva ein blei dømt for. Eg har kome over fleire svenske krigsfangar i nokre tingbøker, dette blir diskutert i kapittel 4.

Ein kunne også sende inn supplikkar til kongen. I praksis måtte desse skrivast av sorenskrivarane i bytte mot avgift og godkjennast av embetsmenn, med unntak av visse saker, før den blei sendt til Danmark.¹²⁸ Supplikkane blei handsama av Danske Kanselli, kongens rådgjevarar som hadde mandat til å dømme på kongens vegne og som på sett og vis fungerte som kongens sekretariat og ofte sendte referat av supplikkane til Kongen.¹²⁹ Avskrift av norske supplikkar i danske kanselli finn ein i riksarkivets avskriftsamling.¹³⁰ Fleire av supplikkane er knytt til svenske krigsfangar i Noreg, desse kjem eg innpå seinare i oppgåva.

Fleire av lovene innebar dødsstraff. «Dödsstraffen haglade över befolkningen – i varje fall i lagstiftningen och i underrätterna, den faktiska rättspraxisen i överdomstolerna var ofte mildare och många benådades.»¹³¹ I perioden 1687-1735 måtte alle dødsdommar stadfestast av Kongen.¹³² Kongen hadde ein benådingsrett som kan forståast som retten til å modifisere dommen.¹³³ Det måtte som regel føreligge ein dom frå overhoffretten for at kongen skulle benåde, og det var stort sett dødsdommar som blei benåda.¹³⁴

¹²⁷ Selberg, «Eldre norske rettskilder – en oversikt».

¹²⁸ Næsje, *Klagemål over kongens embets- og tjenestemenn*.

¹²⁹ Næsje, *Klagemål over kongens embets- og tjenestemenn*, 14.

¹³⁰ [Avskriftsamlingen, RA/EA-4022/F/Fa/L0078: Supplikker, 1709-1720](#)

¹³¹ Harald Gustafsson, *Nordens Historia: En europeisk region under 1200år* (Lund: Studentlitteratur, 2017), 127

¹³² Frostad, «§20», 285-293.

¹³³ Frostad, «§20», 187.

¹³⁴ Frostad, «§20», 188.

2.7 Konklusjon

Dette kapitlet har sett nærmare på normer knytt til behandling av krigsfangar. Det har alltid vore normer i krig som har regulert kampar, behandling av krigsfangar og sivile. Normene har ikkje vore statiske, men endra seg i tid og rom etter omstenda. Frå middelalderens fredsreglar følgde krigsartiklar som dehumaniserte behandlinga av soldatar og sivile på 1500-talet. Krigsartiklane på 1600-talet rehumaniserte behandlinga og i samband med freden i Westfalen i 1648 blei det oppretta eit europeisk statssystem som baserte seg på folkerettslege prinsipp og danna grunnlag for auka human behandling av krigsfangar. Folkeretten førte med seg internasjonale prinsipp og sedvane, definerte spelereglane i krig, modererte krigføring og førte til eit auka fokus på humaniserande tendensar. Christian Vs krigsartiklar av 1683 var eit resultat av ein større prosess over lang tid og innehaldt krigsartiklar som i auka grad beskytta krigsfangane og føreskreiv harde straffar for brot på lovene. Ifølge artiklane blei krigsfangane sett på som bytte og skulle ikkje drepast eller lauslatast. Ein skulle ta vare på krigsfangane ved å syte for underhaldning og jobbe for at dei skulle utvekslast. Brot på lovverket innebar ofte dødsstraff eller tap av ære som var kritisk i samtida.

Omstenda under krigen framkalla nye endringar tilpassa forholda. Slottsloven var øvste myndigheit i Noreg og administrerte i stor grad kva som skulle gjerast med fangane i landet, ofte etter ordre frå myndigheitene i Danmark. Gjennom krigen blei det sendt ut administrative direktiv i form av reskript, forordningar og anordningar som dikterte kva som skulle gjerast med fangane og som blei lest opp på tinga og preikestolane. Forordninga som implementerte dei største endringane etter omstenda var Fredrik IVs forordning av 8.april 1715 som sa at krigsfangane skulle distribuerast i landet og arbeide for kost og losji.

Krigsartiklane og direktiva danna den ytre ramma for behandling av krigsfangane. Brot på desse kunne føre til rettslege prosessar. At det eksisterte normer som dikterte korleis fangane skulle behandlast er ikkje eintydig med at dei blei overheldt. At det blei rettsaker syner i seg sjølv at normene ikkje alltid blei følgde. Reglane skulle tolkast på forskjellige nivå frå myndigheitene ned til bonden og omstenda kan ha gjort det vanskeleg å etterfølge direktiva. Eit anna spørsmål er om aktørane blei dømt i samsvar med straffene i lovverket. Dei neste tre kapitla ser nærmare på korleis fangane blei behandla i praksis på forskjellige områder, og kommentera undervegs om behandlinga stemte overeins med teorien.

KAPITTEL 3 - PLASSERING OG FORPLEIING

Dette kapittelet undersøker kvar fangane blei plassert og korleis dei blei forsørgja etter at dei blei tatt i norsk fangenskap. I arkiva ligg det dokument som viser fanganes namn, kvar dei oppheldt seg og utgifter med dei. Løypande gjennom krigen blei det sendt ut ordre om å lage lister over fangar som var på dei ulike stadene og forpleiinga dei har fått. Dokumenta blei skrivne av økonomiske årsaker og opplyste samtidig om kor mange krigsfangar ein hadde og kvar dei var plassert.

3.1 Plassering av krigsfangane

3.1.1 Festningar og Arresthus

I løpet av elleveårskrigen blei dei svenske krigsfangane plassert rundt om i Noregs fire stiftamt; Akershus, Kristiansand, Bergen og Trondheim som alle hadde underliggende amt og futedømme.¹³⁵ Det var vanleg praksis at fangar blei plassert på festningar og borger som på sett og vis var samtidas fengsel.¹³⁶ På starten av krigen syner kjeldene at fangane blei plassert på festningane Bergenhus, Akershus, Stavern, Fredriksten, Kristiansholm, Kongsvinger, Fredrikholm og Munkholmen. Stader der det ikkje var plass på festningen eller der det ikkje var festning blei fangane plassert i arresthus, som ofte var rådhuset. Dette var tilfelle i Stavanger og Kristiansand. Etter kongens reskript av 6.mai 1710 om lønning for å fange svenskar, som omtalt i kapittel 2, blei fangar tatt ved grensene og til havs. Dette forklarar kvifor dei svenske fangane blei fordelt rundt om i landet allereie frå starten av krigen.

12.mai 1710 sendte Slottsloven ein ordre til magistraten i Kristiania om å separere dei svenske fangane slik at dei ikkje kunne ha hemmelege samtalar mellom seg.¹³⁷ Dette viser at det satt fangar i Kristiania allereie i 1710, medan kjeldematerialet ikkje opplyser om fangar i Kristiania før i 1711.¹³⁸ Ordren var truleg vanskeleg å oppretthalde i praksis etterkvart som det blei innkvartert fleire krigsfangar på rådhusa og festningane. Sjølv om ordren berre var sendt til Kristiania, satt der fangar på andre festningar, det er difor moglegheiter for at fleire kan ha fått ordren.

¹³⁵ Sjø «Vedlegg 1 tabell over Norges stiftamt, underliggende amt og futedømme» for oversikt over Noreg.

¹³⁶ Knut Ingar Hansen, *Kongsvingers Historie: Festningen og Leiren 1682-1720*. (Kongsvinger: Vinger Historielag, 2005), 195.

¹³⁷ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/Aa/L0002: Konsept til voteringsprotokoll, 1709-1710, s.153](#)

¹³⁸ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/EI/L0052/0003: Forskjellige pakkesaker/Om utgifter med svenske fanger 1710-1714, s.3](#)

I Kristiansand var det i 1710 levert fem fangar som satt på Kristiansholm festning. To århundre etter krigen beskrev Vilhem Krag fangerommet på festningen som det verste holet han hadde sett nokon gong.¹³⁹ Inngangen til fangerommet var lavt og det kom ikkje inn ei lysstråle.¹⁴⁰ Det var plass til få på festningen. Dette resulterte i at majoriteten av dei norske soldatane og dei svenske fangane i Kristiansand måtte innkvarterast hjå allmugen.¹⁴¹ 15.mai 1711 sendte Slottsloven ein ordre til magistraten i Kristiansand om å sørge for sikker forvaring av dei svenske fangane då det ikkje var rom eller leilegheit til dei på festningen.¹⁴² I starten var fangane heldt i forvaring av dei sivile myndigheitene, noko som skulle vise seg å fungere dårleg då mange klarte å rømme.¹⁴³ 5.oktober 1711 rømte 19 mann og ytterlegare sju rømte fem dagar seinare.¹⁴⁴ At så mange klarte å rømme same dag syner at fangane har klart å kommunisere. 4. desember 1711 blei det sendt ut ein ny ordre «[...] ad som oven paa Raadhuset skal vare leilighed til et fangehuus, de derfor skal foranstalte ad samme til et fangehuus blive inderdelt og fangerne [?] Soldater effter Commandantens anstalt ad bevares.»¹⁴⁵ Rådhuset blei etter ordre eit fangehus og dei militære myndigheitene tok over forvaring av dei svenske fangane. Proviandforvaltar Wetzel fekk i forbindelse med vakthald av dei svenske krigsfangane i Kristiansand ordre av Adeler om å sørge for hus til soldatane som skulle halde vakt over dei svenske fangane for å passe på at dei ikkje stakk av.¹⁴⁶

Svenske fangar blei også plassert i arresthus i Stavanger. 21.november 1711 blei 44 svenske krigsfangar tatt frå den svenske brigantinen Nieroth ved Flatholmen og ført til Stavanger By.¹⁴⁷ [Sjå vedlegg 3 for tabell over fangane.](#) Fangane satt på arresthuset i Stavanger fram til 3.januar, då dei blei frakta gjennom Kristiansand og Larvik til Akershus og seinare utveksla i februar 1712 med unntak av Løytnanten Olof Bruse.¹⁴⁸

I *Kongsvingers Historie: festningen og leiren 1682-1720* skriv Knut Ingar Hansen at det etter utbrotet av elleveårskrigen utvikla seg til lovause tilstandar på grensa mellom Noreg og Sverige.¹⁴⁹ Røvarbandar skal ha herja i området og det blei hevda at svenske og finske røvarar

¹³⁹ Frans-Arne Stylegar, *Fangen på Christiansholm – og andre fortellinger fra det gamle Kristiansand* (Sandnes: Commentum Forlag AS, 2013), 75.

¹⁴⁰ Stylegar, *Fangen på Christiansholm*, 75.

¹⁴¹ Wrånes, «Christiansholm», *DigitaltMuseum*. <https://digitaltmuseum.no/011085439960/christiansholm>

¹⁴² [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/Aa/L0003: Konsept til voteringsprotokoll, 1711, s.99](#)

¹⁴³ Schiøtz, *Elleveårskrigens militære historie*, bind 3, 347.

¹⁴⁴ Schiøtz, *Elleveårskrigens militære historie*, bind 3, 347.

¹⁴⁵ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/Aa/L0003: Konsept til voteringsprotokoll, 1711, s.259](#)

¹⁴⁶ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/EI/L0052/0003: Forskjellige pakkesaker/ Om utgifter med svenske fanger, 1710-1714, s.94](#)

¹⁴⁷ Krigskassedeputasjonen 1709-1713, RA-EA-2887/E/L0031/0003: Brev angående utveksling av fanger.

¹⁴⁸ Schiøtz, *Elleveårskrigens militære historie*, bind 3, 346.

¹⁴⁹ Hansen, *Kongsvingers Historie*, 197.

blant anna skal ha tent på Jens Sørensens sagbruk. Ifølge Hansen skal nordmenn ha tatt saka i eigne hender. Nokre blei tatt i 1711 og hengt i eit tre, seinare skal fleire fangar ha blitt satt i jern på Kongsvinger festning der dei truleg døydde av skjørbuk ettersom dei levde på vatn og brød.¹⁵⁰ Hansen seier derimot at det er usikkert om fangane som blei tatt var røvarar eller krigsfangar. At svenskar skal ha blitt tatt og hengt i eit tre strider derimot mot forordninga av 6.mai 1710 som informerte om påskjønning til dei som fanga og førte fangane til lensmann eller futen. Ei mogleg årsak til at nokre blei hengt var at mange frykta røvarbandane og at dei blei sett på som kriminelle som måtte gjerast noko med, og ikkje som krigsfangar eller sivile som skulle vernast.

Majoriteten av krigsfangane blei derimot plassert på festningane Bergenhus, Akershus, Fredriksten, Kongsvinger, Stavern, Kristiansholm og Munkholmen i ulike tidsperiodar i løp av krigen. I starten av krigen var dei fleste av krigsfangane tatt frå fartøy. Etterkvart som talet fangar auka blei det heldt fangebytter med Sverige. Dette blir undersøkt i kapittel 5. Etter felttoget i 1716 var det ein betydeleg auke i fangepopulasjonen i Noreg og ein måtte byrje å tenke over korleis ein på best mogleg måte kunne ivareta fangane og nytte dei som ressursar.

3.1.2 Arbeid på landet og i distrikta

Etter danskekongens befaling av 22.august 1714 skulle visestatthaldar Frederik Kragh i Noreg finne ut av om nokon ville ha svenske fangar i si teneste. I tingbok for Sunnhordaland står det at det blei lest opp ein plakat «[...] angaaende de Svenske Fanger om de/nnem/ nogen till Bergverkerne eller Fiskeleierne behøver dat: 22 Aug: 1714».¹⁵¹ I tillegg skal Krag ha spurt øvrigheita i Noreg om nokre ville ha svenskar i teneste, men i ein supplikk til danske kanselli datert 17.november 1714 «[...] indsender (Vice statthaldar Krag) endeel amtsbetienters besværing at ingen dem wil have i tienneste.»¹⁵² Til dette svarte kansellet at ein ikkje blei kvitt fangane på den måten og at ein etter danskekongens ynskje måtte finne ut korleis fangane best kunne brukast til å arbeide, enten på vegane eller andre offentlege oppdrag slik at staten slepp å forsørge dei.¹⁵³

I ein ny supplikk frå visestatthaldaren datert 12.januar 1715 står det at «Nobels amt begiærer 150 fangar, som der kunde være tienlige.»¹⁵⁴ Hans Nobel var amtmann i Romsdalen

¹⁵⁰ Hansen, *Kongsvingers Historie*, 197.

¹⁵¹ Digitalarkivet, [Tingbok for Sunnhordland. Tingbok nr. 1A.31 1714-1716](#), avskrift, bidragsytar Håkon Aasheim

¹⁵² [Avskriftsamlingen, RA/EA-4022/F/Fa/L008: Supplikker, 1714-1715, s.139](#)

¹⁵³ [Avskriftsamlingen, RA/EA-4022/F/Fa/L008: Supplikker, 1714-1715, s.139](#)

¹⁵⁴ [Avskriftsamlingen, RA/EA-4022/F/Fa/L008: Supplikker, 1714-1715, s.179](#)

frå 1704-1715 og i Stavanger amt frå 1714-1726.¹⁵⁵ Kanselliets svar på supplikken antydar at ynske blei innvilga, men det er ingen dokument som vidare informera om dette. Med unntak av amtmann Nobels ynskje om 150 svenske fangar i 1715, som omtalt ovanfor, syner ingen dokument i kjeldepakken at svenske fangar tok teneste før i 1716. Det er likevel moglegheiter for at Tollaren Solberg hadde svenskar i si teneste før 1716. I Slottslovens voteringsprotokoll 12.mai 1716 førespurte Solberg om 20 nye svenske fangar då dei han hadde var dimittert.¹⁵⁶ På den andre sida kan dei svenske fangane Solberg hadde i teneste ha komt same året. I realiteten kan fleire svenskar ha kome i teneste før 1716. Til dømes kan nokre ha fått teneste på bergverka eller i fiskeria etter anordninga frå 1714.

8.april 1715 publiserte Fredrik IV ein anordning, angående fanganes underhaldning, som omtalt i kapittel 2. Der ein spekulerte kring korleis ein kunne nytte fangane.¹⁵⁷

[...] saa haver Vi allernaadigst været betænkte paa, hvorledes de samtlige paa en sømmelig maade, lige ved vore egne kiære og troe Undersaatter, kunde fortjene deres Føde og nødtørkftig Ophold, og til den Ende dem paa visse Stæder i Vore Riger og Lande at lade fordeele, og dem noget vist dagligen for deres arbejde at lade tillegge;¹⁵⁸

I mangel på subsistens frå den svenske sida, som eg kjem innpå seinare i kapitelet, blei det bestemt og kunngjort at dei svenske fangane skulle fordelast i distrikta og arbeide for deira forpleiing. Fleire av dei svenske fangane hadde kunnskapar innafor ulike fagområde. Blant anna som bakarar, skomakarar, gullsmedar, bønder, tømrrarar eller læresvennar før dei blei utskrivne til den svenske hæren. Ved å fordele fangane i landet kunne ein nytte svenskane som arbeidskraft samt sikre deira forpleiing hjå arbeidsgivarane, noko staten fram til då hadde måtte betalt for. Ei slik ordning ville lette trykket på krigskassa. Vidare stod det at:

Thi have Vi allernaadigst for got befunden, efterfølgende Anordning og Anstalt hos Vedkommende i Vore Lande at lade giøre, at naar de Svenske Fanger i deres underhavende Districter bliver fordeelt, enhver da iblandt dem, som vil og kand arbejde, skal dagligen nyde af den, hos hvilken hand arbejder, enten sin kost og Forpflegning

¹⁵⁵ Berg, «Statsforvaltere, fylkesmenn og amtmenn (stiftamtmenn) siden 1671». I *Store Norske Leksikon*. 8.februar 2024.

¹⁵⁶ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/Aa/L0007: Konsept til voteringsprotokoll, 1716-1717, s.117](#)

¹⁵⁷ Graham, "Huguenots, Jacobites, Prisoners and the Challenge og Military Remittances in Early Modern Warfare", 171-187.

¹⁵⁸ *Kong Friderich den Fierdes allernaadigste Forordninger og aabne Breve fra den 26. Augusti Aar 1699 Aar 1715 udgangne*, 14-16.

lige ved andre Tieneste Folk, eller og i Steden for kosten fire skilling Danske, og derforuden tu Skilling til klæder, de, som enten noget haandverk haver lært, eller som sig selv hos en eller anden bedre Conditioner til deres fornøden Ophold kan betinge, staar det frit fore, naar de ikkun paa de Steder, hvor de vorder henlagde, forbliver, og de, som ikke kunde arbejde, dennem ville Vi allernaadigst af Vore Ambtstuer dagligen lade give en hver tu Skilling Danske eller og tu Pund Brød, mens derimod de. Som vel kunde og af uartighed ej ville arbejde, eller og under den Pretæxt at forskaffe dem selv Livs Ophold, og siden ikkun omløber og betler, og derved ikkun søger Lejlighed, som oven meldt er, een eller anden usømmeligheder Vore Festninger eller anden steds forsendes, og der for deres Føde tilholdes at arbejde.¹⁵⁹

Anordninga blei lest opp på tinga i Noreg. At svenskane kunne arbeide for deira føde var ein ressurs for den norske befolkninga i ein periode der store delar av befolkninga var utskrivne til militærtjeneste. Ifølge Ola Teige var det utskrive 9153 mann i Bergens stift, som tilsvara 20 prosent av menn født mellom 1681 og 1700. Dersom utskrivninga i Bergen speglar utskrivninga i Noregs stift blei ca. 50 000 utskrive til militærtjeneste.¹⁶⁰ Utskrivinga resulterte i at gardsbruk vart liggande øyde, mangel på arbeidskraft, eldre og ugifte kvinner mangla forsørgjarar og sjølv om få soldatar døydde i kamp, døydde mange av sjukdom eller blei skada.¹⁶¹ 9.mars 1715 sendte bøndene på grensa til Sverige inn klagemål til danske kanselli om at dei trengte dei utskrivne soldatane til å arbeide.¹⁶² Futen i Hardanger skreiv at det kom til å bli miserable tilstandar dersom fleire nordmenn måtte komplimenterast til hæren, «gaardene bliver øde og u-indhøstit, ieg seer allerede bedrøvelsen for mine øyne».¹⁶³ I tillegg bad Slottsloven om løyve til å innrullere sjøfolk av andre nasjonar i marinen.¹⁶⁴ Dette viser at samfunnet hadde behov for folk som kunne arbeide.

Anordninga satt tydelege rammer for svenskane. Alle som var i stand til å arbeide, måtte arbeide. Ein ordre ekspedert til Andreas Undal 11.september 1716 sa «ad de svenske fanger skal arbeide for deris føde, og hvis de det ikke, kan de ikke paa anden made igde deris ophald, og da selv da maa takke seg for hvis ulempe denne da kunde overga».¹⁶⁵ Krigsfangar med

¹⁵⁹ *Kong Friderich den Fierdes allernaadigste Forordninger og aabne Breve fra den 26. Augusti Aar 1699 Aar 1715 udgangne*, 14-16.

¹⁶⁰ Teige, «Krigsbyrder i Norge under den store nordiske krig», *Norges historie – fra steinalderen til i dag*.

¹⁶¹ Teige, «Krigsbyrder i Norge under den store nordiske krig», *Norges historie – fra steinalderen til i dag*.

¹⁶² [Avskriftsamlingen, RA/EA-4022/F/Fa/L0080: Supplikker, 1714-1715, s.189](#)

¹⁶³ Stiftamtmanden i Bergen, SAB/A-100006/E/Ee/0063: Lnr.673 - Brev frå futen i Sunnhordland og Hardanger, 1718-1719.

¹⁶⁴ [Avskriftsamlingen, RA/EA-4022/F/Fa/L008: Supplikker, 1710-1711, s.26](#)

¹⁶⁵ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/Aa/L0007: Konsept til voteringsprotokoll, 1716-1717, s.143](#)

kunnskapar innafor ulike handverk fekk løyve til å drive med det, men lausgjengeri blei ikkje akseptert og kunne resultere i at ein måtte arbeide i jern på festningen. Svenskane hadde heller ikkje friheit til å trekke seg og dersom dei blei hardt behandla har dei truleg ikkje hatt det betre enn slavar. Forsøk på å rømme kunne føre til ytterlegare straff etter sakas omstende. Dette kjem eg innpå i kapittel 4.1.3 «Rømte krigsfangar».

Fangar som ikkje var i stand til å arbeide skulle etter anordninga bli forpleia på amt stuene. Desse fangane ville framleis være ei belastning for krigskassa som måtte dekke utgiftene. Å halde svenske fangar uansett kven, ifråtok svenskane moglegheita til å bruke vedkommande som resurs. Kjeldene opplyser ikkje om kor mange som ikkje kunne arbeide. Det einaste eg har kome over i arkivet er ei kjelde som fortel at ein svensk fange fekk sin friheit og kunne reise heim på grunn av hans veikskap.¹⁶⁶

På den andre sida var utplassering av fangar i distrikta ei god integreringsmetode som skapte kontakt mellom nordmenn og svenskar. Ifølge Blomqvist var «Den främsta möjlighet for dessa krigsfångar att förbättra sin situation (...) att ta tjänst i lokala hushåll och odla personliga relationer med sina arbetsgivare och grannar».¹⁶⁷ Mange blei plassert på bygdene og kom i arbeid hjå velstående bønder som hadde behov for arbeidskraft etter at unge nordmenn var skrivne ut til militærtjeneste.¹⁶⁸ Fangane på den andre sida hadde behov for forpleiing. Utifrå behov for arbeidskraft kan det tenkjast at dei svenske fangane blei behandla likt som dei andre arbeidarane og at fleire integrerte seg gjennom arbeidet.

Felttoget i Noreg i 1716 kosta svenskane over 1000 soldatar som blei tatt som krigsfangar og plassert i Noreg og Danmark. Den store mengda svenske krigsfangar i Noreg førte til at ein måtte tenke over korleis dei best kunne plasserast i landet. I Slottslovens voteringsprotokoll 1.mai 1716 blei det sendt «Enn Aaben ordre til de tvende skipper Wins Lobberen og Halvor Green, ad presse de fornødne folk til deris Skibers besetning neml: Maria og st. Anna, med hvilke de til Bergen skal offøre de 6 a 700 svenske fanger».¹⁶⁹ Skipperane fekk beskjed om å reise til Larkollen i Moss der dei ville få nærmare ordre av vice Admiral Gabel. 7.mai 1716 fekk skipperane kontrabeskjed, Slottsloven hadde funne ein ny metode å fordele dei svenske fangane på og trengte ikkje lenger skiparane til å frakte fangane til Bergen.¹⁷⁰ Etter forslag frå viseadmiral Gabel fann Slottsloven ein meir effektiv metode for å plassere dei svenske fangane i teneste.

¹⁶⁶ [Krigshandlingar Store nordiske kriget, SE/KrA/0388/14A/3. bild 52.](#)

¹⁶⁷ Blomqvist, *I want to stay*, 366.

¹⁶⁸ Stiftamtmanden i Bergen, SAB/A-100006/E/Ee/0174: Lnr.774 – Brev frå Magistraten i Bergen 1715-1717.

¹⁶⁹ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/Aa/L0007: Konsept til voteringsprotokoll, 1716-1717, s.85](#)

¹⁷⁰ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/Aa/L0007: Konsept til voteringsprotokoll, 1716-1717, s. 96](#)

Hr. Cammerherre og Vice Admiral Gabell proponerede, Ad efttersom mann her er embarrasheret med de mange svenske fanger, om da ikke Slodsloven fandt for raadeligst ad en 500 mand blev opsendt til Bergen mulig 100 ad gangen og undervegs tillædes borgere i kiobstaderne, og bønder deraf ad tage i deris tjeneste, saa mange de behøver, for hos dennem ad arbeide for deris føde, dog skal nu hver magistrat i kiobstaderne og fogderne paa Landet holde en rigtig liste over dem, hvormange en huer af dennem beholder, da en huer skal gifve sin quitering der for, og derudi ervie deris navne og at huad regiment de var, huilken liste saavel magistraten som fogderne til Slodsloven ad indsende.¹⁷¹

Slottslovens avgjersle blei sendt ut til magistratar og amtmenn på dei aktuelle stadane. Jørgen Böhme, overinspektør over Grevskapet Larvik mottok ordren av Slottsloven angående dei svenske fangane som skulle marsjere til Bergen. I brevet skriv Slottsloven at;

[...] her nu i NordSørens værende Escadre saa velsom andensteds enn stoer del Svenske fanger over 600 befindes; og man derfor maa være betenkt paa, hvad maade bemelte fanger best paa landet og i Kiøbstæderne kand vorde fordeelt dermed arbeide deres kost og underholdning at fortiene.¹⁷²

I ordren stod det at dei svenske fangane skulle marsjere tre ulike vegar til Bergen, ein tredjedel av fangane kvar veg i pulje på 50. På vegen skulle fangane bli ført av tilstrekkeleg vakthald med ein god førar som skulle føre dei frå stad til stad.¹⁷³ Brevet nemner derimot ikkje noko om kva eit tilstrekkeleg vakthald var eller kor mange personar det omfatta. I futedømma skulle fangane leverast til futen som skulle føre fangane vidare til neste fut med tilstrekkeleg vakthald. Angående underhaldning av fangane hadde kvar stads magistrat eller amts forvaltar ansvar for å forpleie fangane fram til neste stad.¹⁷⁴

Marsjeringsrute en frå Helgeroa til Bergen gjekk langs sjøstadene frå Stavern til Helgeroa til Langesund til Brevig til Porsgrund til Skien til Kragerø til Østre Risør til Arendal til Kristiansand til Mandal til Flekkefjord til Egersund. Frå Egersund skulle fangane marsjere over land til Stavanger der amtmannen skulle sørge for at fangane blei ført over «Eideren» for


¹⁷¹ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/Aa/L0007: Konsept til voteringsrotokoll, 1716-1717, s.91-92](#)

¹⁷² [SAKO, Larvik Grevskap, SAKO/A-1056/F/Ffb/L0018/0001: Spesielle saker, s.9](#)

¹⁷³ [SAKO, Larvik Grevskap, SAKO/A-1056/F/Ffb/L0018/0001: Spesielle saker, s.10](#) og [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/Aa/L0007: Konsept til voteringsrotokoll, 1716-1717, s.91-92](#)

¹⁷⁴ [SAKO, Larvik Grevskap, SAKO/A-1056/F/Ffb/L0018/0001: Spesielle saker, s.9](#)

deretter å marsjere nærmaste veg til Bergenhus festning.¹⁷⁵ Den andre ruta gjekk postvegen gjennom Stavanger til Bergen. Sannsynlegvis var postvegen til Stavanger vestlandsruta som gjekk frå Kristiania – Kristiansand-Stavanger- Bergen. I grove trekk følgde ruta til Kristiansand dagens E18 og derifrå til Stavanger E39.¹⁷⁶ Postvegen hadde fleire av dei same postane som Stavern-Bergen, men forskjellige startpunkt, Kristiania og Stavern. Sjølv om kjelda sa at fangane skulle marsjere tre forskjellige vegar skreiv Slottsloven i eine dokumentet at fangane «Under vegs paa deris tvende marcheringen» skulle ta teneste.¹⁷⁷ På bakgrunn av kommentaren verkar det sansyleg at dei nemnte rutene var den same, men med forskjellige startpunkt. Den siste vegen blei kalla Bergensruta og gjekk frå Kristiania, gjennom Valdres, over Filefjell ned til Lærdal og gjennom Gudvangen og Voss til Bergen.¹⁷⁸ Ei kjelde i Slottslovens møtebok seier at 250 mann marsjerte Stavern-Bergen, 125 mann postvegen frå Stavanger og 200 mann gjennom Akershus stift over Filefjell.¹⁷⁹



Bilde 1: Kart over marsjeringsrutene dei svenske fangane skulle førast frå 1716

Oransje rute: Kristiania – Filefjell – Bergen. Ca.380km i lufthinne. **Lilla rute:** Den Stavangerske postveg frå Kristiania – Bragernes, Brevig, Kristiansand, Stavanger – Bergen. Ca.592km i lufthinne. **Blå rute:** Stavern – Helgeroa, Langesund, Brevig, Porsgrunn, Skien, Kragerø, Østre Risør, Arendal, Kristiansand, Mandal, Flekkefjord, Egersund, Stavanger - Bergen. Ca.549km i lufthinne

¹⁷⁵ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/EI/L0054/0006: Forskjellige pakkesaker/Om svenske og norske krigsfanger, s.5](#)

¹⁷⁶ Hans Runge Kristoffersen (red.). *En Reise på Nordens eldste postveier*, (Lillehammer: Postens historiske samlinger, 2014), 114.

¹⁷⁷ [Larvik grevskap, SAKO/A-1056/F/Ff/Ffb/L0018/0001: Brev/Spesielle saker, 1716-1748, s.10](#)

¹⁷⁸ Sverre Steen, *Kristiania Postvesen, 1647-1921: et stykke av postens historie i Norge*. (Kristiania: Aschehough, 1923), 20.

¹⁷⁹ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/Aa/L0007: Konsept til voteringsrotokoll, 1716-1717, s.95](#)

¹⁸⁰ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/EI/L0054/0006: Forskjellige pakkesaker/Om svenske og norske krigsfanger, s.5 & SAKO, Larvik Grevskap, SAKO/A-1056/F/Ff/Ffb/L0018/0001: Spesielle saker, s.9](#)

Kartet illustrerer marsjeringsrutene som krigsfangane vandra i 1716 og truleg også utover i krigen då det kom fleire krigsfangar som skulle plasserast. Marsjeringsrutene er unøyaktige då eg har markert postane som er nemnt i kjeldene og dratt linjer mellom dei. Ei tolking av Bergen som sluttdestinasjon for marsjeringsrutene er at ein ynskja å sende fangane lengst mogleg vekk frå svenskegrensa. På den andre sida var marsjeringsrutene to av hovudpostrutene på starten av 1700-talet, det ville derfor vere naturleg å bruke dei og samtidig fordele fangane der det var behov. For å sikre at vaktene hadde kontroll over fangane på marsjeringsrutene skreiv Slottsloven til Jørgen Böhme og andre magistratar om at;

Skulle ellers nogen af disse fanger undervigs ville desertere, eller understaae sig nogen slags rebellion eller Insolentier at gjøre, skal det staae den hos dennem værende vagt frit for de skyldig, uden noget derfor at lide strax at nedskyde. Hvilket for fangerne hvorde passerer skal oplæses, og dennem kundgiøres.¹⁸¹

Anordninga gav vaktene løyve til å skyte fangane dersom fangane skulle lage opprør eller oppføre seg usømmeleg. Dette strida mot Christian Vs krigsrettsartikkel §132 «Ingen, enten høye eller lave Officerer maa lade Fanger, som ere lovede Pardon, dræbe[...]»¹⁸² Den harde straffa var truleg eit forsøk på å få fangane til å oppføre seg fint når dei skulle transporterast til dei forskjellige stadene og plasserast i distrikta. Vaktene skulle frakte med seg fangar i grupper opp mot 50 stykk. At fangane var klar over at dei kunne skytast dersom dei skulle motsette seg vaktene kunne fungere som eit verktøy for at dei skulle oppføre seg og førebygge konflikta på vegen. Med unntak av Kaptein Vossbein som kasta 14 menn over bord etter å ha forsøkt å rømme når han kapra fartøyet «Hummeren»,¹⁸³ har eg ikkje funne nokon kjelder som seier at fangar døydde eller blei skutt på vegen. Dette kan vere eit resultat av den strenge anordninga og at vaktene var humane. På den andre sida er det moglegheiter for at nokre er blitt myrda på vegen, men at det ikkje blei ført opp i dokumenta før i ettertid eller i det heile tatt. På den måten kunne ein tene pengar frå statskassa ettersom ein i praksis ikkje lenger hadde utgifter med fangen.

Skulle nu nogen af andvaanerne eller Borgerskabet i Kiøbstæderne, eller Præster, proproetariet eller bønder, paa landet af disse fanger behøve nogle til deris Brug, drift og tjeneste, staaer det enn hver frit for, af disse fanger at tage saa mange, som de behøver,

¹⁸¹ [SAKO, Larvik Grevskap, SAKO/A-1056/F/Ffb/L0018/0001: Spesielle saker, s.10](#)

¹⁸² Christian V, *Krigs-Artikels-Brev og Krigsrets Instruction*, 64.

¹⁸³ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/Aa/L0006: Konsept til voteringsprotokoll, 1714-1715, s.289](#)

hvilke da intet vidre enn deris underholdning nyder, dog skal enn hver andvaaner eller Borger i Kiøbstæderne som deraf nogen i tjeneste tager, derfor til Stædts Magistrat eller Øfrighed give sin qvitering, og der udi nefne fangernis Nafne, alder og hvar Regiment de haver været af; og paa samme maade skal det forholdes med denmen, som paa landet tjeneste maatte tage, da de vedkommende som dem anmanner deris qvitering iligemaade derfor til hver Stæds Amtsforvalter eller foged giver af hvilke qviteringer amtsforvalterne i grifskaberne, Magistraten i Kiøbstæderne og fogderne paa landet tager enn Extract, hos hvem samme ganger tjeneste haver taget og derfor deris Nafne, alder, og af hver regiment anfører derne hver for sit stæd til Slottsloven fordeligst haver at indsende; og hvilke af dye penger, under vegs paa deris tvende marcheringen tjenste bekommer.¹⁸⁴

På veg til Bergen og i Bergen blei fangane fordelt for å arbeide for deira føde. Etter Fredrik IVs anordning skulle kvar borgar kvittere for fangane dei tok til seg. I SAKO ligg det fleire brev frå norske borgarar i Larvik som opplyser om at vedkomande hadde tatt til seg ein svensk fange i si teneste. Slike dokument har ikkje dukka opp andre stader i kjeldematerialet. Ei av årsakene kan vere at det ikkje var alle som kunne skrive på den tida. Sjølv om mange kunne lese var prosentdelen som kunne skrive lågare og var eit seinare steg i alfabetiseringsprosessen.¹⁸⁵ På den andre sida kan kjeldene ha forsvunne eller blitt øydelagde med tida. I tillegg skulle landets magistratar og futar lage lister over svenske fangar ein hadde tatt i teneste etter Slottslovens ordre.¹⁸⁶ I praksis var majoriteten plassert rundt om i landet i teneste. Av alle fangane er det kun eit fåtal som eksplisitt blir nemnt og kan plasserast hjå norske borgarar basert på dokumenta som er nytta. Stort sett var desse i arbeid i Bergens distrikt og Larvik. [Sjå vedlegg 4.](#) for tabell over fangar i teneste.

Etter at fangane var plassert rundt om i Noreg, blei det i 1716 oppretta ei «Lista vaa De Svenske Fanger som befindis at vere udi adskillige Kiobsteder forlagt her udi Norge».¹⁸⁷ Lista ramsar opp 544 krigsfangar fordelt på byane Kristiansand, Bergen, Trondheim, Kristiania, Larvik, Strømsø, Moss og Fredrikstad.

Etter ordre frå Slottsloven til magistraten i Tønsberg 29.april 1716 skulle dei svenske fangane i Holmstrand og Tønsberg sendast til Larvik og derifrå førast til Bergen.¹⁸⁸ Frå

¹⁸⁴ [SAKO, Larvik Grevskap, SAKO/A-1056/F/Ffb/L0018/0001: Spesielle saker, s.10](#)

¹⁸⁵ Fet, *Lesande bønder*, 24.

¹⁸⁶ [SAKO, Larvik Grevskap, SAKO/A-1056/F/Ffb/L0018/0001: Spesielle saker, s.10](#)

¹⁸⁷ [Krigshåndlingar Stora nordiska kriget, Krigsfångar, SE/KrA/0388/14A/1a, bild.6](#)

¹⁸⁸ [Larvik grevskap, SAKO/A-1056/F/Ff/Ffb/L0018/0001: Brev/Spesielle saker, 1716-1748, s.31](#)

Tønsberg blei 44 fangar ført med vakthald av borgarskapet i Tønsberg til Sundby, frå Sundby førte borgarskapet i Sundby fangane vidare til Haukerød som til slutt førte fangane til overinspektør Böhme i Larvik 2.mai 1716. Av dei 44 fangane «[...]27 af dem, er her lefverit med blaa kioler paa, og de andre uden kioler,[...]».¹⁸⁹ Ein mogleg årsak er at 27 av dei var innrullert i den svenske hæren og hadde uniform, medan resten kanskje ikkje var det. I løpet av april og mai 1716 blei 122 svenske fangar ført til Larvik frå Bragernes (22 + 28 i to puljar), Jarlsberg grevskap (30) og Tønsberg (44) og blei derifrå distribuert vidare. Fleire i grevskapet Larvik tok også til seg svenske fangar som arbeidskraft. 25 svenske fangar blei tatt i teneste hos bebruarane i Larvik samt 3 av skipper Hans Pedersen, 29 hos allmugen på landet, 16 sendt til København med Fregatten «Hvide Ørn», 46 marsjert vestover etter Slottslovens ordre av 7.mai og 3 var sjuke og blei igjen i Larvik då dei ikkje kunne marsjere vestover.¹⁹⁰

Frå Bergenhus festning blei krigsfangane plassert til underliggande stader. Eit dokument datert 17.okt 1716 gjev ein oversikt over 78 svenske fangar som blei utsendt frå Bergen til forskjellige delar av distriktet.¹⁹¹ Etter eit varierende opphald i Bergen frå 24 til 26 dagar blei 29 svenskar sendt til Sundfjord 28.juni. Til Sundhordlen og Hardanger Futedømme blei det sendt 13 svenskar som hadde oppheldt seg i Bergen frå 95 til 98 dagar, og til Nordhordland blei det utplassert 35 svenskar som hadde oppheldt seg på festningen mellom 26 og 101 dagar. 2 krigsfangar blir derimot igjen i Bergen på grunn av deira svakheit og fekk underhaldning der.

Eit spørsmål ein kan stille var om krigsfangane fekk annleis behandling på bygdene og i teneste hjå norske borgarar enn på festningane. Ifølge Austestad skal dei svenske fangane på mange måtar ha hatt det betre på Bergenhus festning og i felttoget enn på bygdene, der «Fangane vart gislar og syndebukkar for unggutane på bygdene som deltok i krigen på norsk side».¹⁹² Likeins skriv Jo Rune Ugulen at «Livet som fange ute i futedøma var neppe spesielt godt» og omtalar dei svenske fangane som slavar som måtte arbeide under harde forhold med dårlege klede.¹⁹³ Eg har funne få til ingen kjelder som detaljert omtalar forhalda fangane hadde i teneste på bygdene. Likevel kan kommentarar i dokumenta gje eit bilde av at behandlinga dei svenske fangane blei utsett for til tider var hard. På den andre sida fekk fangane klede og forpleiing, og blei som nemnt tidlegare truleg behandla på same måte som dei andre arbeidarane

¹⁸⁹ [Larvik grevskap, SAKO/A-1056/F/Ff/Ffb/L0018/0001: Brev/Spesielle saker, 1716-1748, s.32](#)

¹⁹⁰ [Larvik grevskap, SAKO/A-1056/F/Ff/Ffb/L0018/0001: Brev/Spesielle saker, 1716-1748, s.43](#)

¹⁹¹ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/EI/L0054/0006: Forskjellige pakkesaker/Om svenske og norske krigsfanger, s.14](#)

¹⁹² Atle Austestad, *Nils Stålby- Karolinen i Samnanger* (Øystese: Friske Tankar AS, 1995), 57.

¹⁹³ Ugulen, «Fram... og tilbake igjen?», 44-45.

då det var behov for dei. At fleire blei igjen i Noreg, fortsette i arbeidet dei hadde i teneste og gifta seg med norske damer talar for at nokre også må ha hatt det bra.

21.mai sendte Slottsloven ein ordre til statsråd Adeler, amtmann Lindberg og magistraten i Skien om at 236 svenskar skulle fordelast, halvparten i Kristiansand, og andre halvparten i Skien for å arbeide for deira føde.¹⁹⁴ Trass i at mange hadde behov for arbeidskraft fortel dokumenta også at det ikkje var alle som verken ville eller hadde moglegheiter til å ta imot svenske krigsfangar. 25.september 1716 skreiv Adeler, stiftamtmann over Kristiansand til Slottsloven «[...] ad bønderne paa landet udi hans ambt ikke kann tage imod de svenske fanger, saasom de ingen arbeide haver ad gifve dem, frygter og for ad de skal sammenrode sig og forøver mord og Ildebrand.»¹⁹⁵ Ut ifrå sitatet kan det sjå ut til at kristiansandarane frykta for dei svenske fangane, i alle fall dersom det var mange på same stad. Dersom dei faktisk ikkje hadde arbeid til fangane ville det bli ei ekstra belastning for allmugen å ta til seg fangane. Slottsloven svarte derimot at fangane uansett måtte fordelast på landet, men at fangane i Kristiansand stift skulle plasserast andre stader så snart svenske fangar blei sendt til Danmark.¹⁹⁶

16.oktober 1716 sendte Statsråd Adeler brev om at 62 mann var fordelt i Nedenes futedømme og 58 i Råbyggelagets futedømme for å arbeide for deira føde, men at det framleis var 150 krigsfangar att på festningen i Kristiansand. Det blei difor sendt ein ordre til amtmannen over Lister og Mandal, Povel Juel 23.oktober om å fordele fangane på festninga i amtet.¹⁹⁷ Ein månad seinare skreiv generalauditor Gottsche til Slottsloven og fortalte at dei svenske fangane i Kristiansand framleis blei underhaldt og belasta kongens kasse med 12 riksdalar dagleg. Gottsche sa indirekte at dei svenske fangane ikkje var fordelt i amtet. Han bad difor om at dei verande militære, trossdrengrar og fangane som skulle utvekslast kunne fraktast med fregatt, då fangane ikkje kunne fraktast til utveksling med båtar eller førast til lands på grunn av årstida.¹⁹⁸ Amtmann Juel fekk på ny ordre om å distribuere dei fangane som blei att i amtet.¹⁹⁹ General Løytnant Lützow skreiv til Slottsloven 22.desember at Povel Juel endå ikkje hadde fordelt krigsfangane i amtet sitt. Til dette svarte Slottsloven at dersom han ikkje fordelte fangane ville utgiftene med å halde dei på festninga bli hans ansvar.²⁰⁰ Det er ingen kjelder som direkte seier at fangane blei fordelt av Povel Juel. Ei kjelde frå 1717 fortel at fangar frå Povel Juels amt

¹⁹⁴ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/Aa/L0007: Konsept til voteringsprotokoll, 1716-1717, s.119](#)

¹⁹⁵ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/Aa/L0007: Konsept til voteringsprotokoll, 1716-1717, s.167](#)

¹⁹⁶ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/Aa/L0007: Konsept til voteringsprotokoll, 1716-1717, s.167](#)

¹⁹⁷ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/Aa/L0007: Konsept til voteringsprotokoll, 1716-1717, s.173](#)

¹⁹⁸ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/Aa/L0007: Konsept til voteringsprotokoll, 1716-1717, s.182](#)

¹⁹⁹ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/Aa/L0007: Konsept til voteringsprotokoll, 1716-1717, s.182](#)

²⁰⁰ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/Aa/L0007: Konsept til voteringsprotokoll, 1716-1717, s.209](#)

skulle marsjere til utveksling før dei fekk kontrabeskjed om å marsjere tilbake til deira innkvarteringar.²⁰¹ Det kan difor tenkast at Juel innkvarterte fangane hjå allmugen.

Det kan være fleire årsaker til at Juel ikkje fordelte fangane i amtet sitt. Dersom bøndene og godseigarane i amtet ikkje hadde arbeid til fangane, kunne det bli ein ekstra belastning og utgift for allmugen om dei måtte ta fangane til seg. Å fordele fangane ville avlaste staten den økonomiske tyngda ved å halde fangane, men ville føre belastningane over på distrikta. Å halde fangane igjen på festninga kunne difor spare befolkninga for byrdene. På den andre sida kan Slottsloven ha mangla autoritet. Juel følgde ikkje Slottslovens ordre i fleire saker som resulterte i at han i 1718 med eit kongebrev blei suspendert frå amtmannsembetet.²⁰² 8.mars 1723 blei Juel avretta, både handa og hovudet blei hugga av etter at det blei oppdaga at Juel stod bak ein samansverjing med Tsar Peter og den Gottorpske hertugen, som planla å erobre Grønland, nordatlantiske rådevelde og Noreg.²⁰³

Utfordringar med å plassere offiserane

Kjeldene syner at ein hadde utfordringar med å plassere Offiserane i Noreg. Ifølge Blomqvist var den danske og svenske krona opptatt av å bryte opp den militære strukturen i fangenskap ved å skilje offiserane frå dei meinige soldatane.²⁰⁴ Ei årsak og konsekvens av å skilje offiserane frå dei meinige var at soldatane blei tvunge til å individuelt forhandle om sin posisjon i samfunnet, spesielt med integrasjon gjennom arbeid. Dette kunne på den andre sida by på utfordringar i plassering av offiserane ettersom ein ynskja å skilje dei frå dei meinige soldatane.

Etter det første felttoget i 1716 blei det sendt svenske offiserar og underoffiserar til Akershus festning. Kommandanten på festninga skreiv 11.mai 1716 til Slottsloven og informerte om at han ikkje hadde plass til å innkvartere dei svenske offiserane, 27 underoffiserane og 6 offisersdregane som han hadde fått tilsendt, og førespurte om dei kunne sendast ein anna plass.²⁰⁵

Det blei bestemt at offiserane skulle førast til Trondheim. Slottsloven bestemte at oberstløytnant RydingsSverd skulle sitte i god forvaring på slottet på Akershus, medan dei andre offiserane skulle fraktast til Trondheim.²⁰⁶ Offiserane skulle forpleie seg sjølv på vegen,

²⁰¹ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/EI/L0052/0003: Forskjellige pakkesaker/Om utgifter med svenske fanger, 1710-1714, s.189-190](#)

²⁰² Constantius Flood, *Povel Juel: en Levnetbeskrivelse*. (Kristiania: Mallings Boghandles forlag, 1876).

²⁰³ Andersen, *Triumf og tragedie*, bind 2, *Store Nordiske Krig*.

²⁰⁴ Blomqvist, *I want to stay*, 366.

²⁰⁵ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/Aa/L0007: Konsept til voteringsprotokoll, 1716-1717, s.102-105](#)

²⁰⁶ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/Aa/L0007: Konsept til voteringsprotokoll, 1716-1717, s.103](#)

medan underoffiserane og offisersdregane skulle få underhaldning. Det blei difor sendt ordre til casseren Weybye om å ordinere underhaldning for 33 svenske fangar som skulle marsjere til Trondheim, 6 skilling dagen i tre veker.²⁰⁷ Med tilstrekkeleg vakthald skulle fangane marsjere frå slottsfuten Hans Bang til futen på nedre romarrike og vidare frå fut til fut til Trondheim. Krigsfangane marsjere i tre ulike puljar, først marsjerte over offiserane, to dagar etterpå halvparten av underoffiserane og drengane og to dagar etter det igjen skulle dei resterande marsjere.²⁰⁸ Av kjeldemappene som blei nytta frå statsarkivet i Trondheim var det få til ingen dokument var relevante og fortalte om krigsfangar i Trondheim i denne krigen. Difor nemner denne masteroppgåva lite om fangane som blei oppheldt i stiftamtet. Det er likevel moglegheiter for at det kan ligge relevante kjelder i andre kjeldemapper i statsarkivet.

Etterkvart som det kom fleire krigsfangar i åra etter det første felttoget blei krigsfangane distribuert i teneste hjå norske borgarar på same måte som i 1716, utveksla eller sendt til Danmark. Vanskar med å halde på Offiserane i Noreg fører til slutt til at majoriteten blei sendt til Danmark.

3.1.3 Ut av landet

Svenske fangar sendt til Danmark

5.mai 1716 sendte kongen ein ordre om at alle svenske fangar skulle overførast til Jylland.²⁰⁹ Når ordren kom fram var militærapparatet i Noreg i full sving med å plassere krigsfangane i Noregs stift og amt. Det blei likevel sendt ein god del fangar til Danmark. I *Bergensposten* skriv Torstein Bertelsen at «De fleste av (krigsfangane) ble seilt over til Nord- Jylland hvor de var godt unna veien, men små grupper ble fordelt til festningene rundt i Sør-Noreg som et propagandafremstøt for å vise befolkningen at krigen mot svenskene hadde en viss fremgang».²¹⁰ Dokument nemner tal og namn på svenskar som skulle fraktast til Danmark. Totalt blei 107 svenske fangar ført opp i lister som skulle til Danmark. [Sjå vedlegg 5](#) for tabell over fangar som dokumenta eksplisitt nemner med namn som skulle sendast til Danmark. Kanskje det ligg rullar over innkomne svenske fangar frå Noreg i Danmark som kan kaste lys over kor mange som faktisk blei sendt ned.

²⁰⁷ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/Aa/L0007: Konsept til voteringsprotokoll, 1716-1717, s.103](#)

²⁰⁸ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/Aa/L0007: Konsept til voteringsprotokoll, 1716-1717, s.105](#)

²⁰⁹ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/Aa/L0007: Konsept til voteringsprotokoll, 1716-1717, s.130](#)

²¹⁰ Bertelsen, «Saaledes som brugelig er mellem civiliserede Nationer», 18.

Svenskar skal ha blitt transportert til Danmark allereie 23.oktober 1711 med konvoi etter Løvendal sin ordre.²¹¹ I tillegg til fleire gongar før 1716. Ein proposisjon frå Slottsloven 16.september 1716 sa at kommandør Reesen var blitt befalt å sørge for at dei svenske fanga offiserane og meinige i Larvik skulle førast med fregattar og Snaver til Fladstrand, dagens Frederikshavn i Danmark, etter hans danskekongens befaling av 28.august. På fartøya skulle fangane etter Slottslovens ordre av 30.oktober 1716 forpleiast med 6 skilling dagen²¹² og leverast til Statsråd og stiftamtman Baron Gersdorff i Danmark.²¹³

4.november skreiv Lützow til overinspektør Böhme og informerte om at ein hadde byrja å frakte svenske fangar til Danmark, men ettersom ein ikkje hadde nok forpleiing til svenskane på overfarten var nøydt til å ta ein pause fram til ein fekk nok mat til å forsørgje fangane.²¹⁴ I brevet informerte Lützow også om at Generalauditør Gottsche og proviantforvaltar Alsback skal ha ordna med forpleiinga slik at ein kunne fortsette med transporterenga.

Aangaaende de Svendske fangers over: Transportering til dannemark, haver jeg glemmt, at mentionere til (?) hr: Ober Inspecteur, at Svenske Liutenanter, som der sig opholder ey maae oversendes, før end kand nermere derom tilskrives.»²¹⁵ Underskrive Gottsche 27.november 1716 i Kristiania. Sendt til overinspektør Böhme i Larvik grevskap.

14. desember 1716 sendte Lützow eit brev til overinspektør Böhme om at det ikkje var rådeleg å ha dei svenske offiserane i Noreg og at vedkommande bør fraktast til Danmark slik at ein blei kvitt dei i Noreg.

saa vidt ieg kand vedkomme besynderlig da mand udi disse Tider ey finder raadelig at lade de Svenske fangne officierer forblive udi Aggershuus festning, er der giort den anstalt, at de samme til Staverns festning skal henbringes, Thi vilde derfoer hr.Ober Inspecteur behage, naar disse samme Svenske fangne officerer der ankommer, at besørge den anstalt og see der hen, det de saa ufortøvet til Dannemark kand blive over bragt, paa det mand her i landet Kand blive dem quit.²¹⁶

²¹¹ Andersen, *Triumpf og tragedie*, bind 2, *Store Nordiske Krig*.

²¹² [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/Aa/L0007: Konsept til voteringsprotokoll, 1716-1717, s.178](#)

²¹³ Larvik Grevskap, SAKO/A-1056/F/Ffb/L0018/0001: Brev/Spesielle saker, 1716-1748

²¹⁴ [Larvik grevskap, SAKO/A-1056/F/Ff/Ffb/L0018/0001: Brev/Spesielle saker, 1716-1748, s.150](#)

²¹⁵ [Larvik Grevskap, SAKO/A-1056/F/Ff/Ffb/L0018/0001:Brev/Spesielle saker, 1716-1748 s.153](#)

²¹⁶ [Larvik grevskap, SAKO/A-1056/F/Ff/Ffb/L0018/0001: Brev / Spesielle saker, 1716-1748, s.159-160](#)

Dagen etterpå sendte Slottsloven ut ein ordre om at offiserar i landet skulle fraktast til Frederikshavn i Danmark, jo før jo betre.²¹⁷ Fangane skulle transporterast til havs av sjøoffiserar, som ifølge Lützwow ikkje skulle ha noko imot det ettersom det var kongens befaling å få sendt over dei svenske fanga offiserane. Det var ein gylden moglegheit til å få sendt fangane då fleire skip under kommando av kommandør Reesens skulle segle til Danmark.²¹⁸ Fangane kunne då fraktast med konvoi, eit tryggare alternativ enn å segle over til Danmark åleine. Løvendal hadde også sendt ut ein ordre 12.februar 1712 der han forbydde skip å reise utan konvoi. Om ein reiste åleine likevel og blei tatt, kunne ein ikkje rekna med å bli utveksla mot dei svenske fangane i Noreg.²¹⁹ Den andre moglegheita Lützwow foreslo for å sende fangane over til Danmark utanom konvoisystemet var å sende fangane med postfartøya.²²⁰ Det blei kommunisert til alle offiserane på postbåtane at «[...] hver gang de gaar over med brefuene, med sig at tage Saa mange Svenske Fanger som dem synes de forsvarligen og Sikker kand overbringe[...]».²²¹

Svenske fangar som blei heldt i Kristiania og Fredrikstad blei ført til Larvik og derifrå frakta til Danmark med andre svenske fangar.²²² I 1716 skal ni fangar ha blitt sendt til Frederikshavn med Snaven «Mercurius» 14.november,²²³ 18 fangar med orlogsskipet «Jytteborg» 23.nov²²⁴ og 16 fangar med fregatten «Hvide Ørn» frå Larvik.²²⁵ I tillegg ligg det ei liste som ramsar opp tretten svenske fangar som var i teneste i Larvik og som skulle sendast til Danmark. Nokre av dei som er nemnt på lista er nemnt i andre kjelder og på kvitteringar over at dei er blitt levert til fartøya. Det er derimot fem fangar som har eit kryss på linja si og som ikkje er nemnt i andre kjelder. Ein av fangane, Enner Rörmand, dukkar opp i ei kjelde frå 1734 i Larvik. I kjelda står det at han er gift og har tatt borgarskap på Torstrand i Larvik.²²⁶ Det kan difor tenkast at dei fem fangane med kryss på linja si blei igjen i Larvik sjølv om dei var beordra til å reise til Frederikshavn.

Ein kan difor spekulere i kvifor svenskane blei igjen, om dei fekk velgje sjølv eller om dei norske borgarane ynskja å halde dei i si teneste. At ein av dei, om ikkje fleire, fant seg ei norsk kvinne kan også ha vert ein faktor til at vedkomande fekk bli i Noreg i staden for å sendast

²¹⁷ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/AA/L0007: Konsept til voteringsprotokoll, 1716-1717, s.195](#)

²¹⁸ [Larvik grevskap, SAKO/A-1056/F/Ff/Ffb/L0018/0001: Brev / Spesielle saker, 1716-1748, s.159-160.](#)

²¹⁹ Schiøtz, *Elleveårskrigens militære historie*, bind 3, 344.

²²⁰ [Larvik grevskap, SAKO/A-1056/F/Ff/Ffb/L0018/0001: Brev / Spesielle saker, 1716-1748, s.159-160](#)

²²¹ [Larvik grevskap, SAKO/A-1056/F/Ff/Ffb/L0018/0001: Brev / Spesielle saker, 1716-1748, s.148](#)

²²² [Larvik grevskap, SAKO/A-1056/F/Ff/Ffb/L0018/0001: Brev/Spesielle saker, 1716-1748, s.162](#)

²²³ [Larvik grevskap, SAKO/A-1056/F/Ff/Ffb/L0018/0001: Brev / Spesielle saker, 1716-1748, s.167](#)

²²⁴ [Larvik grevskap, SAKO/A-1056/F/Ff/Ffb/L0018/0001: Brev / Spesielle saker, 1716-1748, s.171](#)

²²⁵ [Larvik Grevskap, SAKO/A-1056/F/Ff/Ffb/L0018/0001:Brev/Spesielle saker, 1716-1748, s.43](#)

²²⁶ [Larvik grevskap, SAKO/A-1056/F/Ff/Ffb/L0018/0001: Brev / Spesielle saker, 1716-1748, s.204](#)

til Danmark. Om det var den eine eller andre årsaka var det truleg betre å la fangane vere igjen i Noreg for å arbeide dersom dei hadde byrja å integrere seg og likte seg i området, enn å sende dei til Danmark og risikere at dei ikkje oppførte seg like fint der.

Svenske fangar sendt til Sverige

Svenske fangar blei også sendt til Sverige gjennom forskjellige utvekslingar. Angrepet i Fredrikstad 4.juli 1716 førte til at 190 svenske fangar; tre kapteinar, fem løytnantar, tretten offiserar, 166 korporalar og meinige og tre kapteinsdrengar hamna i arresten på Fredriksten festning.²²⁷ I tillegg til ytterlegare fangar frå andre trefningar. Etter felttoget i 1716 skal ca. 392 fangar ha blitt utveksla. Utvekslingane fortsette fram mot krigens slutt. Dette blir diskutert i kapittel 5. Offiserar kunne også få reise heim til Sverige før dei blei utveksla på permisjon under visse føresetnadar og deretter bli utveksla frå Sverige med tida. I det dansk-svenske kartellet frå 1713 var ein av føresetnadane for at offiserane fekk reise heim i bytte mot parole at dei ikkje fekk ta teneste under kongen igjen før dei var blitt utveksla. Føresetnadane blei derimot ikkje alltid overhaldd, til dømes nemner generalstaben at russarane skal ha klaga på at svenske offiserar tok teneste før dei blei utveksla.²²⁸ I det svenske arkivet ligg ei kjelde som fortel om tolv svenske offiserar som var fanga i Noreg etter felttoget i 1716 og 1717 og kunne reise heim til Sverige på permisjon.²²⁹ [Sjå vedlegg 6](#) for tabell over svenske offiserar som fekk reise heim til Sverige.

Sjølv om offiserar blei beordra til Danmark, nokre blei utveksla og andre fekk reise heim til Sverige på permisjon sat der framleis offiserar igjen i Noreg. Døme er Axel Löwen som satt på festningen Christiansholm i Kristiansand frå 1716 til 1719 då han blei utveksla. Axel Löwen var ifølge Stylegard svenskekongens yndling og ein verdifull fange.²³⁰ Å flytte Löwen til Danmark ville difor vere risikabelt når han satt trygt i Noreg. Offiseren forsøkte å bli flytta til Hamburg eller Glückstad i Tyskland, men danskekongens oversekretær svarte at «Løven er en farlig knekt som sitter trygt i Kristiansand, om han da ikke heller skulle sendes til Munkholmen.»²³¹ Löwen blei ikkje flytta før utvekslinga i 1719.

²²⁷ [Krigshandlingar Stora nordiska kriget, SE/KrA/0388/14A/1b:Krigsfångar, bild 39](#)

²²⁸ Generalstaben, *Bidrag til Den Store Nordiske Krigs Historie*, bind 5: 252

²²⁹ [Krigshandlingar Stora nordiska kriget, SE/KrA/0388/14A/1b: Krigsfångar, bild 88](#)

²³⁰ Stylegar, *Fangen på Christiansholm*, 75.

²³¹ Stylegar, *Fangen på Christiansholm*, 75.

3.2 Forpleiing

Krig er dyrt, og som Dan H. Andersen skriv «ingen krig uden penge».²³² Det var fleire økonomiske aspekt ved å halde krigsfangar. Ein kunne nytte dei som arbeidskraft i ei tid der det var stort behov for arbeidarar, samstundes som ein hindra motstandaren frå å kunne nytte fangane som soldatar. Ein kunne tene pengar på at fienden kjøpte fangane fri, men på den andre sida var det utgifter med å forpleie fangane. Forpleiing innebar å sørge for at fangane fekk mat og drikke, medisin, losji og sørge for andre grunnleggande behov dei hadde i fangenskapet. Under den spanske arvefølgekrigen (1701-1714) måtte britane forsørge sine egne som satt i fangenskap i Spania og Frankrike. Dersom britane ikkje klarte å livnære sine egne risikerte dei at fangane deserterte eller døydde. Manglande evne til å forsørge sine egne var i tillegg ein verdifull symbolsk kapital for fangehaldarane.²³³ Å sende pengar over fiendegrensene kunne by på store utfordringar, britane lykkast med å sende pengar til sine egne gjennom å flette seg inn i vide internasjonale handelsnettverk med hugenottar og jakobittar som kryssa grensene.²³⁴ I den store nordiske krig var situasjonen annleis då Noreg måtte forsørge dei svenske krigsfangane.

I kong Frederik IVs «Anordning om de Svenske Fangers Underholdning med videre» datert 8.april 1715, står det at svenskane ikkje hadde forpleia sine egne etter vanlege krigsmanerar.²³⁵ På bakgrunn av dette og forpleiinga i den spanske arvefølge krigen som omtalt ovanfor, ser det ut til at det var standard praksis å forpleie sine egne i fangenskap i samtida. Det fall difor på Danmark og Noreg å sørge for dei svenske krigsfangane og som utvekslingskjeldene viser betalte den svenske sida for norske og danske fangar.

Vi ugierner maa fornemme, hvorledes de Svenske Fanger, hvilke siden deres Overgivelse ud af Fæstningen Tønningen sig i Vore Lande befinder, formedelst de hverken efter den oprettede Capitulation ere blevne ranconnerede, ej heller, som efter alle Folkes Krigs-Maneer og Bruug skee burde, har fra den Svenske Side nydt nogen Forpflegning[...]. Da som Vi fra den Svenske Side endnu ej seer for dem til deres Subsistence nogen hjælp eller Redning, og VI dog alligevel med de Fattige og af deres egen herre forladte Fanger,

²³² Andersen, *Store planer*, bind 1, *Store Nordiske Krig*.

²³³ Graham, "Huguenots, Jacobites, Prisoners and the Challenge og Military Remittances in Early Modern Warfare",

²³⁴ Graham, "Huguenots, Jacobites, Prisoners and the Challenge og Military Remittances in Early Modern Warfare", 175

²³⁵ *Kong Friderich den Fierdes allernaadigste Forordninger og aabne Breve fra den 26. Augusti Aar 1699 Aar 1715 udgangne*, 14-16.

bærer særdeles Medynksomhed, og gierne seer dem reddet af den Nød og Trang, hvorudi de alleneste formedelst deres uchristlige haardhet, for hvilke de haver vovet Liv og Blod, med Tiden udi maatte gerande.²³⁶

I arkiva ligg fleire dokument som viser utgifter knytt til dei svenske fangane. Utgiftene blei dekket av forskjellige fartøy, proviantforvaltarar, lokale instansar som magistratar, futar, lensmenn og andre. Kostnadane ved å halde krigsfangar skulle derimot dekkast av krigskassa, men dette kravde kvittering som synte at ein hadde hatt utgifter. Proviantforvaltar Svend Olsen skal i 1714 ha betalt underhaldning for ein svensk matros i sju dagar, men fekk beskjed av generaløyntnant Hausmann at dersom han ikkje hadde kvittering ville kostnadane Olsen har hatt med fangen ikkje bli dekket.²³⁷ I ei kjelde frå Kristiansand skriv De Ferry at han forsikra seg om utgiftene proviantforvaltaren hadde hatt stemte med å spørje fangane om dei hadde fått utbetalt underhaldning, noko fangane bekrefta at dei hadde.²³⁸ Kvittering over utgifter med fangar var truleg nødvendig for å unngå svindel av krigskassa, og kanskje til og med eit resultat av at fleire tidlegare har forsøkt å lure til seg ekstra pengar ved at ein skreiv opp meir enn ein hadde brukt. På den andre sida kan krigsfangane ha fått mindre enn det som var oppført. Systemet var basert på tillit. Det er difor mogleg at somme kan ha utnytta systemet.

I løpet av krigen blei det jamleg sendt ut ordre om å sende inn lister over dei svenske fanganes underhaldning. Eit døme er ei kjelde frå Akershus som viser spesifisering over 308 svenske krigsfangar som blei underhaldt i ulike periodar ved Akershus festning i tidsrommet 1710 til 1713. Sum for svenskanes underhaldning var 1849 riksdalar og 10 skilling,²³⁹ som tilsvara ca. 857 977,98 kr i dag ifølgje Noregs Banks priskalkulator.²⁴⁰ Fangane blei vanlegvis forpleia med 6 danske skilling dagen, som nemnt i fleire av ordrane og er gjennomgåande frå starten til slutten av krigen. Dette kjem til syne hjå Proviantforvaltar Johan Valentin Wetzel som etter ordre av 19.oktober 1711 oppretta liste over utgifter ved fangane og skriv «hvilke af mig er betalt Eftter ordonancen hver 6 (skilling) om dagen[...]».²⁴¹

²³⁶ Kong Friderich den Fierdes allernaadigste Forordninger og aabne Breve fra den 26. Augusti Aar 1699 Aar 1715 udgangne, 14-16

²³⁷ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/EL/L0052/0003: Forskjellige pakkesaker/Om utgifter med svenske fanger, 1710-1714, s.70](#)

²³⁸ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/EI/L0052/0003: Forskjellige pakkesaker/Om utgifter med svenske fanger, 1710-1714, s.79](#)

²³⁹ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/EI/L0052/0003: Forskjellige pakkesaker/ Om utgifter med svenske fanger, 1710-1714, s.3.](#)

²⁴⁰ Norges Bank, «Priskalkulator».

²⁴¹ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/EI/L00052/0003: Forskjellige pakkesaker/Om utgifter med svenske fanger 1710-1714, s.80](#)

Likevel dukkar det opp unntak. I den nemnte kjelda frå Akershus blei båtsmennene Peder Caspersen og Arent Alfsen forpleia med 8 skilling dagen.²⁴² Dette er merkeleg ettersom majoriteten blei forpleia med 6 skilling samt personar med høgare stilling enn båtsmenna. Likeins ser ein i 1718 i Nordfjord at 51 svenske fangar skal ha blitt forpleia med 8 skilling før dei blei sendt vidare til innkvartering i området.²⁴³ I Slottslovens voteringsprotokoll 1716 har dei godkjent forpleiing av svenskar med 10 skilling dagen og 16.mai sendt godkjenninga til proviantforvaltaren i Stavanger og Larvik.²⁴⁴ Kjeldematerialet syner verken at dei svenske fangane i Larvik eller Stavanger blei forpleia med 10 skilling dagen etter godkjenninga. Ein kan difor ikkje fastslå om ordren blei følgt i praksis. At summen for fangane si forpleiing kunne variere kan skuldast varierende pris på matvarene, at fangane hadde behov for medisn, klede og lys eller at nordmenn førte opp andre summar for å tene ekstra pengar.

Dette syner at praksisen med forpleiing av fangane har variert i tid og rom. Dette inneber at de var ulik praksis for fangane si forpleiing utifrå kvar dei var og når dei var der. I ei kjelde frå Kristiansand frå 1711 skal fangane ha blitt forpleia med 6 skilling dagen.²⁴⁵ I 1717 derimot skal fangane i ein periode ha fått to skilling dagen i tillegg til brød, fram til Kommandant de Ferrys ordre av 12.juni 1717 då fangane skulle få 4 skilling dagen.²⁴⁶ Det kan tenkast at fangane hadde moglegheit til å kjøpe andre matvarer i tillegg til brødet dei fekk med pengane dei fekk utlevert.

Fleire kjelder nemner at fangane skal ha blitt forpleia med brød. Dagsrasjonen for ein soldat i den danske hæren var mellom 1,5-2 pund brød,²⁴⁷ som tilsvara mellom ca. 0,68kg til 0.91kg. Brødet blei kalla for kommisbrød eller soldatbrød og var grovt rugbrød.²⁴⁸ Dei danske soldatane kunne også kjøpe andre matvarer i marketenderier. På festningen Munkholmen skal fangane ha blitt forpleia med 1,5 skålpund bløtbrød kvar dag, som tilsvara ca. 642,96 gram.²⁴⁹ Det kan tenkast at ein dagsrasjon brød for ein soldat også gjaldt for fangane. Dersom fangane berre fekk brød levde dei på einsformig kost og risikerte å få skjorbuk. Ifølge Olof Blomqvist i

²⁴² [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/EI/L0052/0003: Forskjellige pakkesaker/Om utgifter med svenske fanger, 1710-1714, s.12](#)

²⁴³ [Kommanderende general \(KG I\) med Det norske krigsdirektorium , RA/EA-5419/E/Eb/L0015: Diverse, 1716-1719, s.116](#)

²⁴⁴ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/Aa/L0007: Konsept til voteringsprotokoll, 1716-1717, s.110](#)

²⁴⁵ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/EI/L0052/0003: Forskjellige pakkesaker/Om utgifter med svenske fanger, 1710-1714, s.78](#)

²⁴⁶ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/EI/L0052/0003: Forskjellige pakkesaker/Om utgifter med svenske fanger, 1710-1714, s.186](#)

²⁴⁷ Andersen, *Triumf og tragedie*, bind 2, *Store Nordiske Krig*.

²⁴⁸ Andersen, *Triumf og tragedie*, bind 2, *Store Nordiske Krig*.

²⁴⁹ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/EI/L0052/0003: Forskjellige pakkesaker/Om utgifter med svenske fanger, 1710-1714, s.39](#)

podcasten *Krigsfångar under stora nordiska kriget* skal dei svenske krigsfangane i Saxen ha blitt forpleia med 0,75kg tørt brød kvar dag. Etterkvart skal dei også ha fått pengar til å kjøpe varer som kjøtt og fisk. Ein saksisk lege skal derimot ha sagt at fangane kom til å døy av svolt dersom ein fortsette med dei rasjonane.²⁵⁰

Matmangel var eit problem som dukkar opp i fleire av kjeldene og blir omtalt i forskingslitteraturen. I supplikk til kongen i 1711 opplyser bakarane frå Bergen at dei i desse vanskelege tidene hadde lite til ingen dansk rug og difor måtte bruke tysk rug og hvete i brødbakinga. Det tyske kornet var dyrare enn det danske og det va difor umogleg å bake vekta som med det danske kornet som var billegare.²⁵¹ Ein supplikk frå 1710 syner at Kristiansand hadde vanskar med å forpleie kaparane som hadde lagt til kai, og at ein frykta dei kom til å svelte ihel dersom ein ikkje fekk tak i mat.²⁵² I 1718 var det framleis vanskeleg å få tak i nok mat. Under felttoget i 1718, den 17.september, skreiv den dansk-norske Generalen Sponeck «Vi befinner os i forvirring og i en bedrøvelig tilstand, og jeg frygter for, at inden de fornødne penge indtræffer, vi de norske tropper være sultede ihjel [...]»²⁵³ Det var klager på mangel på klede, proviant og pengar.²⁵⁴ Ettersom det ikkje var flust i mat i Noreg kan ein lure på om dei svenske fangane fekk det dei behøvde. Det kan verke tvilsamt at dei svenske fangane blei prioritert når ein mangla mat til eigne troppar. Fangane kan på den andre sida ha blitt forpleia annleis i det lokale samfunnet der dei skulle arbeide for deira underhaldning og var innlosjert hjå borgarane.

Behandling av fangane blei også tematisert i utvekslingskorrespondansen mellom Noreg og Sverige i 1712. Den norske kapteinløytnanten Ziege påstod at den norske behandlinga av dei svenske fangane var betre enn svenskanes behandling av dei norske fangane. Ifølge Ziege fekk dei norske fangane dagleg forpleiing i tillegg til å måtte arbeide hardt. Svenskane på den andre sida skal ha mottatt forpleiing og var fritatt frå å arbeide i fangenskapet inntil i det aller siste. Akkurat når svenskane byrja å arbeide skriv ikkje Ziege, men det kan tenkast at i det siste er på slutten av 1711 eller starten av 1712 ettersom utvekslingsforhandlingane var i februar og mars same året. Den norske kapteinen formoda at dei norske fangane i Sverige heretter blei behandla på same måte som dei svenske fangane i Noreg.²⁵⁵ Utifrå Zieges kommunikasjon

²⁵⁰ Olof Blomqvist og Piotr Wawrzyniuk, «Krigsfångar under stora nordiska kriget». Podcast i Militärhistoria.

²⁵¹ [Avskriftsamlingen, RA/EA-4022/F/Fa/L0078: Supplikker, 1710-1711, s.150](#)

²⁵² [Avskriftsamlingen, RA/EA-4022/F/Fa/L0078: Supplikker, 1710-1711, s.45](#)

²⁵³ Wahl, «Felttoget 1718», 381.

²⁵⁴ Wahl, «Felttoget 1718», 381.

²⁵⁵ [Krigshandlingar Stora nordiske kriget, Krigsfångar, SE/KrA/0388/14A/1a. Bild 108.](#)

framstår Noregs behandling av svenskane som betre enn svenskanes behandling av norske soldatar. Om dette stemmer krev ei nærmare undersøking.

I tillegg til mat nemner nokre kjelder andre utgifter knytt til forsørging av fangane. I Kristiansand skal to losji ha fått lys verdt 8 skilling kvar natt i 24 netter i arresthuset.²⁵⁶ Medan ei kjelde frå Bergen viser at det var betalt for medisin, kur, mat og drikke, halm, losji for dei sjuke samt lerret til skjorter.²⁵⁷ Halm kjøpte ein truleg for at fangane skulle sove på og lerret til skjorter syner at ein forsynte fangane med kle. I eit brev frå futen i Sunnhordland og Hardanger til stiftamtmanden i Bergen Anders Undall i mars 1717 fortel futen at fangane nesten gjekk nakne og ikkje hadde pengar til klede. «det var at ønske at vedkommende ville gjøre dend anstalt at de fanger som ere nest nagen, kunde bekomme nogid till klæde».²⁵⁸ Etter kongens anordning av 1715 skulle fangane få kost og forpleiing som andre tenestefolk, eller i staden for kosten fire skilling og to skilling til kle. «[...] enhver da iblandt dem, som vil og kand arbejde, skal dagligen nyde af den, hos hvilken hand arbejder, enten sin kost og Forpflegning lige ved andre Tieneste Folk, eller og i Steden for kosten fire skilling Danske, og derforuden tu Skilling til klæder[...]».²⁵⁹

Den svenske fangen Adjutant Talqvist var utplassert hjå Rasmus Glad frå 14.november til 27.juni 1719. I løpet av fangenskapet skal fangen ha fått kle frå Glad. I eit dokument over utgifter med svenske fangar skriv Glad at han hadde «Noch á panté forstragt ham med nødvendige klæder, saasom 1 hat for, 1 par handsker, 2 skiorter af linlærret, 2 par skor, 2 par hoser og 2 hals-diug» til 20 riksdalar og bad om at futen Hans Rue skulle dekke utgiftene.²⁶⁰ Om futen dekka utgiftene er usikkert då det ikkje er dokumentert i dokumenta. Fangen fekk i alle fall klede etter forordninga som omhandla fanganes underhaldning.

3.2.1 Skipskost

Fartøy både i den dansk-norske flåte og utanfor bidrog til å fange, transportere og underhalde dei svenske krigsfangane i Noreg. Både ved å ta krigsfangar gjennom kaparverksemd og ved å frakte fangar frå stad til stad. 7.januar 1711 sendte Slottsloven ein anordning til stiftamtmand

²⁵⁶ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/EI/L052/0003: Forskjellige pakkesaker/Om utgifter med svenske fanger, 1710-1714, S.78](#)

²⁵⁷ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/EI/L0054/0006: Forskjellige pakkesaker/m svenske og norske krigsfanger, 1716, s.14](#)

²⁵⁸ Stiftamtmanden i Bergen, SAB/A-100006/E/Ee/0063: Lnr.673 – Brev frå futen i Sunnhordland og Hardanger, 1717.

²⁵⁹ *Kong Friderich den Fierdes allernaadigste Forordninger og aabne Breve fra den 26. Augusti Aar 1699 Aar 1715 udgangne*, 14-16

²⁶⁰ [Kommanderende general \(KG I\) med Det norske krigsdirektorium, RA/EA-5419/E/Eb/L0015:Diverse, 1716-1719, s.123-124](#)

Undal i Bergen, stiftamtman Powisch i Kristiansand og kommandanten på festningen i amtet de Ferry, som sa «de fremmede passionerer ad sedes paa fri foed - de Svenske underholdis af skipskosten, saa lenge den varer, og naar kosten er oppe nyder huer mand 6 skilling daglig til underholdning.»²⁶¹ I Riksarkivet ligg det fleire kjelder som fortel om fregattar som frakta krigsfangar og utgiftene med dei etter at det blei sendt ut ordre om å lage lister over utgiftene med fangane på fartøya.²⁶² 21.mars 1714 sendte Slottsloven ut ein ordre om at;

[...] Caper-Capitainerne udi Christiania Byes District, som siden krigens begyndelse nogen Caper eller fahrtøy, stort eller litkt udi nordsøen have Commanderet, indhenter en rigtig Liste over alle de svenske fange som hos dennem haver været om bord, og derhos lader følge en accurat bereigning over hviss forplflegning [...].²⁶³

Ordren blei også sendt til magistraten i Kristiansand, Fredrikstad og Bergen. Fleire kjelder ramsar opp krigsfangar som var ombord i ulike fartøy der kvar og ein blei forpleia med 6 skilling kvar dag. Nokre dokument ramsar opp kva proviant fangane har fått og sa dei hadde fått «skibsskost efter spise taxten».²⁶⁴ På fregattane «Pachan» og «Leoparden» skal dei svenske fangane ha fått skipskost i tidsperioden 1710-1713 som bestod av flesk, kjøtt, bergfisk, smør, gryn, erter, hardt brød, salt, lys og øl.²⁶⁵ Dersom skipskosten var nokolunde lik på alle fartøy var kosten meir variert enn maten fangane fekk på festninga, som ifølge kjeldene som regel bestod av brød. Det kan difor sjå ut til at forpleiinga var betre på fartøya.

Tabellen under er utarbeidd frå ei kjelde frå 1714 som viser skipskost fangane fekk ombord på fartøy.²⁶⁶ Utifrå tabellen kan ein lese at det var forskjell forpleiing utifrå stilling. Ei årsak kan være at offiserar måtte betale for eigen forpleiing, medan soldatane og dei med lågare stilling fekk det dekkja av krigskassa. Kapteinar og løytnantar skal også ha nytt kahytt ombord. Dette er ei av årsakene til at det var dyrare for dei med høgare stilling. I tillegg til at ein forsøkte å dra mest mogleg pengar ut av dei.

²⁶¹ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/Aa/L0003: Konsept til voteringsprotokoll, 1711, s.2](#)

²⁶² [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/Aa/10004: Konsept til voteringsprotokoll, 1712, s.59](#)

²⁶³ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/Bd/L0008: Ordreprotokoll, 1711-1714, s.333b – 334b.](#)

²⁶⁴ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/EI/L0052/003: Forskjellige pakkesaker/ Om utgifter med svenske fange, 1710-1714, s.180](#)

²⁶⁵ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/EI/L0052/003: Forskjellige pakkesaker/ Om utgifter med svenske fange, 1710-1714, s.178](#)

²⁶⁶ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/EI/L0052/0003: Forskjellige pakkesaker/Om utgifter med svenske fanger, 1710-1714, s.169](#)

Forpleiingstabell over utgifter med svenske fangar på fartøy pr.mnd utifrå Character

Stilling	Kahytt kostpenge (pr.mnd)	Skipskostpenge (pr.mnd)
Kaptein	16 riksdalar og 64 skilling	
Løytnant (halfanden mands rantzon)	13 riksdalar 32 skilling	4 riksdalar
Over Styrmann, Under Styrmann, Skipper, Båtsmann, Kvartermeister, Konstabel, Tømmermann, kokk & matros (Sledt mands rantzon)		2 riksdalar 64 skilling

Tabell 1. Kjelde: Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/EI/L0052/0003: Forskjellige pakkesaker/Om utgifter med svenske fanger 1710-1714, s.169

Johnsen har derimot eit anna perspektiv på skipskosten i boka *Beretninger om Peter Wessel Tordenskjold og hans samtid*. Ifølge Johnsen var «Kosten om bord (...) strengt regulert og rasjonert».²⁶⁷ Rasjonar var også vanleg til lands, men ettersom maten kunne stå ombord i lengre periodar risikerte den å bli dårleg. «Den salte maten gjorde at sjøfolkene alltid var tørste. Brødet måtte man banke hardt i bordet før man spiste, for at marken skulle komme ut! Skipsølet var svakt øl tilsatt bitterhet (humle). Men ølet ble fort surt og dovent. Skipene brakte difor med seg øl kun for et par uker. Deretter gikk man over til å dele ut ferskvann. Men ufiltrert vann med innsekter og smådyr ble raskt råttent.»²⁶⁸ Likeins skriv Andersen at besetninga på fartøyet *Fredericus Quartus* skal ha klaga på den elendige forpleiinga ombord.²⁶⁹ På den tida hadde båten lege til kai i Bergen eit års tid og venta på konvoi.

I fleire tilfelle skulle krigsfangar fraktast korte distansar med båt som berre tok nokre dagar. Likevel måtte båtane som skulle gå over til Danmark vente på konvoi som kunne ta fleire månadar. Det var difor risiko for at maten kunne bli dårleg og fangane sjuke.

3.2.2 Forpleiing av sjuke

Fleire fangar var sjuke i løpet av fangenskapet og hadde behov for ytterlegare forpleiing. Slottsloven sendte ut fleire ordre i løpet av krigen om å forpleie dei sjuke fangane etter kartellet.²⁷⁰ Lister over utgifter med svenske fangar i Bergen frå 1710 til 1713 ramsar opp 70 fangar som blei forpleia i ulike tidsrom på festningen. I 1713 blei ein svensk matros med namn Lorentz Jansen fanga. I forpleiingskjelde frå 1714 blei Jansen forpleia i 42 dagar med 6 skilling

²⁶⁷ Lars.G.W. Johnsen, *Beretninger om Peter Wessel Tordenskjold og hans samtid*. (Moss: Wessel Forlag, 2020), 87.

²⁶⁸ Johnsen, *Beretninger om Peter Wessel Tordenskjold*.

²⁶⁹ Andersen, *Triumf og tragedie*, bind 2, *Store Nordiske Krig*.

²⁷⁰ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/Aa/L0007: Konsept til voteringsprotokoll, 1716-1717, s.101.](#)

dagen frå 1.januar til 12.februar, men forsvinner deretter frå lista over fangane. I eit seinare dokument kjem det fram at Lorentz Jansen var sjuk i fangenskapet frå 12.februar til 15.mars 1714 «i hvilken tid hand har været Svag er efter Oprettede Cartels 27 Artichel med 14 skilling daglig underholdt.»²⁷¹ 16.mars blei han frisk igjen og gjekk tilbake til vanleg forpleiing på 6 skilling dagen. Dette syner at fangane skulle få over dobbel forpleiing når dei var sjuke. Forpleiingsdokumentet refererte også til at det skal ha vore oppretta eit kartell, ein formell avtale for korleis fangane skulle behandlast. Det omtalte kartellet ligg ikkje i kjeldematerialet som blei nytta. Ein moglegheit er at kartellet var frå tidlegare krigar eller ligg ein annan stad. Utifrå kjeldene som fortel om fangars underhaldning, er denne kjelda også den einaste som oppgjer at ein sjuk fange har nytt forpleiing med 14 skilling dagen. Det er difor grunn til å tru at artikkel 27 i kartellet ikkje blei følgt i praksis.

I eit brev frå magistraten i Bergen til Slottsloven 27.august 1716 står det «da de Svenske fanger her til Staden ankom, vare mange af dennem gandske siuge, som Mand haver ladet for sig paa Enn sted aparte forlegge, og med tilsium og Medicamenter af en Chirurgius betienen, saa de alle paa een nær som døde, er varden curede.»²⁷² Døme på sjuke fangar var Jonas Lind og Niels Pedersen Slotte som blei igjen i Bergen, «formedelst svaghed udj deris fødder», medan dei andre marsjerte ut i distrikta. 5.des 1716 skal Jonas og Niels ha restituert og blei i 1717 sendt til Granvin for å arbeide.²⁷³ Likeins var det 3 sjuke i Larvik; Bryner Tordsen Fremfarsoge, Bent Falck og Olle Skov, som eigentleg skulle marsjere til Bergen i 1716, men som måtte bli igjen i Larvik.²⁷⁴

Sjuke sjømenn frå flåten blei brakt i land i Larvik og blei forpleia der. Frå 1712 til 1715 blir det ramsa opp fire svenske losar i rullane. Av desse skal ein ha død og ein rømt. Rullane seier ikkje noko om svenskane var krigsfangar eller ei, men ettersom Nils Torgeirsen rømte 10 september 1713 kan det tenkast at han var ein fange.²⁷⁵ Det er mogleg at fleire svenskar blei lagt inn på sjukehuset i løpet av krigen, men ettersom dokumentet stoppar i 1715 kan det ikkje stadfestast. At nordmenn hadde omsyn for dei svenske sjuke fangane syner at ein behandla fangane humant og var i samsvar med Christian Vs krigsartiklar.

²⁷¹ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/EI/L0052/0003: Forskjellige pakkesaker/Om utgifter med svenske fanger, 1710-1714, s.152.](#)

²⁷² Stiftamtmanden i Bergen, SAB/A-100006/E/Ee/0174: Lnr.774 – Brev frå Magistraten i Bergen 1715-1717.

²⁷³ Stiftamtmanden i Bergen, SAB/A-100006/E/Ee/0174: Lnr.774 – Brev frå Magistraten i Bergen 1715-1717.

²⁷⁴ [Larvik grevskap SAKO/A-1056/F/Ff/Ffb/L0018/0001: Brev/Spesielle saker, 1716-1748, s.44](#)

²⁷⁵ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/EI/L0054/0003: Forskjellige pakkesaker/Rulle over syke orlogsfolk som ble ført i land i Larvik, 1712-1715, s.15](#)

3.2.3 Gjeld

Fangenskapet til mange offiserar kunne fort bli veldig dyrt. «It was not unheard of that captive officers in Denmark and Sweden were forced to borrow sizeable sums of money from local brokers just to pay for food and housing».²⁷⁶ Det same ser ein i Noreg. I Riksarkivet ligg det lister over svenske krigsfangar som hadde satt seg i gjeld. Desse hadde stillingar frå oberstløytnantar til soldatar og viser at det ikkje berre var offiserane som satt seg i gjeld.²⁷⁷ To soldatar satt seg i gjeld. Kva pengane blei brukt til står det ikkje, men dersom dei ikkje fekk nødvendig mat og klede kan det vere eit alternativ. Det var derimot få soldatar som tok opp lån, soldatanes gjeld var også betydeleg lågare enn offiseranes, og var heller unntaket enn regelen. [Sjå vedlegg 7](#) for tabell over svenske fangar som satt seg i gjeld.

I Slottslovens voteringsprotokoll sendte magistraten i Kristiansand brev om to fanga svenske rittmeistrar som ikkje hadde pengar til eigen underhaldning skulle forpleiast. Slottsloven svarte at medan ein ventar på svar frå kongen skulle dei fanga offiserane som ikkje hadde pengar midlertidig forpleiast med 2 riksdalar i veka.²⁷⁸ Carl Henrik Norman var rittmeister og fange i Kristiansand frå 1716 etter å ha blitt slått ved Norderhov prestegard på Ringerike. I lister over gjeld er Norman skyldig 85 riksdalar og 76 skilling. Det kan difor tenkast at kongen meinte offiserane måtte forpleie seg sjølv. Norman døydde i 1719 før han blei utveksla, gjelda skulle like fullt gjerast opp. Saman med Norman satt Axel Löwen på Christiansholm festning frå 1716 til 1719.²⁷⁹ Eit brev skriva av Axel Löwen i 1718 syner at fangenskapet byrja å gå hardt utover økonomien, då han anmoda kongen om tillating til å få reise til eigedommane sine i Pommern «til Undgaaelse af hans totale Ruin».²⁸⁰ Löwen blei sittande på festningen fram til han blei utveksla i 1719.

Dokumenta syner at underoffiserar også satt seg i gjeld. I motsetning til offiserane tok fleire av underoffiserane arbeid hjå befolkninga. Blant dei er Ole Hedström, fører og underoffiser som tok opp lån på 3 riksdalar.²⁸¹ I eit dokument som viser utgifter med svenske fangar i Nord- og Sundfjord står det at Ole Hedström 14.januar 1719 skal ha betalt kostpengar i 16 dagar, 6 skilling dagen for seg sjølv og desertørane Sergiant Anders Forstin og Korporal

²⁷⁶ Blomqvist, *I want to stay*, 99.

²⁷⁷ [Kommanderende general \(KG I\) med Det norske krigsdirektorium RA/EA-5419/E/Eb/L0015:Diverse, 1716-1719, s.80 og s.129](#)

²⁷⁸ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/Aa/L0007: Konsept til voteringsprotokoll, 1716-1717, s.137](#)

²⁷⁹ Stylegar, *Fangen på Christiansholm*, 76.

²⁸⁰ Stylegar, *Fangen på Christiansholm*, 75.

²⁸¹ [Kommanderende general \(KG I\) med Det norske krigsdirektorium RA/EA-5419/E/Eb/L0015: Diverse, 1716-1719, s.80](#)

Erich Holm til summen 3 riksdalar.²⁸² Kvifor Hedström betalte for dei andre underoffiserane står det ikkje, og det er interessant at Hedström betalte for dei når dei var desertørar. Hedström blei sendt til Indre og Ytre Sogn futedømme der han fant seg ei enke han ville gifte seg med og blei igjen i Noreg etter krigens slutt.²⁸³

I utvekslinga skulle fangane utvekslast sjølv om dei hadde gjeld slik at ein fekk flest mogleg heim snarast mogleg. Gjelda skulle gjerast opp i ettertid. I fredsforhandlingane blei det bestemt som Generalstaben skriv at «[...]Den Gæld, som Officererne har stiftet, medend de var «anholdne», skal likvideres, og den Del deraf, for hvilken der foreligger lovligt Bevis, vil de respektive Regeringer sørge ofer at faa betalt [...].²⁸⁴ I Danmark ligg det kjelder som syner utgifter med fangane som blei betalt til aktørar som hadde lagt ut for fangane av Zahlkammeret. Dokumenta i det nytta kjeldematerialet syner ikkje at norske aktørar fekk betalt, men det kan tenkast at det blei gjort i Noreg på same måte som i Danmark.

3.3 Konklusjon

I løpet av krigsåra 1709-1720 blei det sendt ut direktiv som dikterte retningslinjene for behandling av dei svenske krigsfangane, og blei lest opp på tinga og i kyrkja for at allmugen skulle få det med seg. Når det gjaldt plassering og forpleiing av fangane var det i stor grad samsvar mellom norm og ordre frå øvrigheita og praksis, men med nokre unntak.

Majoriteten av krigsfangane i starten av krigen blei fanga på fartøy, levert langs norske kysten og plassert på festningane og arresthus på forskjellige stadar i landet allereie frå starten. Svenskane forsørgja ikkje sine egne i fangenskap etter vanlege krigsmanerar som resulterte i at fangane blei forpleia av den danske krigskassa. Etter ordre skulle svenskane forpleiast med 6 skilling dagen, men summen varierte i tid og rom frå 4 til 14 skilling både etter ordre om nye forpleiingssummar og omstenda. Det var difor ikkje alltid samsvar mellom teori og praksis.

Ombord på fartøya blei fangane forpleia med variert kost i forhold til brødet dei ofte fekk på land. Dei sjuke fangane fekk ekstra forpleiing, i form av meir mat, medikament og eige losji. At svenskane blei tatt vare på når dei var sjuke og ikkje kunne arbeide syner at ein forsørga dei svenske fangane. Dette var i samsvar med Christian Vs krigsartiklar som sa ein skulle ha omsyn for fangane. Offiserane på den andre sida måtte betale for seg sjølv etter vanleg praksis i samtida, noko som førte til at majoriteten satt seg i stor gjeld i løpet av fangenskapet.

²⁸² [Kommanderende general \(KG I\) med Det norske krigsdirektorium RA/EA-5419/E/Eb/L0015: Diverse, 1716-1719, s.121](#)

²⁸³ Stiftamtmanden i Bergen, SAB/A-100006/E/Ee/0140/0001: Futen i Indre og Ytre Sogn 1719-1720.

²⁸⁴ Generalstaben, *Bidrag til Den Store Nordiske Krigs Historie*, bind 5, 346.

Matmangel var eit problem i Noreg under krigen, ein kan difor lure på om svenskane fekk det som blei oppgitt og som dei behøvde. Sannsynlegvis er blei ikkje fangane prioritert over eiga befolkning, spesielt i periodar mangla forsyningar til eigne troppar.

Krigen endra karakter med felttoga i Noreg som førte til eit auka tal krigsfangar og endra omstende som kravde nye løysningar for behandlinga. Etter Fredrik IVs forordning av 8.april 1715, og ordre frå Slottsloven blei det bestemt at svenskane skulle fordelast i riket og ta teneste hjå befolkninga. Både for å arbeide i ein periode med arbeidsmangel, men også for å flytte kostnadane ved å halde fangane over på befolkninga. Å ta krigsfangar i arbeid var ein ressurs då fleire hadde behov for arbeidskraft ettersom mange av dei unge menner var skrivne ut til militæret. Dei svenske fekk då moglegheita til å arbeide med yrker dei gjerne hadde før dei blei innrullert i hæren og anna arbeid.

Trass arbeidsmangel i landet, hadde Kristiansand problem med å plassere fangane på grunn av mangel på arbeid i amtet. Likevel måtte fangane plasserast i distriktet, men kunne med tida sendast med neste konvoi til Danmark eller utvekslast. Krigsfangane blei difor ein belastning og ikkje ein ressurs som andre stadar i landet. Amtmannen Povel Juel brukte lang tid på å plassere fangane i Lister og Mandal. Kostnadane ved fangane belasta difor krigskassa når dei ikkje var plassert i teneste. Juel fekk ordre om å fordele fangane fleire gongar, og følgde først ordre når kostnadane kom til å gå utover hans personlege økonomi dersom han ikkje plasserte fangane. Dette er eit døme på at omstenda gjor det vanskeleg å følge ordre.

I praksis blei fangane leda tre ulike vegar i retning Bergen når dei skulle fordelast i landet og blei undervegs tatt i teneste. På den måten fordelte ein fangane og forsøkte å sende dei lengst mogleg vekk frå svenskegrensa. Samtidig som fangane blei fordelt sendte kongen forordning om at han ville ha svenskane ned til Danmark. Det blei organisert transporterung av svenskar ned til Danmark med konvoi. Majoriteten blei likevel igjen i motsetning til kongens ordre. I tillegg skal ca. 390 fangar ha blitt utveksla mot slutten av 1716 og fleire offiserar sendt heim igjen i bytte mot at dei lovde å ikkje delta i krigen igjen før dei var utveksla. Eit løfte som ofte blei brote. For at dei svenske fangane skulle integrere seg forsøkte ein å skilje soldatane frå offiserane ved å plassere dei på forskjellige stader. Etterkvart ynskja Noreg å sende offiserane ut av landet til Danmark og Sverige. Likevel blei nokre heldt i Noreg i tillegg til at det blei fanga ytterlegare offiserar som blei sittande i fangenskap i Noreg til dei blei utveksla.

Sjølv om dokumenta ikkje spesifikt fortel korleis fangane hadde det i teneste, retta ulike opplysningar ein peikepinn på forhalda. På den eine sida kan det sjå ut til at krigsfangane levde under harde forhold i fangenskapet som måtte arbeide for kost og losji, og forsøkte å rømme ville få store konsekvensar om dei blei atterfanga. Forhaldet kan minne om slavearbeid ettersom

fangane var nøydt til å arbeide utan kontroll over eigen friheit eller moglegheiter for å forlate situasjonen. Mange måtte marsjere lange strekningar frå Østlandet til Vestlandet for å komme i teneste. Majoriteten arbeide hjå befolkninga, men det var også fangar som blei tvinga til å ta teneste under danskekongen. Fleire fangar skal ha arbeidd i slitte klede og hatt behov for nye, noko dei fekk med tida. Ein kan også lure på om fangane fekk nok og nødvendig næring. At fleire rømte talar for at dei ikkje hadde det godt i fangenskapet. På den andre sida blei krigsfangane plassert på sjukehus og fekk medikament når dei var sjuke, forpleiing og nye klede. Fleire av dei svenske fangane arbeide innafor forskjellige yrker før dei blei innrullert i hæren og kunne under fangenskapet få arbeid med yrket eller komme i lære. Direkte kontakt med befolkninga førte til at fleire blei integrerte og etablerte seg. Behov for arbeidskraft førte truleg til at fangane blei behandla på same måte som dei andre arbeidarane. At mange blei igjen i landet under utvekslingar og etter krigen talar for at også nokre har hatt det god. Realiteten var nok meir nyansert og det kunne være store forskjell på behandling frå krigsfange til krigsfange utifrå omstenda. Ein skal likevel ikkje sjå vekk frå at dei satt i fangenskap og at det forhalda var dårlegare samanlikna med friheita dei hadde i Sverige.

KAPITTEL 4 - KRIGSFANGARS SKJEBNAR

Kjeldematerialet om dei svenske fangane fortel at det var forskjellige skjebnar i fangenskapet. Dei svenske fangane både døydde, rømte og deserterte av ulike årsaker i løpet av krigen. Det var ikkje berre mannfolk som satt i fangenskap, men også kvinner og drengar som følgde med i felttoga og på fartøya. Spor frå tingbøkene syner at fangane hamna i både slåsskampar og leiarmålssaker. Ei rettsak syner også at tre svenske kvinner blei skutt ihel av norske bønder. I dette kapittelet skal eg analysere dokument som kastar lys over ulike utfall og forhold i fangesituasjonen og som bidrar til å fargelegge bilde av behandlinga dei svenske fangane blei utsett for i Noreg.

4.1 Døydde, rømte og deserterte krigsfangar

«Smittsome sygdome er alltid fulgt i krigens fodspor».²⁸⁵ Sjukdommar smitta raskt i krig, der det ofte er store konsentrasjonar av menneske, dårleg forpleiing og uhygieniske tilstandar over lang tid. Dette resulterte i at mange deserterte på grunna av dei dårlege forholda i hæren, og at mange svenskar var sjuke når dei blei tatt til fange.

4.1.1 Deserterte krigsfangar

Ifølge Michael Sikora «The eighteenth century was the age of the deserter».²⁸⁶ Under den store nordiske krigen deserterte så mange som 20 000 russarar kvart år.²⁸⁷ Harde straffar for desertering var forsøk på å avgrense omfanget. I den danske krigsretten av 1683 var det dødsstraff for desertørar. §65 hvo, som gaaer over til Fienden, hans Navn skal slaaes paa Galgen, og han, som er Forræder, kiendes fredløs, da det staaer enhver frit at gribe ham, og skal han, ifald han betrædes, uden al Naade hænges.²⁸⁸ Liknande dom i Karl XI krigsartiklar av 1683 §67 «Vem som i någon Aktion emot Fienden först tager flykten, den må saklöst ihjälslås, och där han undkommer, dömes och utropas offentligen för en skälm, vare fredlös och hans gods konfiskeras.»²⁸⁹ Til tross for dei harde straffene viser kjeldene til fleire svenskar som deserterte.

I eit komparativt lys ser ein at mange land hadde strenge straffer for soldatar som deserterte. I *Motivation in War* drøfta Ilya Berkovich om ein ville drepe alle desertørane dersom

²⁸⁵ Andersen, *Triumf og tragedie*, bind 2, *Store Nordiske Krig*, 14.

²⁸⁶ Ilya Berkovich, *Motivation in War: The Experience of Common Soldiers in Old-Regime Europe* (New York: Cambridge University Press, 2017), 55-56.

²⁸⁷ Berkovich, *Motivation in War*, 55-56.

²⁸⁸ Christian V, *Krigs-Artikels-Brev og Krigsrets Instruction*, 38.

²⁸⁹ Crusenvärd, «*At Ähra, Dygd och Mandom må inrotas Vthi Krijzfolckets modh och Sinne*».

mange deserterte. Berkovichs analyse over desertørar i den franske armeen syner at det var eit fåtal desertørar som faktisk blei fanga på tidleg 1700-talet, og at mange desertørar difor slapp straff.²⁹⁰ I praksis blei dei franske desertørane før 1716 lemlesta og sendt til evig teneste på flåten i Middelhavet, medan ein tredjedel blei avretta.²⁹¹ Rettsprotokollar frå Vincennes i Frankrike frå 1716 til 1718 syner at berre 7 prosent av desertørane blei tatt til fange, av dei blei halvparten avretta og resten enten forvist eller sendt i slaveri.²⁹² Dette syner at det var harde straffer for desertørane som blei tatt, men at lovene i praksis blei følgd i mindre enn halvparten av tilfella i Frankrike.

1600-talets krigsartiklar teikna eit bilde av ein streng straffepolitikk for desertørar og andre brot på regelverket.²⁹³ Krigsretten på slutten av 1600-talet i Sør-Sverige og Nord-Tyskland syner at «Soldater dömdes ofta till döden, helt i enlighet med krigsartiklarnas paragrafer, för brott som stöld, rymningar, ordervägran och oaktsamhet i samband med vaktjänstgöring, men i slutändan benådades de i regel alltid av generalguvernören eller Kungl.Maj:t.»²⁹⁴ I tillegg skal svenskane ifølge Collstedt ha publisert «pardonsplakatar» som sa at svenske desertørar og andre som hadde gjort alvorlege lovbrott kunne komme heim igjen utan å risikere å bli avretta.²⁹⁵ At desertørane i Sverige blei benåda og fekk ei mildare straff nokre tiår før den store nordiske krig samt publisering av «pardonsplakatar» kan ha ført til ei førestilling om at det same ville skje med desertørane i den store nordiske krig, og bidratt til at fleire ikkje tolka krigsartiklane som ein livstrussel.

Det var vanleg praksis å prøve å få fangar til å bytte side og verve seg til å kjempe i egne rekker. «Et af de danske midler var at adskille mandskab og officerer».²⁹⁶ Noko som skulle gjere det lettare å desertere, men også å integrere seg. Offiserar blei også skilt frå mannskapet i Noreg, som omtalt i kapittel 3 «Plassering og Forpleiing». I *Motivation in war* skriv Berkovich at det var høgare sannsyn for at utlendingar og nye rekruttar deserterte enn veteranar og innfødde.²⁹⁷ Etter slaget ved Gadesbusch 1712 måtte den svenske styrken under leiing av Stenbock overgje seg i Danmark og 10 000 svenske fangar blei fordelt rundt om i landet. Samstundes blei det utført omfattande innsats for å få flest mogleg til å desertere, noko som i

²⁹⁰ Berkovich, *Motivation in War*, 70-71.

²⁹¹ Berkovich, *Motivation in War*, 69.

²⁹² Berkovich, *Motivation in War*, 71.

²⁹³ Christopher Collstedt, *Våldets väsen: Synen på militärens våld mot civilbefolkningen på 1600-talets Sverige*. (Lund: Sekel, 2012), 103

²⁹⁴ Collstedt, *Våldets väsen*, 103.

²⁹⁵ Collstedt, *Våldets väsen*, 104.

²⁹⁶ Andersen, *Triumf og tragedie*, bind 2, *Store Nordiske Krig*.

²⁹⁷ Berkovich, *Motivation in War*, 55-56.

ei grad lykkast, men ikkje hjå dei nasjonale svenske regimenta.²⁹⁸ Dette viser at det truleg var lettare å få leigesoldatar til å desertere enn soldatar frå dei svenske nasjonale regimenta.

Årsaker til desertering var matmangel og harde forhold i hæren. Under felttoget i 1718 begynte dei svenske forsyningane å ta slutt, og ein fekk mangel på proviant.²⁹⁹ 17. 18 og 19. desember 1718 kom det ifølge Norsk Militært Tidsskrift talrike svenske desertørar inn til Fredrikshald festning og informerte om at halve svenske armeen var sjuke av «hård travellie og overmåde hunger» og at dei hadde desertert av svolt.³⁰⁰ Å desertere kan i denne samanhengen ha blitt sett på som ein utveg frå dei harde tilstandane i hæren og i håp om betre forhold enn i arméen.

Desertørane blei på lik linje med krigsfangane ført opp i forpleiingslister og blei betalt for av krigskassa.³⁰¹ Desertørane blei i likskap med fangane plassert i arbeid rundt om i landet. Det skal blant anna ha blitt sendt fem desertørar til Nordfjord i 1718.³⁰² Stiftamtmann Undall i Bergen sendte ein memorial til Slottsloven og bad om at desertørane måtte få tillating til å ta teneste. Til desse svarte Slottsloven at desertørane måtte arbeide for deira føde.³⁰³ Dette talar for at desertørane blei forsørge likt som fangane av krigskassa og befolkninga.

Ifølge Ola Teige var det vanleg at desertørar fekk bli i landet frå slutten av 1600-talet.³⁰⁴ Som omtalt i kapittel 3 blei fleire svenskar igjen i landet etter krigens slutt, fortsette å arbeide og gifta seg. Døme er Ole Heedström som gifta seg med ei enke i Udlands Prestegjeld, Gideon Lindorf med Margrete Wit i Bergen, Anders Larsen, Arve Svendsen og Eene Olsen Rörmand som gifta seg med norsk kvinner og busette seg i Larvik.³⁰⁵ Likevel valte fleire å reiste heim igjen til Sverige. Det er få kjelder som presisera kven som var desertørar med namn. På den eine sida syner det at ein ikkje var så nøye på kven som var krigsfange og desertør då dei i stor grad blei sett på som svenske fangar. På den andre sida er det mogleg at det faktisk ikkje var så mange som deserterte. I utvekslingslistene kjem det fram at nokre desertørar blei ført opp i listene og blei utveksla i 1712, men ettersom få kjelder nemner namn på desertørane er det usikkert om det var vanleg praksis å utveksle desertørar.

²⁹⁸ Andersen, *Triumf og tragedie*, bind 2, *Store Nordiske Krig*.

²⁹⁹ Lingjerdet, *Norge og den store nordiske krigen 1700-1721*, 143

³⁰⁰ [Norsk Militært Tidsskrift 1903: 444](#)

³⁰¹ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/EI/L0052/0003: Forskjellige pakkesaker/Om utgifter med svenske fanger, 1710-1714, s.91](#)

³⁰² [Kommanderende general \(KG I\) med Det norske krigsdirektorium, RA/EA-5419/E/Eb/L0015: Diverse, 1716-1719, s.121](#)

³⁰³ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/Aa/L0009: Voteringsprotokoll 1718-1719, s.184-185.](#)

³⁰⁴ Teige, «De 3de ihjelskutte qvindfolk», 53.

³⁰⁵ Stiftamtmannen i Bergen SAB-A-10006/E/Ee/0140/0001: Futen i Indre og Ytre Sogn 1719-1720., Ugulen, «Fram... og tilbake igjen?», [Larvik grevskap, SAKO/A-1056/F/Ffb/L0018/0001: Brev/Spesielle saker, 1716-1748, s.199](#)

I realiteten var skilje mellom krigsfangar og desertørar ei gråsone. Sjølv om fleire fangar deserterte og blei ført opp som desertørar i dokumenta blei desertørane som regel behandla på same måte som krigsfangane, i alle fall om dei var svenske. Desertørane blei sendt ut i distrikta der dei måtte arbeide for deira forpleiing og blei ført opp i forpleiingslister i likskap med krigsfangane.³⁰⁶ Det uklare skilje mellom kven som faktisk var desertørar og ikkje har truleg bidratt til at mange unngjekk straff. Soldatar som hadde desertert under krigen kunne gå tilbake i svensk teneste og seie at dei blei tvinga til å desertere i forsøk på å unngå straff. Kor mange svenske desertørar som blei straffa etter krigen i Sverige eller blei sett på som ein desertør er ikkje undersøkt då det strekker seg utanfor problemstillinga som undersøker behandlinga dei svenske desertørane fekk i Noreg.

Ein anna faktor som kan ha påverka at soldatar gjekk ut av svensk teneste er som Schiøtz skriv «Ikke-svenske fanger ble presset til orlogstjeneste – de var verdiløse som utvekslingsobjekter».³⁰⁷ Den norske flåten mangla arbeidskraft, fleire dokument viser at utlandske soldatar i svensk teneste enten ynskja eller blei pressa til å ta teneste i flåten. I Slottslovens voteringsprotokoll frå 21.mai 1711 står det at dei svenske fangane skulle settast i arresten medan dei på «[...] neutrale städer föde setis paa fri foed og disponeres til ad tage tienniste under Kongen af danmark.»³⁰⁸ Lars G. Wessel Johnsen skriv i *Beretninger om Peter Wessel Tordenskjold og hans samtid* at det var vanskeleg å skaffe mannskap til orlogsflåta og at folk ofte måtte tvingast om bord.³⁰⁹ I 1712 skal Peter Wessel ha lagt til ved Käringsön, ei øy på vestkysten av Sverige, og bortført mannfolk som kunne nyttast som mannskap.³¹⁰

Eit dokument frå 1713 fortel at fregatten «Packan» skal ha tatt 33 svenske fangar i tillegg til ytterlegare mannskap som skal ha sagt seg villig til å ta teneste under danskekongen.³¹¹ Fangane som var villige til å ta teneste og som ikkje var svenske fekk teneste på fregatten «Søe Ormen» under kaptein Christopher Ovesen. Kor mange det var blir ikkje nemnt, men matrosane fekk totalt 60 riksdalar i lønn for ein måned.³¹² Dei resterande fangane skulle leverast til kommandant de Ferry i Kristiansand.³¹³ Det skal også som Schiøtz skreiv ha blitt fanga 14 fangar og ein lausgjengar frå den svenske fregatten «Anna Sophia». Talet fangar frå ein fregatt

³⁰⁶ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/EI/L0052/0003: Forskjellige pakkesaker/Om utgifter med svenske fanger, 1710-1714, s.91](#)

³⁰⁷ Schiøtz, *Elleveårskrigens militære historie*, bind 3, 511.

³⁰⁸ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/Aa/L0003:Konspet til voteringsprotokoll, 1711, s.102](#)

³⁰⁹ Johnsen, *Beretninger om Peter Wessel Tordenskjold*, 86.

³¹⁰ Johnsen, *Beretninger om Peter Wessel Tordenskjold*, 86.

³¹¹ Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/EL/L0051/0008: Om den svenske fregatten «Packan». Datert 28.spetember 1713.

³¹² Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/EL/L0051/0008: Om den svenske fregatten «Packan»

³¹³ Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/EL/L0051/0008: Om den svenske fregatten «Packan»

var veldig lavt, det er difor stort sannsyn for at det resterande mannskapet har tatt hyre på enten russiske fregattar eller fregatten «Engelen».³¹⁴ Sjølv om dokumenta seier fangane var villige til å ta teneste, stemmer det nødvendigvis ikkje. Dokumenta er skrivne av den øvre myndigheita og kapteinar i ein periode det var mangel på arbeidskraft på orlogsskipa. Det er difor mogleg at nokre kan ha blitt tvunge til å ta teneste slik nokre blei i Danmark.

I Danmark hadde den danske regjeringa forbydt bruk av vald ved verving av dei svenske fangane. Forbodet blei ikkje overheldt då fleire fangar blei verva med makt. Då regjeringa oppdaga dette blei det iverksett undersøkingar av dei svenske fangane som hadde verva seg. Dette resulterte i at sjefar i landsregimenta og godseigarar blei pålagt å betale ei avgift som tilsvara summen kvar legd skulle betale når dei slapp å stille med ein soldat.³¹⁵ Dersom svenskane ville ta teneste skulle dei gjere det frivillig og attestere det. Generalstaben skriv i sitt oversynsverk bind 5 at «Myndighederne hyldede humane Principper for Fangernes Behandling men Praxis svarede ikke altid til disse, end ikke hos de Styrende selv og mindre endnu hos de lavere Instanser».³¹⁶

I eit dokument som blei skriven nokre år etter krigen over svenskar i Larvik står det at svensken Christopher Biörnsen skal ha blitt tatt med makt natta 24.august 1711 frå Fjällbacke i Sverige, og tvungen til å avlegge truskapseid to gongar.³¹⁷ Dette syner at svenskar også i Noreg blei tvungne til å tene danskekongen. Dokumentet var skriven etter krigen og er det einaste dokumentet i kjeldematerialet som viser at ein svenske blei tvungen i teneste. Truleg er dette fordi det under krigen i teorien ikkje var lov å tvinge svenskane til å bytte side, og at ein difor ikkje dokumenterte det. Ettersom svenskar også blei tvungne til å ta teneste i Danmark kan det tenkast at det i ei grad var vanleg praksis sjølv om myndigheitene sa noko anna.

4.1.2 Døde krigsfangar

Krig er dødeleg. I Sverige er det blitt anslått at 10 prosent av befolkninga døydde i løpet av krigen. Dette tilsvara cirka 200 000 av ei befolkning på kring 2 millionar, der 50 000 var frå Finland.³¹⁸ I Noreg har Øystein Rian rekna ut at ca. 5,9 prosent av befolkninga døydde under krigen. Eit tilsvarande tap i andre verdskrig ville relativt sett svare til 240 000 døydde nordmenn.³¹⁹ Dette viser at det var høg dødelegheit. I oversynsverket om den store nordiske

³¹⁴ Schiøtz, *Elleveårskrigens militære historie*, bind 3.

³¹⁵ Generalstaben, *Bidrag til Den Store Nordiske Krigs Historie*, bind 5, 322

³¹⁶ Generalstaben, *Bidrag til Den Store Nordiske Krigs Historie*, bind 5, 322

³¹⁷ [Larvik grevskap, SAKO/A-1056/F/Ff/Ffb/L0018/0001:Brev/Spesielle saker, 1716-1748, s.204](#)

³¹⁸ Gjeruldsen, «Rekruttering og utskrivning i Danmark-Norge og Sverige under Den store nordiske krig», 109.

³¹⁹ Rian, «Den store nordiske krig i et historisk perspektiv», 34.

krig skriv Dan H. Andersen, «Fra den dag, hvor hærens kolonner brød ind i Noreg, begynde den at dø. Hver dag i felten kostede soldater, hvad enten det var sygdom, forfrysninger, udmattelse, desertering eller en kugle fra fjendehånd, der var årsagen.»³²⁰

Utifrå kjeldene eg har sett på har eg registrert at det døydde 64 svenskar i norsk fangenskap frå 1711 til 1719. [Sjå vedlegg 8](#) for tabell over fangar som døydde i norsk fangenskap. 31 av dei svenske fangane døydde på Fredriksten festning kort tid etter dei blei fanga under felttoget i Noreg i 1716.³²¹ Fangane blei forpleia med brød og penge på festningen frå 6.juli i ulike tidsperiodar fram til dei døydde. Etersom så mange døydde på kort tid er det nærliggande å tenkje at dei var prega av krigsskadar eller sjukdommar. Forteikninga over dei døde fangane blei underskrive 25.august 1716 av Kaptein Wilthagen, det er difor moglegheiter for at fleire døde etterpå. I 1717 døydde åtte svenske fangar. Med unntak av Carl Norman som satt i fangenskap frå 1716 og døydde i 1719, nemner ikkje kjeldematerialet fleire krigsfangar som døydde etter 1717. Det er høgst sannsynleg at fleire døydde etter 1717 ettersom det var eit nytt norsk felttog i 1718 og krigsfangane i Noreg auka.

Ei årsak til at mange døydde i fangenskap er som Generalstaben påpeika «(Carl XII)s Hær led meget af sygdom».³²² Mange var allereie ved dårleg helse når dei blei tatt til fange. Ifølge Norsk Militært Tidsskrift (NMT) skal general Lützwow og admiral Gabel ha følgd etter svenskane under deira tilbaketog og skal i Kristiania ha fanga ca. 50 etterlatne sjuke svenskar, inkludert Oberst Mentzer og major Nieroth i tillegg til 23 overløparar frå den svenske hæren.³²³ At mange var sjuke kjem fram i forpleiingskjeldene, som omtalt i kapittelet om forpleiing, som viser at det blei betalt for medikament, ekstra forpleiing og losji for dei sjuke. Dette syner også at ein hadde omsyn for fangane sjølv om det var fienden.

Ein anna faktor som kan ha påverka dødelegheita er forpleiinga. Mangel på proviant både i den svenske hæren under felttoget i 1718, og i norsk fangenskap kan ha ført til at soldatane var underernærte og døydde av svolt og skjørbuk. Forhalda var ikkje betre i den norske hæren og som omtalt i kapittel 3.2 «Forpleiing» fekk ikkje dei norske styrkane nok proviant i 1718. Ein kan difor lure på om dei svenske fangane fekk tilstrekkeleg næring. Ifølge ein svensk forskar kan så mange som ein tredjedel av den svenske hæren på 60 000 ha døydd i felttoget i Noreg frå desember 1718 til mars 1719.³²⁴ I Sør-Noreg var dødsårsaka spesielt prega

³²⁰ Andersen, *Triumpf og tragedie*, bind 2, *Store Nordiske Krig*.

³²¹ [Krigshandlingar Stora nordiska kriget, SE/KrA/0388/14A/3: Krigsfångar, bild. 34-35.](#)

³²² Generalstaben, *Bidrag til Den Store Nordiske Krigs Historie*, bind 8, 132.

³²³ [Norsk Militært Tidsskrift 1902: 731](#)

³²⁴ Andersen, *Triumpf og tragedie*, bind 2, *Store Nordiske Krig*.

av sjukdom og mangel på mat.³²⁵ Slik Carey P. McCord skriv er det ikkje alltid den med størst hær og best våpen som vinn krigen. «Sometimes the very immensity of the military horde provided the certainty of famine and ensuing scurvy. Strategic acumen of valiant commanders meant nothing when the soldiery could barely crawl on empty bellies.»³²⁶

Det var mange svenske soldatar som døde under felttoget i 1718, og som nemnt i delkapittelet over, deserterte mange på grunn av svolt. Det er difor nærliggande å tenke at fleire krigsfangar døydde i fangenskap i 1718 og 1719, men ettersom kjeldene ikkje viser det kan det ikkje fastslåast. Moglege årsaker til at ein ikkje har kjelder på dette er at få døydde i fangenskap. Ein kan ha valt å ikkje fange dei skrøpelegaste svenskane då dei truleg kom til å døy i løpet av kort tid i fangenskap. I dette tilfellet ville ein ikkje få utveksla fangen og ein kunne risikere at vedkommande blei ei utgift og belastning. Ettersom ein var i krig er det også mogleg at dei sjukaste og dei som var skada blei myrda i staden for å bli tatt til fange. Christian Vs lovverk beskytta krigsfangar som var lova nåde, men dersom ein ikkje hadde fanga fienden endå, var det ingen regla som forbydde dei å drepe fienden. På den andre sida oppfordra regelverket og Slottslovens direktiv til å fange fienden og bringe dei til vedkommande med høgast kommando. Det over 300 år sidan krigen, og det kan difor tenkast at noko av kjeldematerialet kan være øydelagt eller at kjeldene som omtaler døde svenske krigsfangar i dette tidsrommet ligg andre stadar. Det er uansett tvilsamt at ingen døydde når forholda i hærane blir omtalt som verre enn i 1716.

Sidan mange døde i fangenskapet oppstår spørsmålet om korleis fangane blei handtert etter dei døydde. Etter Christian Vs krigsartikkelbrev §151 skulle soldatens lønn nyttast til å dekke soldatens gravferdsutgifter.³²⁷ Situasjonen blei ein anna når krigsfangar døydde. 11.november 1711 døydde Hans Claussen Willers etter å ha sete i arresten i Kristiansand. Proviantforvaltaren i Kristiansand Johan Valentin Wetzel skreiv til stiftamtman Henrik Adeler og spurte «[...]paa hvad maade det afdøde menneske til Jorden skall bestediges og hvor meget der til skal annvendes.»³²⁸ Adeler svarte i ein resolusjon av 12.november «[...]at hand til Jorden kand bestedes, med den bekostning for een gemene soldat gotgiøres, som hr. Proviantforvalter ville lade anskaffe.»³²⁹ Det blei ordna med likkiste som kosta 1 riksdalar og 2 skilling, for 1 tølt

³²⁵ Andersen, *Triumpf og tragedie*, bind 2, *Store Nordiske Krig*.

³²⁶ McCord, «Scurvy as an Occupational Disease», 441-447.

³²⁷ Christian V, *Krigs-Artikels-Brev og Krigsrets Instruction*, 73-74.

³²⁸ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/EI/L0052/0003: Forskjellige pakkesaker/Om utgifter med svenske fanger, 1710-1714, s.82 og s.87](#)

³²⁹ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/EI/L0052/0003: Forskjellige pakkesaker/Om utgifter med svenske fanger, 1710-1714, s.82](#)

furebord, spiker og arbeidslønn til snekkaren.³³⁰ Kostnadane for kistene varierte i tid og rom og blei ført opp i forpleiingslistene og sannsynlegvis dekkja av staten. 15.november døydde endå ein krigsfange i Kristiansand, Anders Torsen. Kjeldene viser at det blei betalt for likkister og at fangane skulle gravleggjast, men seier ingenting om kvar dei blei gravlagde. Den fanga rittmeisteren Carl Henrik Norman som døydde i 1719 blei derimot gravlagd på Domkirkegården i Kristiansand.³³¹ Det er nærliggande å tenke at dei andre krigsfangane som døydde også blei gravlagt her, truleg kan kyrkjebøkene kaste lys over dette.

I Bergen har Jo Rune Ugulen funne at to svenske fangar, Lars Lagermand og Jens Engelods skal ha blitt gravlagde på St. Jørgens kyrkjegard i 1716, og skal ha fått fri gravplass grunna fattigdom.³³² I dei kjeldene som eksplisitt nemner kvar fangane blei gravlagt står det at fangane blei gravlagt på kyrkjegardar . Det ser difor ut til at det var vanleg praksis i Noreg å gravleggje dei svenske fangane på kyrkjegardane.

Det er likevel mogleg at nokre kan ha blitt gravlagt andre stader ettersom kjeldene ikkje nemner kvar alle fangane blei gravlagt. Døme på dette finn vi i Sven Molaug og Rolf Scheens bok om Fregatten «Lossen» som forliste på julafta 1717. 22.desember 1717 førte Kaptein Løytnant Poul Christian Bruun fregatten Lossen på ein siste seglas frå Stavern. Ombord var det 109 mann inkludert seks svenske krigsfangar som skulle først til Frederikshavn i Danmark.³³³ Julafta kom fregatten utfor eit uvær og måtte segle i store brenningar i mørket. Lossen støtte borti eit svaberg og forliste julenatta ved Stolen på Vesterøy. Av dei 109 ombord drukna 55 medan 54 blei redda. Av dei seks krigsfangane ombord var det berre ein som blei berga og overlevde. Kven dei døydde krigsfangane var har eg ikkje funne ut av. Ifølge Molaug og Scheen skreiv kapteinen 28. desember 1717 to rullar over mannskapet, ein over mannskapet som døydde i forliset og ein over dei som blei redda. Rullane er kvittert for, men ikkje komme for dagen.³³⁴ Ettersom fregatten forliste er det moglegheiter for at nokre ligg på havbotn. Av dei som blei drivne i land antar forfattarane at desse ligg gravlagt i ei massegrav i ei myr på Vauer. På den eine sida er det merkeleg at dei omkomne ikkje blei gravlagt på kyrkjegarden i vigsla jord, men som forfattarane påpeika, kunne ein ikkje være sikre på om dei var kristne. I tillegg

³³⁰ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/EI/L0052/0003: Forskjellige pakkesaker/Om utgifter med svenske fanger, 1710-1714, s.88](#)

³³¹ Stylegar, *Fangen på Christiansholm*, 76.

³³² Ugulen, «Fram... og tilbake igjen?», 44.

³³³ Svein Molaug og Rolf Scheen, *Fregatten «Lossen»: et kulturhistorisk skattekamer* (Oslo: Norsk sjøfartsmuseum, 1983), 72.

³³⁴ Molaug og Scheen, *Fregatten «Lossen»*, 72

ville det bli store kostnader å spikre kister til kvar og ein. Den beste løysinga var difor truleg å gravleggje dei i ei massegrav.³³⁵

Mange av dei som døydde, døydde på festningane, som ein kan lese av tabellen i vedlegget over døde fangar. Ein kan difor lure på om det var betre forhold i distrikta. Dokumenta seier ingenting om kvar fangane budde i distrikta, men det kan tenkast at fleire blei innkvartert på gardar og fekk sove på låven eller i eit hus. På festningane kunne fangane bli innkvartert og måtte bu tett på kvarandre i kalde rom. Ei årsak til at mange døydde på festningane var at fangane blei plassert der frå starten av etter dei blei fanga og etter felttoga. Dei som var sjuke og i faresona for å døy blei heldt på festningane til dei var ved god nok helse til å arbeide.

4.1.3 Rømte krigsfangar

Utifrå lovverket i samtida og dei folkerettslege tenkjaranes skrifter blei krigsfangar sett på som eit krigsbytte. Ifølge Pufendorf blei det i romersk lov sagt at slavar som rømte «(gjorde) eit tjuveri av seg sjølv.»³³⁶ Basert på eigen innsamling og registrering av svenske fangar frå kjeldematerialet rømte 74 svenskar frå fangenskapet i Noreg, sjå [vedlegg 9](#) for tabell over rømte fangar. 66 rømte frå Kristiansand, ein frå Larvik, ein frå Voss og seks frå Bergen. Det er likevel mogleg at fleire svenske fangar klarte å rømme. Dokumenta kan ha blitt øydelagt med tida, dei ansvarlege kan ha unnlatt å opplyse det i frykt for straff, dokumenta kan ligge i andre kjeldepakkar eller så var det ikkje fleire som rømte.

Frå 1709 til 1711 klarte nesten alle krigsfangane som hadde blitt plassert i Kristiansand å rømme, som omtalt under delkapittelet 3.1 «Plassering av fangar». At mange rømte same dag viser at fangane hadde planlagt å rømme, trass i at fangane var innkvartert på forskjellige stader hjå allmugen. Det er ikkje langt frå Kristiansand til Sverige, dersom fangane fekk tak i eit fartøy ville dei kunne segle i trygghet i løpet av natta. Byens plassering i forhold til Sverige kan bidra til å forklare at så mange tok sjansen på å rømme. Det kan difor tenkast at det var mindre rømingfare på vestlandet som låg lengre vekk, og som truleg er ei årsak til at så mange krigsfangar skulle sendast til Bergen i 1716, sjølv om fleire fangar tok arbeid på veggen. Dersom mange rømte frå Kristiansand fordi det var nærme Sverige, ville det i teorien vore mange som rømte frå Oslo, Larvik og Fredrikstad som låg nærmare. At det var så få som rømte derifrå, har truleg med at det var strengare vakthald og at mange var innkvartert på festningane. På den

³³⁵ Molaug og Scheen, *Fregatten «Lossen»*, 77-79.

³³⁶ Pufendorf, *The Classics of international law*, 939.

andre sida kan hamna og fartøya i Kristiansand ha vore dårleg vakta, som gjor det lettare å rømme derifrå i forhold til andre stader.

Militæret tok over forvaring av dei 26 attverande fangane i Kristiansand og rådhuset blei nytta som eit slags fangehus etter Slottslovens ordre. 17.november klarte likevel tre menn; Claus Clausen, Tommis Derichsen og Olle Anderssen å rømme.³³⁷ Utifrå Christian Vs lov skulle ein i teorien bli straffa for å ha latt krigsfangane rømme. Enten med æres og livsfortapelse eller ved å stille i fangens stad og utstå straffa som var tildelt fangen.³³⁸ Kjeldematerialet seier ikkje noko om at verken det sivile eller militære blei straffa i denne saka. At to av dei 26 fangane døydde og 14 krigsfangar og ein lausgjengar blei innlevert frå den svenske fregatten «Anna Sophia»³³⁹ var det totalt 35 krigsfangar og ein lausgjengar igjen i Kristiansand på slutten av 1711.

I *Elleveårskrigen* bind III fortel Schiøtz om løytnant Petter Barkman som skulle føre svenske krigsfangar til utveksling, men som resulterte i at 31 svenske fangar klarte å rømme.³⁴⁰ 15.november 1711 blei 35 krigsfangar og ein lausgjengar som hadde oppheldt seg i Kristiansand levert til Kaptein Nils Pedersen Friborg som segla dei til Stavern på fregatten «Leoparden». Friborg overleverte fangane til Løytnant Petter Barkman på Brigantinen «Kristiania», som hadde i oppdrag å frakte 40 fangar til utveksling.³⁴¹ 28.desember 1711 døydde svensken Lars Olsen ombord på Brigantinen.³⁴² Ifølge Schiøtz la Barkman til hamn og tok med seg ni menn frå besetninga, og sju svenskar for å gravlegge den døydde.³⁴³ Av dei fem fangane som skulle utvekslast i tillegg til dei frå Kristiansand var Arve Pedersen og Siver Pedersen med Barkman til land, kven dei tre andre var står ikkje. Det hadde truleg gått betre om den døydde hadde blitt kasta over bord, då dei attverande svenskane på Brigantinen klarte å erobre skuta og segle heim i friheit. 4.januar 1712 kom svenskane til Gøteborg. 31 svenskar slapp fri og 21 matrosar i danske teneste blei tatt til fange. Av alle fangane som hadde oppheldt seg i Kristiansand klarte over 60 fangar å rømme, og fem fangar frå Kristiansand samt to frå ein anna stad var igjen etter å ha blitt med Barkman til land for å gravlegge den døydde. Av dei fem attverande fangane frå Kristiansand, døydde Peter Holm 2.januar ombord på fregatten «Leoparden».³⁴⁴

³³⁷ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/EI/L0052/0003: Forskjellige pakkesaker/ Om utgifter med svenske fanger, 1710-1714, s.77](#)

³³⁸ Christian V, *Krigs-Artikels-Brev og Krigsrets Instruction*.

³³⁹ Schiøtz, *Elleveårskrigen militære historie*, bind 3, 348.

³⁴⁰ Schiøtz, *Elleveårskrigen militære historie*, bind 3, 348.

³⁴¹ Schiøtz, *Elleveårskrigen militære historie*, bind 3, 348.

³⁴² [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/EI/L0052/0003: Forskjellige pakkesaker/ Om utgifter med svenske fanger, 1710-1714, s.180](#)

³⁴³ Schiøtz, *Elleveårskrigen militære historie*, bind 3, 348.

³⁴⁴ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/EI/L0052/0003: Forskjellige pakkesaker/ Om utgifter med svenske fanger, 1710-1714, s.181](#)

Den skandaløse hendinga fekk store konsekvensar for Barkman som blei dømt til døden med arkebusering av krigsretten.³⁴⁵ Han blei heldt i forvaring i Stavern fram til han skulle stillast for over krigsretten i København. Der blei dødsdommen endra til avskjed og han fekk lov til å reise heim til Noreg.³⁴⁶ Barkman blei dømt til døden i samsvar med Christian Vs lovverket og blei seinare benåda av kongen. Andersen påpeika at dødsdommar ofte blei endra, og som omtalt i kapittel 2.6 skulle alle dødsdommar godkjennast av kongen, som hadde rett til å benåde.³⁴⁷ Barkman blei difor både dømt og benåda i tråd med normene.

Det kunne vere fleire årsaker til at kongen benåda dødsstraffer. Av politiske eller personlege årsaker, for å byggje nettverk eller dersom dei dømte var rike, og ein hadde behov for pengar i statskassa. Endring i krigsartiklane frå 1500-talet innebar gradering av straffene utifrå forbrytingas grovheit for å skjerme soldatane. Det er mogleg at kongen var påverka av folkerettslege prinsipp om human behandling. Det kan også tenkast at det var fleire ansvarlege som hadde vakt på skipet og at Barkman ikkje var åleine om skulda sjølv om han hadde øvste kommando.

Christian Vs krigsartiklar omtalte i stor grad konsekvensar for dei som lot fangane rømme og ikkje dei som rømte. Kong Fredrik IVs forordning frå 1715 som omhandla at fangane skulle fordelast ut i riket og forpleiast der dei tok arbeid omtalte også konsekvensar for fangane dersom dei skulle forsøke å rømme.

Skulle nu nogen af bemeldte Svenske Fanger, uagtet denne Vores allernaadigst til sømmelig Ophold for dem gjordte Anstalt, søge at bortrømme, da skulle de, naar de der udi blive attraperede, strax til næste fæstning forsende, der enten udi Jern at arbejde, eller og efter Sagens Omstændigheder videre straffes.³⁴⁸

I 1715 hadde allereie mange svenske fangar klart å rømme. Ei tolking av anordninga er at den blei publisert for å vise fangane at det venta hardare behandling dersom dei forsøkte å stikke av, og som eit forsøk på å redusere framtidige fluktforsøk. I ei forpleiingskjelde underskrive av Leonard Pegman i 1717 i Kristiansand står det at «En Svensk rittmeister navnlig Norman, der af sin Arrest var Entviget og igien Attraperet, bleven forsikkret med 6 (skilling)

³⁴⁵ Schiøtz, *Elleveårskrigens militære historie*, bind 3, 348.

³⁴⁶ Schiøtz, *Elleveårskrigens militære historie*, bind 3, 348.

³⁴⁷ Andersen, *Triumf og tragedie*, bind 2, *Store Nordiske Krig*.

³⁴⁸ *Kong Friderich den Fierdes allernaadigste Forordninger og aabne Breve fra den 26. Augusti Aar 1699 Aar 1715 udgangne*, 14-16.

om daggen udj penge, effter Velbaarne hr. oberst og Comendant de Ferrys ordre». ³⁴⁹ Utifrå dette tolkar eg at offiseren og Rittmeister Carl Henrik Norman som satt fanga i Kristiansand frå 1716 klarte å rømme og blei fanga igjen. Utifrå Fredrik IVs anordning skulle han i teorien arbeide i jern på festningen og straffast utifrå sakas omstende. Rittmeisteren døydde i fangenskap på Kristiansholm festning og blei gravlagd på domkyrkjegården i Kristiansand i 1719. ³⁵⁰ At rittmeisteren blei heldt på festningen fram til han døydde talar for at han blei heldt under oppsyn.

Eit anna døme på ein fange som moglegeins blei fanga etter forsøk på å rømme er Niels Torgeirsen. Ein svensk los som rømte frå behandling på Larvik orlogssjukehus 27.oktober 1712. ³⁵¹ Ein los med namn Niels Torgeirsen dukkar opp i ei kjelde utan år som seier at den fanga losen var forpleia på reisa frå Stavern 9.mai til Christiania 12.mai. ³⁵² Dersom det var same person og den sistnemnte kjelda var datert etter førstnemnte er det moglegheit for at den svenske rømlingen blei fanga igjen og skulle marsjere til festninga i Akershus for å arbeide i jern etter forordninga.

Kva straffa for å rømme spesifikt innebar står det ikkje, og ettersom det ikkje er dokument som syner behandlinga rittmeisteren eller potensielt den svenske fangen Niels Torgeirsen blei utsett for etter å bli fanga igjen, er det vanskeleg å seie sikkert. Etter Christian Vs krigsartiklar kunne lovbrytarar ytterlegare straffast med å settast på vann og brød, trehesten, pælen, gå spissrot, piskast, brannmerkas, få avskore øyre eller hugge av fingre og hand. ³⁵³ Dette blir berre spekulasjonar når ein manglar kjelder som kan vise til praksis. Ei årsak til at straffene ikkje er nemnt kan vere fordi den er registrert andre stader som i regnskapa eller sakefallsregisteret.

³⁴⁹ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/EI/L0052/0003: Forskjellige pakkesaker/Om utgifter med svenske fanger, 1710-1714, s.187](#)

³⁵⁰ Stylegar, *Fangen på Christiansholm*, 76.

³⁵¹ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/EI/L0054/0003: Forskjellige pakkesaker/Rulle over syke orlogsfolk som ble ført i land til Larvik, 1712.](#)

³⁵² [Stattholderembetet 1752-1771, RA/EA-2870/EI/L0052/0003: Forskjellige pakkesaker/Om utgifter med svenske fanger, 1710-1714, s.71](#)

³⁵³ Christian V, *Krigs-Artikels-Brev og Krigsrets Instruction*, 122-123.

4.2 Kvinner og barn

«[...] det var mange qvindfolk med den svenske arme.»³⁵⁴

I *Stormaktens sista krig* skriv Olle Larsson at det ikkje var uvanleg at kvinner og barn var med i felt. Offiserar kunne ha med eigne piker og drengar, og hustruer og barn kunne følge med sine menn og ta arbeid som bakarar, vaskedamer eller kjøkkenpersonale.³⁵⁵ At 1600 kvinner og barn blei tatt til fange etter den svenske kapitulasjonen i Perevolotjna i 1709 vitnar om at antalet kvinner og barn i den svenske armeen var betydeleg.³⁵⁶ Maria Sjöberg skriv i *Stormaktens krig – och kvinnor* «Medföljande kvinnor och barn registrerades emellertid inte och det är därför ovisst hur många de var».³⁵⁷ Kvinner og barn blei heller ikkje oppført i fangelister i Noreg, med unntak av eit par eg har kome over. Ei tolking av dette er at kvinner ikkje blei sett på som fangar. Det er difor nærmare umogleg å sette eit tal på svenske kvinnelege fangar. At kjeldene fortel så lite om kvinnene gjer det også vanskeleg å seie noko om kva behandling dei fekk, og kan tale for at samtida ikkje såg på dei som krigsfangar.

I utvekslingslista frå 3.oktober 1716 er ei kvinne med namn Ingeborg Isaacksen med stilling som Matros nemnt.³⁵⁸ Det er oppsiktsvekkande at ei kvinne blir nemnt i lista over fangane som er blitt utveksla då den norske og svenske sida i 1712 blei einige om at kvinner og barn ikkje skulle utvekslast, men sleppast fri utan betaling. Utveksling av fangar blir diskutert i kapittel 5. At ei kvinne blei oppført i utvekslingslistene strider dermed mot reglane som blei satt for utveksling av fangar mellom Sverige og Noreg. Utvekslingsnormene kan på si side ha bidratt til at kvinner ikkje blei ført opp i listene ettersom dei ikkje hadde noko utvekslingsverdi, eller på den andre sida ført til at dei ikkje blei tatt i utgangspunktet. At Ingeborg blei oppført som Matros er merkverdig og viser som Maria Sjöberg skriv at «Det fanns även en liten och relativt osynlig kategori kvinnor som klädde sig i manskläder och deltog i strid som soldater.»³⁵⁹ Ei tolking som kan takast i betraktning er at Ingeborg faktisk var matros, og dermed regulær stridande, og kan difor ha blitt sett på som soldat som skulle utvekslast.

³⁵⁴ Nedre Romerrike Sorenskriveri, SAO/A-10469/F/FB/L0055 Tingbok 1714-1718, s.209b. Blei sagt av Maren Valtresdatter i rettssaka om dei tre ihjelskutte qvindfolk..


³⁵⁵ Olle Larsson, *Stormaktens sista krig: Sverige och stora nordiska kriget 1700-1721* (Lund: Historiska Media, 2009), 74-75 & Sjöberg «Stormaktstidens krig – och kvinnor – Något om betydelsen av perspektiv», 204.

³⁵⁶ Larsson, *Stormaktens sista krig*, 74-75.

³⁵⁷ Sjöberg, «Stormaktstidens krig – och kvinnor – Något om betydelsen av perspektiv», 205.


³⁵⁸ [Kommanderande general \(KG I\) med Det norske krigsdirektorium, RA/EA-5419/E/Eb/L0015: Diverse, 1716-1719, s.173](#)

³⁵⁹ Sjöberg, «Stormaktstidens krig – och kvinnor – Något om betydelsen av perspektiv», 210.



Bilde 2 Ingeborg Isaacksen

Den andre kvinna eg kom over i kjeldene var Anne Biörns daatter, som saman med 15 svenske menn satt fanga på Fredrikstad og fekk forpleiing til dei blei bortsendt 29.september 1718.³⁶⁰ At ei kvinne er nemnt i forpleiingslistene er interessant då dette er den einaste kjelda eg har funne som eksplisitt nemner at det er betalt forpleiing for ei kvinne. Truleg har Ingeborg også fått dekka forpleiing i løpet av fangenskapet. Dette er derimot den einaste kjelda som nemner Anne Biörns daatter. Ettersom ho ikkje er nemnt i utvekslingslistene og ikkje er oppført med ei stilling er det mogleg at ho var gift med ein soldat og difor var med. På den andre sida er det mogleg at Anne var ein soldat i den svenske armé og del av krigsstyrken på same måte som Ingeborg Isaacksen.



Bilde 3 Anne Biörns daatter

I Slottslovens konsept til voteringsprotokoll frå 15.januar 1717 står det om eit trippeldrap på svenske soldatkvinner i Svindal,³⁶¹ som i 2023 blei analysert av Ola Teige i kapittelet ««De 3de ihielskutte qvindfolk». Frykt, avsky og mord under den svenske invasjonen av Norge i 1716».³⁶² Under det svenske felttoget i Noreg 15.mars 1716 skal tre karar; desertøren Lars Larsen Svenske³⁶³, husmannen Jens Gaukerud og sagdrengen Henrik Madsen ha skutt ihel tre svenske kvinnfolk i Fet prestegjeld, gravlagt dei i ei snøfonn og seinare gøymd dei under isen i Glomma.³⁶⁴ Kvinnene skal ha reist forbi Svindal tre dagar etter det svenske felttoget med ein hest og slede. Dei var soldathustruer på leit etter sine ektemenn. Ryktet om mordet nådde futen og det blei utført avhøyr av gjerningsmennene.³⁶⁵ Mordet på kvinnene blei sett på som mord på uvæpna sivile og skulle etter Christian Vs lov straffast etter sakens eigenart.³⁶⁶ At det blei ei rettssak talar for at kvinnene ikkje blei sett på som fangar, men som sivile.

³⁶⁰ [SAKO/A-1056/F/Ff/Ffb/L0018/0001: Brev/Spesielle saker, 1716-1748, s.180](#)

³⁶¹ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/Aa/L0007: Konsept til voteringsprotokoll, 1716-1717, s.223.](#)

³⁶² Teige, «De 3de ihielskutte qvindfolk».

³⁶³ Svensk desertør som har avlagt truskapseid til Fredrik IV

³⁶⁴ Teige, «De 3de ihielskutte qvindfolk», 48.

³⁶⁵ Teige, «De 3de ihielskutte qvindfolk».

³⁶⁶ Christian V, *Krigs-Artikels-Brev og Krigsrets Instruction*, 18-19.

Under felttoget i 1716 hadde øvrigheita sendt ut ein ordre om å yte motstand mot okkupantane, som inkluderte både menn og kvinner og synte at alle svenskar var fienden.³⁶⁷ Mordet var i samsvar med Holbergs folkerettslege tankar frå samtida som sa at «En Fiende (...) tilladt at beskadige en anden baade paa hans Person og hans Gods, saa at han formedelst den Grumhed og Vold. Han har øvet mod sin Fiende, medens Krigen varer, ikke kand straffes som en anden Morder.»³⁶⁸ Christian Vs krigsartikkel §131 sa derimot at alle fangar som blei tatt frå fienden skulle stillast for den med øvstekommando. Ifølge lova skulle dei i dette tilfellet ha ført fangane til futen eller lensmannen, noko dei ikkje gjorde.

Både futen Munch og Baron Frederik Krag i Christiania meinte at drapet på dei tre kvinnfolka var eit rovmord, sistnemnte skreiv til kongen at handlingspersonane i det minste burde straffast med straffarbeid på livstid.³⁶⁹ Drapsmennene og dei medskyldige bøndene som var med på å planlegge mordet blei stemna av Futen til bygdetinget, der sorenskrivaren i Nedre Romerike Hans Wexelsen skulle dømme. Som Ola Teige påpeikar ville Wexelsen blitt upopulær dersom han dømte to av sorenskriveriets fremste bønder og deira arbeidarar til så strenge straffer. I juli 1716 sendte Wexelsen ein supplikk til kongen der han bad om å få sleppe å dømme i saken samtidig som han argumenterte for at gjerningsmennene burde sleppe straff og for å rettferdiggjere drapa. Blant argumenta var at mordarane trudde dei utførte kongens ordre, svenskane var legitime mål og ikkje sivile og at å gjennomføre ein rettsak ville føre til at den norske allmugen i framtida ville være redde for å stå imot invaderande fiendar.³⁷⁰

Wexelsen slapp ikkje frå sitt embetsplikt og blei beordra til å dømme i saka og sende inn avgjersla til kongen for godkjenning.³⁷¹ Rettsaka blei ført i Tingbok for Nedre Romerike sorenskriveri 12.februar 1717.³⁷² I mars 1717 fant Wexelsen dei skyldig i overlagt drap og at det var bøndene som hadde planlagt og overlata utføringa til gjerningsmennene. Overlagt drap resulterte som regel i dødsstraff, men for å unngå det la Wexelsen vekt på frykta lokalbefolkninga følte for svenskane og handlingane svenskane hadde utført i løpet av felttoget i bygda.³⁷³ Gjerningsmennene hadde allereie arbeidd på Akershus festning frå 29.juni til 24.november 1716 då dei blei dimittert av visestatthaldaren Baron Krag.³⁷⁴ Etter rettsaka i starten av 1717 konkluderte Wexelsen med at dei slapp vidare straff. Dommen blei sendt ned

³⁶⁷ Teige, «De 3de ihielskutte qvindfolk», 67.

³⁶⁸ Holberg, *Introduction til Naturens- og Folke-Rettens Kundskap*, 133.

³⁶⁹ Teige, «De 3de ihielskutte qvindfolk», 64.

³⁷⁰ Teige, «De 3de ihielskutte qvindfolk», 65.

³⁷¹ Teige, «De 3de ihielskutte qvindfolk», 65.

³⁷² [Nedre Romerike sorenskriver, SAO/A-10469/F/Fb/L0035: Tingbok, 1714-1718, s.193a-217b.](#)

³⁷³ Teige, «De 3de ihielskutte qvindfolk», 71.

³⁷⁴ [Nedre Romerike sorenskriver, SAO/A-10469/F/Fb/L0035: Tingbok, 1714-1718, s.193a-217b.](#)

til kongen for godkjenning, det danske kanselliet meinte at trippeldrapet burde straffast, medan kongen sendte dommen vidare til høgsterett som godkjente dommen.³⁷⁵ Dermed var mordarane fri og slapp unna med ein mild straff.

Det var difor ikkje samsvar mellom lov og praksis i denne rettssaka. Det er også interessant som Ola Teig skriv at kongen sjølv var interessert i saka og ikkje følgde rådgjevaranes anbefaling, men var einig i og påverka av Wexelsens argument som resulterte i at dei sikta slapp vidare straff.³⁷⁶ At det i det heile tatt blei ei rettssak vitnar om at det også var forskjell i behandling av kombattantar og non-kombattantar under krigen.

I likskap med kvinnene seier kjeldene lite om barn, med unntak av unge gutar i stillingar som drengar. Utover i krigen blei det ramsa opp fleire gutar med stilling som offisersdreng, trossdreng, kapteinsdreng og dreng. [Sjå vedlegg 10](#) for tabell over drengar i fangenskap. Dokumenta nemner eksplisitt 24 drengar, som blei fanga frå 1712 på fartøy og i felttoga og plassert i Bergen, Trondheim, Fredrikshald, Kristiania, blei sendt til Danmark og utveksla til Sverige. Det er derimot eit fåtal dokument som gjev ytterlegare informasjon om drengane. Anders Knappe frå Uddevalla i Sverige er den første drengen som blir omtalt i kjeldelitteraturen. Knappe var 15 år og satt i fangenskap i Bergen i 1712. I utvekslingsforhandlingane same år blir drengen eksplisitt nemnt med namn med ein kommentar om at han skal settast fri. Gjennom forhandlingane blei det bestemt at drengar ikkje skulle reknast som krigsfangar, men settast fri, det kan likevel sjå ut til at bestemminga ikkje blei følgt i praksis. Dette blir diskutert i neste kapittel. Morten Olsen var også 15 år, trossdreng og blei fanga under felttoget i 1716. Olsen kom i teneste hjå Herucius Sørensen i Larvik og blei sidan beordra til Danmark i 1716.³⁷⁷ Dette syner at drengar kom i teneste på lik linje som krigsfangane. Bent Uggla på den andre sida var 24 år då han blei fanga i Moss og registrert som kapteinsdreng. Det er uvisst om Uggla eigentleg var ein dreng då han blir omtalt som ryttaar i eit svensk dokument.³⁷⁸

³⁷⁵ Teig, «De 3de ihjelskutte qvindfolk», 72.

³⁷⁶ Teig, «De 3de ihjelskutte qvindfolk», 72.

³⁷⁷ [Larvik grevskap, SAKO/A-1056/F/Ff/Ffb/L0018/0001: Brev/Spesielle saker, 1716-1748, s.106 & 169](#)

³⁷⁸ [Krigshandlingar Stora nordiska kriget, Krigsfångar, SE/KrA/0388/14A/1b: bild 80](#)

4.3 Spor i tingbøker

Spor etter dei svenske krigsfangane dukkar opp i rettsprotokollar i tingbøker, og i supplikkar som blei sendt til danske kanselli. I Fredrik IVs forordning av 8.april 1715 står det at svenskane har oppført seg skammeleg mot kongens undersåttar og dersom ein hadde dømt fangane etter krigsartiklane hadde dei fått harde straffer.

Vi allernaadigst til deres Forpflegning haver ladet gjøre ej allene imod deres givne Parole, ere bortrømte, mens end og tillige med skammelige har bortløvet Vore Undersaatters Baade og Fartøje, en deel af de tilbage blevne, forøvet adskillige Infolentier med Tyverie, Slagsmaal og deslige, hvorved de i haard Straf vare forfaldne, dersom Vi, efter Lovens og Krigs-Articlernes Skarphed med dem hadde villet lade forfare.³⁷⁹

Utifrå dette seier forordning at dei svenske fangane ikkje blei dømt i samsvar med krigsartiklane. I Christian Vs krigsartiklar av 1683 skulle slagsmål etter §30 og §32 straffast på kroppen eller livet.³⁸⁰ Straff på kroppen kunne innebere å settast i jern i fengsel, på vann og brød, trehesten eller pælen, medan straff på livet innebar dødsdom.³⁸¹ Etter §43 skulle oppmuntring til slagsmål straffast med henging.³⁸² Tjuveri på den andre sida innebar også straffar utifrå sakens omstende etter §25 og kunne straffast med spissrot, fengsel eller galgen.³⁸³

Bygdetinga var den lågaste domstolen. Tingbøkene inneheld detaljerte skildringar over kva som blei sagt på tinga. Skrifta i bøkene bærer preg av å ha blitt skrive fort og er til tider slurvete og vanskelege å tyde. Fleire av tingbøkene manglar også innhald frå ulike år i løpet av krigen då materialet er gått tapt. Sunnhordlands tingbok manglar åra mellom 1716-1723 og Hardanger, Voss og Lysekloster manglar 1714 til og med 1717. På bakgrunn av tid har det ikkje vore anledning til å gå igjennom alle tingbøkene i perioden. Difor er nokre avskrifter av tingbøker blitt undersøkt.

Det er stort sett i forbindelse med leiarmål og slåsskampar dei svenske fangane dukkar opp i tingbøkene. I tingbok for Hardanger, Voss og Lysekloster frå 3.mars 1719 over området Odda, Ullensvang, Kinsarvik og Røldal blei Omund Ellingsen Sandven og ein svenske stemna

³⁷⁹ Kong Friderich den Fierdes allernaadigste Forordninger og aabne Breve fra den 26. Augusti Aar 1699 Aar 1715 udgangne, 14-16.

³⁸⁰ Christian V, *Krigs-Artikels-Brev og Krigsrets Instruction*, 22-25.

³⁸¹ Christian V, *Krigs-Artikels-Brev og Krigsrets Instruction*, 122-123.

³⁸² Christian V, *Krigs-Artikels-Brev og Krigsrets Instruction*, 29.

³⁸³ Christian V, *Krigs-Artikels-Brev og Krigsrets Instruction*, 20.

for slagsmål. Ingen av dei innstemna eller vitnet Jacob Christensen møtte. Difor skal rettssaka ha blitt flytta til neste rettsmøte.³⁸⁴ Saka blei tatt opp i neste ting eller tinga etterpå, det er difor vanskeleg å seie kva som var årsaka til slagsmålet eller utfallet av saka. Hypotesar kan vere at materialet er gått tapt, det er funne ei intern løysing eller at saka er blitt tatt opp i ei anna rettssak. Truleg blei svensken utveksla og fekk reise heim utan dom ettersom mange svenskar i Noreg frå februar 1719 og utover i krigen blei utveksla samt at neste tingmøte i området var sommartinget 14.august. Det er likevel vanskeleg å seie sikkert når svensken ikkje blir nemnt med namn.

Fleire svenske krigsfangar blir nemnt i leiarmålssaker, altså samleie utanfor ekteskap. I samsvar med Christian Vs norske lov av 1687 skulle leiarmål straffast med bøter, 6 riksdalar for kvinner og 12 riksdalar for menn samt open skrifting i kyrkja.³⁸⁵ Reglane var derimot annleis for soldatane, som etter forordning av 1671 blei fritatt straff for første leiarmål.³⁸⁶ Den svenske soldaten Erik Pedersen skal ha begått leiarmål med Birgitte Siversdatter i Kristiansand i 1718.³⁸⁷ Ingeborg Pedersdotter Frøsetter fekk barn med den svenske fangen Joseph Pamphelli i 1716.³⁸⁸ Søren Torgrim skriv i boka *Bøddel: Mathias Fliegenring 1685-1729* at Valborg Pedersdatter skal ha fått eit barn med ein svensk krigsfange med namn Lind i Stadsbygd utanfor Trondheim.³⁸⁹ Valborg skal ha fått tre barn med tre forskjellige personar og difor straffa for tredjegongs leiarmål etter §6-13-9 i Christian Vs norske lov.³⁹⁰ Det var vanleg praksis at kvinnene blei hardast straffa i leiarmålssaker. Sørnes skriv ikkje meir om krigsfangen i boka, det er derfor uvisst om han blei straffa.

27.november 1717 blei det heldt haust ting i Mielde skipreide der Ranvei Monsdatter blei stemna for «[...] begangne første Løsagtighed og Barne-avling til strafs lidelse efter Loven og tilkiendegive hvem hendis Barns fader Var.»³⁹¹ 24.mai 1718 blei saka tatt opp igjen og det blir opplyst om at ein svensk fange med namn Anders skulle være barnets far. Ettersom ingen av gjerningspersonane møtte blei dei kalla inn til neste ting som blei heldt 26.oktober same året. Då Ranvei heller ikkje møtte andre gangen byrja Futen å mistenke at det låg ein større synd bak fasaden, og det blei avsagt at dersom Ranvei ikkje møtte neste gong ville ho få bot og dom for

³⁸⁴ Digitalarkivet, [Tingbok I.A.d.8 for Hardanger, Voss og Lysekloster 1718-1720](#), avskrift, bidragsytar Håkon Aasheim.

³⁸⁵ [Holmberg, «Forbud mot sex før ekteskap». Norgeshistorie – Fra steinalderen til i dag. Fortalt av fagfolk.](#)

³⁸⁶ [Holmberg, «Forbud mot sex før ekteskap». Norgeshistorie – Fra steinalderen til i dag. Fortalt av fagfolk.](#)

³⁸⁷ [Rentekammeret inntil 1814, RA/EA-4066/R/Rm/L0285: \[M18\] Sikt og sakefall, 1681-1718, s.603](#)

³⁸⁸ Ugulen, «Fram... og tilbake igjen?», 46-47.

³⁸⁹ Torgrim Sørnes, *Bøddel: Mathias Fliegenring 1685-1729* (Bergen: Vigmostad Bjørke, 2016).

³⁹⁰ Sørnes, *Bøddel: Mathias Fliegenring 1685-1729*, 94.

³⁹¹ Digitalarkivet, [Tingbok 34 for Nordhordland 1715-1719](#), avskrift, bidragsytar Håkon Aasheim.

lausaktigheit og barneavl.³⁹² Neste rettsmøte 20.april 1719 tilstod Ranvei at den svenske offiseren Anders Harchapæus var barnefaren. Svensken var også innkalla og sa «[...] at hand ikke kand negte at have haft legemlig omgiengelse med Rangvei Monsdatter, men efter hands reining skulle noget fattis paa tiden, som efter udreining var paa 4re Uger.»³⁹³ Ranvei Monsdatter heldt fast ved det ho hadde sagt og avla ed på at ho berre hadde hatt samleie med Harchapeus. Saken skal deretter ha blitt drøfta, men viser ikkje kva dom som blei avsagt.

Carl Olsøn var ein svensk rytta som begjekk leiarmål med Cathrine Jensdatter i 1715. I tingboka frå 1719 kjem det fram at rettssaka ikkje blei fullbyrda ettersom Carl og Cathrine forlèt futedømmet rett etter fødselen. Nokre landstrykarar som angiveleg skal ha vandra rundt skal ha opplyst om at Carl Olsøn var rømt frå svensk teneste og sagt at Cathrine Jensdatter var hans ekte hustru.³⁹⁴ Paret dukkar ikkje opp igjen i tingboka og det kan difor sjå ut til at dei slapp straff, med mindre dei blei dømt i ei anna rettssak eller straffa blei dokumentert i andre dokument. Om Cathrine var kona eller ikkje er uvisst, det er uansett stor sannsyn for at ho ville fått straff i ein eventuell rettssak då kvinnene som regel blei straffa og bar bevis om lovbrøtet i graviditeten. Ein moglegheit kan difor vere at dei gifta seg for å unngå straff. Carl var derimot ein soldat skulle etter regelverket sleppe straff for første leiarmål, med mindre dei svenske krigsfangane blei dømt annleis.

Tingbøkene syner ikkje at dei svenske soldatane måtte betale noko for leiarmåls sakene. Dels fordi rettssaka ikkje blei noko av og dels fordi dommen ikkje blei skriva ned i tingboka. Ei årsak kan være fordi soldatane i teorien slapp straff for førstegongs leiarmål. Det kan difor sjå ut til at det var samsvar mellom teori og praksis i leiarmålssakene som involverte svenske krigsfangar. Basert på dokumenta eg har analysert ser det ut til at krigsfangane slapp billig unna lovbrøt slik Friedrich IV sa i anordninga av 8.april 1715. På den andre sida kan fangane ha sona med futen eller mottatt anna straff som blei registrert i andre dokument. Ei grundigare analyse vil truleg avsløre fleire detaljar og kaste lys over dei eigentlege forholda og utkomma i rettssaker med svenske krigsfangar.

³⁹² Digitalarkivet, [Tingbok 34 for Nordhordland 1715-1719](#), avskrift, bidragsytar Håkon Aasheim, 1718, 173.

³⁹³ Digitalarkivet, [Tingbok 34 for Nordhordland 1715-1719](#), avskrift, bidragsytar Håkon Aasheim, 1719, 209b.

³⁹⁴ Digitalarkivet, [Tingbok 35 for Nordhordland 1719-1722](#), avskrift, bidragsytar Håkon Aasheim, 1719, 16.

4.4 Konklusjon

Dette kapitlet har undersøkt kva som skjedde med dei svenske fangane i norsk fangenskap. Spesielt på fangar som døydde, rømte og deserterte, kvinner og barn og spor av fangane i tingbøkene som gjev ytterlegare informasjon om forholda i fangenskapet i Noreg. Undersøkinga avdekkjer at krigsartiklane blei brote fleire gongar under krigen og at dei harde straffene for overskriding av lovverket sjeldan blei utført i praksis.

Etter vanleg sedvane i krig var det fleire svenske fangar som døydde, rømte og deserterte i løpet av fangenskapet. Harde forhold i felttoga førte til at mange allereie var prega av skader frå trefningar med nordmenn og sjukdommar etter mangel på mat, slitte klede og uhygieniske tilstandar over tid. Forpleiingskjeldene syner at ein hadde omsyn for krigsfangane som etter dokumenta fekk mat, losji, klede og medikament i tråd med krigsartiklane. Likevel var det mange som døydde. Majoriteten døydde på festningane, då sjuke og skada blei plassert der allereie frå starten og blei heldt der til dei blei friske nok til å sendast ut i distrikta for å arbeide. Ifølge Christian Vs krigsartiklar var det forbode å drepe krigsfangar som var lova nåde. Dersom nokre skulle oppføre seg uforskamma eller gjere opprør sa Fredrik IVs forordning av 1715 at vaktene kunne skyte fangane på staden. Endringa var eit resultat av omstenda og fungerte som eit verktøy for vaktene og som skremselspropaganda for dei svenske fangane når dei skulle fordelast ut i distrikta. Når fangane skulle marsjere i store grupper var det viktig med eit kontrollverktøy. Sjølv om kjeldematerialet ikkje fortel at ein fange blei myrda på grunn av dette, er det likevel moglegheiter for at det kan ha skjedd utan at det er registrert. Fangane som døydde blei gravlagt i kister på kyrkjegardane som blei betalt for av krigskassa. Det ligg difor fleire svenske krigsfangar gravlagt på forskjellige kyrkjegardar i landet.

Å få fiendens soldatar til å desertere var eit strategisk tiltak i krigføring, fleire gjekk difor aktivt inn for å få dei svenske soldatane til å desertere. Andre måtar å ifråroe svenskekongen soldatar var å tvinge soldatane til å ta teneste under danskekongen, sjølv om dette etter myndigheitenes ordre ikkje var lov. På den andre sida var ein også skeptisk til å ta inn svenskar i flåten, som kan ha bidratt til at desertørane blei heldt fanga og behandla som krigsfangar. I Sverige var straffa for dei svenske soldatane som deserterte henging. Likevel var det mange som deserterte, ei årsak kan vere at svenske desertørar var blitt benåda i tidlegare krigar og at ein hadde ei oppfatning om at det same ville skje i denne. På den andre sida var skilje mellom desertørar og krigsfangar ei gråsone. Svenskane blei sett på som fienden og blei behandla på same måte som krigsfangar sjølv om dei ikkje var regulære stridande. Desertørane

blei forpleia, tok teneste hjå befolkninga og blei til tider utveksla. Andre blei igjen i landet etter krigens slutt då dei hadde integrert og etablert seg i landet.

Etter Christian Vs krigsartiklar var det den ansvarlege vakta som skulle straffast dersom ein fange rømte. Dette skulle sikre godt vakthold av fangane, likevel var det mange som klarte å rømme. Etter omstenda blei det sendt ut ordre om å skjerpe vakthaldet og i forordninga av 1715 sa Fredrik IV at dersom nokon forsøkte å rømme men blei fanga igjen skulle dei fraktast til festninga der dei skulle arbeide i jern og vidare straffast etter sakas omstende. Likevel rømte fleire, og av dei er det mogleg at to blei fanga igjen. Dokumenta seier lite om kva som skjedde med dei etterpå. Det er difor vanskeleg å seie om forordninga blei følgt i praksis på dette punktet. At begge blei sendt og heldt på festningar syner at dei var heldt under oppsyn. I fleire tilfelle rømte fangane samtidig, noko som talar for at fangane hadde kommunisert og planlagt å rømme. At så mange rømte talar også for at ein ikkje hadde det så bra i fangenskapet og at det var verdt risikoen dersom dei skulle bli fanga igjen.

Fleire svenske fangar dukka opp i tingbøkene for slagsmål og leiarmål. I forordninga av 1715 stod det at svenskane ikkje blei dømt etter krigsartiklane og dersom dei hadde blitt det hadde dei fått harde straffar. Tingbøkene nemner fangane og kva dei er stemna for, men utleverer ingen straff for verken slagsmålet eller leiarmåla. At fangane slapp straff i leiarmålssakene stemmer overeins med Noregs leiarmålslov som sa at soldatane slapp bot for førstegangsleiarmål. Skal likevel ikkje sjå vekk frå at krigsfangane blei dømt, og at det kan ha blitt dokumentert andre stader.

Analysa underbygger at skilje mellom kombattantar og non-kombattantar er uklart. Desertørar blei behandla på same måte som dei svenske fangane og talar for at skiljet mellom dei var ei gråson. I tillegg blei kvinner ført opp som soldatar i utvekslingsdokument med karakter som regulær stridande, og talar for at nokre kvinner som kledde seg ut i mannskle og blei rekna som krigsfange på same måte som dei regulære stridande.

KAPITTEL 5 - UTVEKSLING AV KRIGSFANGAR

Det blei utført fleire utvekslingar og frigjeringar av fangar i Noreg og Sverige i løpet av den store nordiske krigen. På byrjinga av 1600-talet byrja krigsherrar å inngå avtalar for utveksling som blei omtalt som kartell. I Ordbog over det danske sprog blir omgrepet Kartell definert som «gensidig overenskomst mellom to stater» som omhandla forskjellige forhold i krig som utveksling av fangar, gravlegging av døde og utlevering av desertørar.³⁹⁵ Ifølge Appel sprang oppretting av kartellvesen ut ifrå leigesoldatars ynskje om å sikre seg lauskjøping av krigsherrane kring starten av 1600-talet.³⁹⁶ Militære grader blei definert og taksert i det som blei kalla «racionstakster», avgifter som skulle betalast for å kjøpe fangane fri utifrå den character dei hadde.³⁹⁷ Oppretting av eit kartell og taksering av characterar betydde ikkje at soldatane alltid blei lauskjøpt, men opna opp for andre moglegheiter kring utveksling av fangar. Fangar av lik stand eller økonomisk verdi kunne bytast mot kvarandre, men garanterte ikkje at alle krigsfangar blei utveksla. Dersom fangens omkostning oversteig fangens verdi kunne det være lønsamt å avrette vedkomande eller å sleppe dei fri i bytte mot at vedkomande lova å aldri kjempe igjen.³⁹⁸

Danmark-Noreg og Sverige lagde kartell for utveksling av krigsfangar etter slaget ved Lund, på norsk kjent som Gyldenløvefeiden (1675-1679). Appel påpeikar at det blei tatt mange krigsfangar utan at fangane blei utveksla etter kartellet. Fangar skal ha blitt sett inn i eigne rekker ved behov og ikkje blitt utveksla innan 14 dagar etter kartellets bestemningar. Kartellet var difor ikkje ei overordna norm som blei følgt, men blei brukt som ein verdiskala dersom begge partar skulle utveksle fangar.³⁹⁹ Det same ser ein i utvekslingane i Noreg under den store nordiske krig, der ein forsøkte å lage avtalar for eiga vinning med kriteria som tidvis blei følgt. Dette kapittelet ser nærmare på utveksling av krigsfangar og forholdet mellom kriteria for utveksling og praksis. Hovudtematikken som tas opp er kriteria for utveksling, kven som blei utveksla, kor mange og om praksis stemmer overeins med avtalene som blei etablert.

³⁹⁵ Ordbog over Det Danske Sprog, «Kartel».

³⁹⁶ Appel «De danske krigsfanger fras lavet ved Lund 1676», 103.

³⁹⁷ Appel «De danske krigsfanger fras lavet ved Lund 1676», 103.

³⁹⁸ Appel «De danske krigsfanger fras lavet ved Lund 1676», 105.

³⁹⁹ Appel «De danske krigsfanger fras lavet ved Lund 1676», 122.

5.1 Forhandling om fangebytte i 1712 og utveksling fram til 1719

I starten av krigen var majoriteten av dei svenske krigsfangane sjøfolk som blei fanga av kaperar og levert langs sjøstadane i Noreg. Etterkvart som talet krigsfangar auka foreslo Statthaldaren i Noreg, Baron Løvendal i slutten av 1711 ein fangeutveksling til kongen.⁴⁰⁰ Ifølge Schiøtz «(Viste) de mange dødsfall blant fangene i Noreg [...] at det var vanskelig å ha fangene, på samme tid som gjerne alle ville ha hjem de fangne norske sjøfolk».⁴⁰¹ Danskekongen gjekk med på utveksling av fangar, og forhandlinga mellom den svenske generalauditøren Nils Sylvin og den norske kapteinen Johan Christian Ziege, om det svenske og norske fangeskifte begynte. Noreg fekk dermed utarbeide eiga utvekslingsavtale med Sverige. Dokument i arkivet viser at store delar av forhandlinga føregjekk i februar og mars 1712 gjennom korrespondanse av brev der Ziege og Sylvin sendte memorialar med kriteria for utvekslinga.⁴⁰² I tillegg til eit møte der den svenske generalauditøren reiste over til Svinesund for å forhandle med Kaptein Ziege i Noreg. Resultatet blei ein overeinskomst om det svensk-norske fangebyttet i mars 1712.⁴⁰³ Forhandlingskriteria som blei sett i 1712 varte fram til 1719 då det blei utarbeidd ein ny protokoll for utveksling av fangar.

Utteksling av fangane blei omtalt som fangebytte i starten av krigen. Ei tolking av omgrepet er at fangane skulle bytast mot kvarandre. I ein memorial frå Kaptein Ziege frå 12.februar 1712 skriv han at han ynskja å opprette eit kartell for utveksling av fangar med dei forskjellige Characterane. Ziege ynskja å utveksle lik character mot lik character, og dersom det ikkje var fleire like, setje ein standard for kor mange lågare characterar som kunne bytast mot dei høgare characterane.

Om skipperne, Styrmand, Matroser, Tømmermænd, høybaadsmænd og Soldater ike kunde sættes til en Viss Priis, hvorefter i mangel af lige Character saa mange ringe kunde gaae op imod de høyere, eller og om de ike før samme priises contante erleggelse kunde blifve udløstde.⁴⁰⁴

Det blei ikkje oppretta eit kartell i første omgang fordi Sylvin ikkje var instruert til det. Eit forhandlingsdokument frå 12/22 februar 1712 skrive av forhandlarane syner kriteria for utvekslinga og at dei blei einige om at fangane som skulle bytast måtte til dels være sjøfolk av

⁴⁰⁰ Schiøtz, *Elleveårskrigens militære historie*, bind 3, 348.

⁴⁰¹ Schiøtz, *Elleveårskrigens militære historie*, bind 3, 348.

⁴⁰² [Krigshandlingar Stora nordiska kriget, Krigsfångar, SE/KrA/0388/14A/1a, bild 73-115.](#)

⁴⁰³ Schiøtz, *Elleveårskrigens militære historie*, bind 3, 349.

⁴⁰⁴ [Krigshandlingar Stora nordiska kriget, Krigsfångar, SE/KrA/0388/14A/1a, bilde 86-87.](#)

same hand, med andre ord ha nokolunde same stilling.⁴⁰⁵ Majoriteten av fangane i byrjinga av krigen var sjøfolk, og hadde meir eller mindre same stilling. Det blei oppretta lister over fangane som skulle utvekslast. Totalt 179 svenske fangar og kva stillingar dei hadde blei ramsa opp.⁴⁰⁶ Utvekslingsdatoen blei satt til 17/28.mars 1712 då fangane på begge sider skulle være sendt til Svinesund, der dei skulle leverast og kvitterast for. Ein underoffiser og ein tambur skulle i sikkerheit få opphalde seg på stranda på Saltbacken, og hadde i oppgåve å passe på om det kom brev eller fangar som skulle sendast over og kvitterast for.

Bytte svenske fangar med norske og russiske fangar

Fleire stader i dokumenta kjem det fram at Ziege hadde blitt beordra av Baron Løvendal til å sørge for utveksling av svenskar i bytte mot norske innfødde fangar.⁴⁰⁷ Noreg hadde på denne tida fleire svenske fangar enn svenskane hadde norske, men i staden for å bytte dei resterande fangane mot danske fangar ville Ziege bytte mot russiske fangar. Dette kjem fram i Sylvins memorial av 27.februar 1712 i Stockholm «Såsom de a Norske Sydan inga lunde vilje antaga någre dansker, uthan för vara fångar begiera deras infödde norska och i mangel af dem heldre Rysar.»⁴⁰⁸ Samt i Zieges svar, som seier dei svenske fanga dragonane i Trondheim kan, «[...] blifve lössgiven och sendt tillbaka derofver grendseen naar mand faar andre i deres Stæd eller lige saa mange Muschovitiske soldater».⁴⁰⁹

I utveksling av svenskar i bytte mot russarar foreslo Ziege punkt fem frå kartellet av 1677 «At Under officerar til foet setties uth imot skipperer och styrmanner, och gemene soldater imot båtsmanner.»⁴¹⁰ Dersom svenskane ikkje gjekk med på å bytte svenske fangar tatt av Russland mot russiske fangar i Sverige, ville dei svenske fangane som var fanga av russarar sendast til Moskva.⁴¹¹ Noko Ziege skreiv at svenskane sikkert ikkje ville sjå.⁴¹² Ei årsak kan som Ullgren skriv være at det var stor respekt mellom Danmark og Sverige i fangebehandlinga, medan stemninga var ladd mellom Sverige og Russland.⁴¹³ Den svenske generalauditøren Sylvin skreiv difor til den svenske kongen og bad om lov til å utveksle russiske fangar mot svenske dragonar og soldatar i Noreg.

⁴⁰⁵ [Krigshandlingar Stora nordiske kriget, Krigsfångar, SE/KrA/0388/14A/1a. Bild 55-58.](#)

⁴⁰⁶ [Krigshandlingar Stora nordiske kriget, Krigsfångar, SE/KrA/0388/14A/1a. Bild 60-69.](#)

⁴⁰⁷ Krigshandlingar Stora nordiske kriget, Krigsfångar, SE/KrA/0388/14A/1a.

⁴⁰⁸ Krigshandlingar Stora nordiske kriget, Krigsfångar, SE/KrA/0388/14A/1a.

⁴⁰⁹ [Krigshandlingar Stora nordiske kriget, Krigsfångar, SE/KrA/0388/14A/1a. Bild 102.](#)

⁴¹⁰ [Krigshandlingar Stora nordiske kriget, Krigsfångar, SE/KrA/0388/14A/1a. Bild 84.](#)

⁴¹¹ [Krigshandlingar Stora nordiska kriget, Krigsfångar, SE/KrA/0388/14A/1a. bilde 86-87.](#)

⁴¹² [Krigshandlingar Stora nordiske kriget, Krigsfångar, SE/KrA/0388/14A/1a. Bild 85.](#)

⁴¹³ Ullgren, *Krigsbrev*, 83.

Det kan verke som ein logisk brest at Noreg ynskja å utveksle russarar forran danskar i ein periode der Noreg var underlagt Danmark og dei norske soldatane var i dansk teneste. Årsaka som blei oppgitt i forhandlingane var at russiske fregattar hadde fanga svenskar og ført dei inn til norske hamner i norsk fangenskap. Døme er 21 svenske fangar som blei innlevert til Kristiansand 19.oktober 1711 av fregatten «den Zariske majestet».⁴¹⁴ Det kan difor tenkast at russarane kravde at dei svenske fangane dei hadde tatt var deira fangar, sjølv om dei satt i fangenskap i Noreg og blei forsørgja av den danske krigskassa.

Russland var Danmark-Noregs viktigaste allierte. Året etter ser ein også at russarane kravde å få ein tredjedel av dei svenske krigsfangane etter Magnus Stenbocks felttog i Danmark i 1713 for å utveksle dei mot russarar.⁴¹⁵ Danskekongen sa først nei ettersom Danmark aldri hadde fått det frå dei andre allierte, men gjekk seinare med på det i bytte mot at Russland tok sin del av kostnadane ved kapitulasjonen.⁴¹⁶ Svenskane på den andre sida var bekymra for kva som ville skje med dei svenske fangane i Russland dersom dei ikkje lenger hadde nokon å bytte dei med.⁴¹⁷ Russlands krav om å utveksle sine fangar først var urokkeleg. Det svenske rådet i Stockholm sa difor at det ikkje kom til å bli utveksla nokon russiske fangar.⁴¹⁸ Den svenske generalauditøren Lars Dalman skreiv til Stenbock i 1713 at ein ikkje hadde kome fram til «(ein) Resolution om Russernes Udvexling [...] den simple Mand forsaaer det ikke, men tror, at man har Russerne kærere end sine egne redelige Landsmænd».⁴¹⁹

Kravet framstod som merkeleg for svenskane. Ei mogleg årsak til at Danmark-Noreg sat krav om å utveksle russiske fangar er at landa ynskja å hjelpe sin mektige allierte Russland. I 1712 hadde russiske fangar allereie sete i fangenskap i over 10 år. Ifølge Blomqvist blei det heller ikkje gjennomført store utvekslingar mellom Russland og Sverige før freden i Nystad i 1721 på grunn av misstillit mellom landa.⁴²⁰ Det var inga lov som sa at det var forbode å utveksle svenske fangar mot andre lands fangar. At ein forsøkte å få gjennomført det var truleg eit resultat av diplomatisk forbindelse med Russland.

⁴¹⁴ [Stattholderembetet 1572-171, RA/EA-2870/EI/L0052/0003: Forskjellige pakkesaker/Om utgifter med svenske fanger, 1710-1714 s.97](#)

⁴¹⁵ Generalstaben, *Bidrag til Den Store Nordiske Krigs Historie*, bind 4, 332-333.

⁴¹⁶ Generalstaben, *Bidrag til Den Store Nordiske Krigs Historie*, bind 4, 332-333.

⁴¹⁷ Andersen, *Triumf og tragedie*, bind 2, *Store Nordiske Krig*.

⁴¹⁸ Andersen, *Triumf og tragedie*, bind 2, *Store Nordiske Krig*.

⁴¹⁹ Generalstaben, *Bidrag til Den Store Nordiske Krigs Historie*, bind 5, 273.

⁴²⁰ [Blomqvist, «Karl XII:s ryska krigsfångar». *Populär Historia*.](#)

Utveksling av rømte, døde og deserterte krigsfangar

Dei svenske fangane som blei levert til Kristiansand av den russiske fregatten i 1711 klarte å rømme med brigantinen «Kristiania» som omtalt i kapittel 4.1.3 «Rømte krigsfangar». Av dei 40 fangane som skulle fraktast mot utveksling, døydde ein, sju blei med for å gravleggje den døydde og 32 fangar klarte å overta brigantinen. Dette blei eit diskusjonstema mellom kaptein Ziege og generalauditor Sylvin i utvekslingsforhandlingane. Den norske sida ville ha vederlag for fangane som stakk av med den danske brigantinen, medan den svenske sida ikkje ynskja å betale for sine undersåttar som hadde vunne sin friheit. Ziege skreiv i sin memorial til Sylvin at dei svenske fangane slo ihel fleire nordmenn etter at dei overtok skipet, noko som strider mot all menneskeleg rett og mot krigens reglar ettersom nordmennene skulle transportere svenskane til utveksling. Difor formoder Ziege at den svenske øvrigheita dømmer dei bortrømte svenskane med strengaste straff og trua med at dersom dei ikkje blei straffa skulle svenskane som var igjen i Noreg lide. «Saa fremt man ike hos de til Borgen tagen skulle foraarsagis at søge sin regrehs, og derudover de olyksalige fangers fangelse paa begge sider, hereffter blifve dette haardere og dennem vere ulidelig».⁴²¹

Sylvin påstod at den einaste rimelege grunnen til at dei svenske fangane blei med for å gravlegge svensken var for å ro og arbeide. Når det gjaldt straffing av svenske fangar i Noreg sa Sylvin at «de gienblefne fångar så litet kunne ungielle hvad deras kamerater giert, som de als intet dertil äre vållende;».⁴²² I memorial nr.1 datert 19.februar 1712 frå Sylvin til svenskekongen skreiv han at «de svenske som med beråde Bregantin gått hem och sig sielfve friegiort, altså förde iag in i transactionen, at ingen som sig sielfver salverat måtte i bytet opføres».⁴²³ Med dette seier Sylvin at fangar som har rømt og redda seg sjølve ikkje skulle førast opp i utvekslinga.

Likevel blei både krigsfangar som rømte, døde, desertørar samt fangar som ikkje var krigsfangar ført opp i lista over 179 svenske fangar i Noreg som skulle byttast i 1712. På den andre sida var det oppført 169 norske fangar, om desse var døydde, rømte eller deserterte har eg ikkje undersøkt, men ser at også der blei fangar som ikkje blei rekna som krigsfangar som drengar, skipsgutar og fiskarar ført opp.⁴²⁴ Ei årsak til at fangane blei oppfør kan vere at lista blei skrive 22.februar før forhandlingane var ferdig i mars og av administrative årsaker som synte kor mange fangar ein faktisk hadde i si varetekt og hadde hatt utgifter med. Utifrå

⁴²¹ [Krigshandlingar Stora nordiska kriget, Krigsfångar, SE/KrA/0388/14A/1a, bilde 114.](#)

⁴²² [Krigshandlingar Stora nordiska kriget, Krigsfångar, SE/KrA/0388/14A/1a, bilde 109-115.](#)

⁴²³ [Krigshandlingar Stora nordiska kriget, Krigsfångar, SE/KrA/0388/14A/1a, bilde 76-77.](#)

⁴²⁴ [Krigshandlingar Stora nordiska kriget, Krigsfångar, SE/KrA/0388/14A/1a, bilde 60-68](#)

kjeldematerialet var det ingen svenske fangar levert til Noreg av russarar igjen i 1712. Dette svekka Noregs pressmiddel om å levere russiske svenske fangar til Russland dersom russiske fangar ikkje blei utveksla. Det kan difor tenkast at det ikkje blei bytta svenskar mot russarar.

Ueinigheit om personars character

Eit anna forhandlingspunkt som dukka opp var usamd om personars stillingar. Ein kornett med namn Isach Walen av smålandsk Kavaleri regiment som i Sverige blei fråtatt stillinga si «dømt fra sin charge» blei oppbrakt til Noreg på sin reise til Pommern. Svenskane vil difor ikkje betale for hans tidlegare stilling som kornett. Dette gjekk ikkje Ziege med på og sa at Walen blei heldt igjen i Noreg til dei 7 riksdalarane som Noreg var blitt «forstreikte».⁴²⁵ Den svenske generalauditøren sa derimot i sin memorial at Isach Walen var fråtatt stillinga som kornett og straffa med å vere meinig i seks månadar. I staden for å bytte fangen sa Sylvin at dei som var i kongens teneste og blei tatt, først skulle utvekslast. «Förmodes: komma at gå i sitt fångenskap igen tils de andre, som i Kongl. Mayst. tjenst blefvat tagen, först are utbytta».⁴²⁶ Kornett Wallen satt på Akershus frå 24.desember 1711 til 16.mars 1712.⁴²⁷ Kva som skjedde etterpå er uvist då han verken blir nemnt i utvekslingslistene eller andre dokument. Fleire krigsfangar som satt på Akershus fram til 16.mars same året dukka ikkje opp igjen, på den eine sida kan dei ha blitt utveksla etter utvekslingslista blei oppført og kvittert for i eit dokument eg ikkje har funne, eller sendt til Danmark.

5.1.1 Krigsfange eller ei?

Fangars Characterar

I korrespondansen om fangebytinga forlanga den svenske sida rullar over dei svenske krigsfangane med spesifikasjonar over kvar dei blei født og høyrde heime, kva skipet heitte og korleis dei blei tatt til fange. Ifølge Sylvin var dette unnverleg informasjon for fangebyttet som skulle sikre at fangane som blei byta faktisk var svenske samt riktige krigsfangar.⁴²⁸ Når det står riktig krigsfange kan ein tenkje at dei måtte være regulære stridande. Sylvin foreslo at folk som futar, borgarar, skrivarar, lensmenn, besøkande, sagnarar, fiskarar, bønder, [Culnarer?] og [lotger?] ikkje måtte førast av landet eller haldast som krigsfangar.⁴²⁹ Dersom dei var tatt til

⁴²⁵ [Krigshandlingar Stora nordiska kriget, Krigsfångar, SE/KrA/0388/14A/1a, bilde 86-87.](#)

⁴²⁶ [Krigshandlingar Stora nordiske kriget, Krigsfångar, SE/KrA/0388/14A/1a. Bild 84-85](#)

⁴²⁷ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/EI/L0052/0003: Forskjellige pakkesaker/Om utgifter med svenske fanger, 1710-1714, s.5](#)

⁴²⁸ [Krigshandlingar Stora nordiske kriget, Krigsfångar, SE/KrA/0388/14A/1a. Bild 94.](#)

⁴²⁹ [Krigshandlingar Stora nordiske kriget, Krigsfångar, SE/KrA/0388/14A/1a. Bild 95.](#)

fange måtte dei lausgjevast og stod fri til å reise heim. Heller ikkje kvinner eller offisersdrengar skulle reknast med i fangeskiftet, men utan ranksjon lausgjevast.⁴³⁰ Fleire personar som skulle lausgjevast utan ranksjon blei nemnt eksplisitt i forhandlingane med namn. Døme er den 15 årige drengen Anders Knappe frå Uddevalla som satt på Bergenhus frå 10.april til 6.juni 1712, og Lensmannen Ludevik Tak.⁴³¹ Dette viser at det var fleire faktorar som spelte inn på kategorisering av krigsfange; alder, kjønn, nasjonalitet og stilling. Sivile, embetsmenn som futar, skrivarar og lensmenn som var tilsett i staten og ikkje var krigsmenn, unge gutar, kvinner og personar frå andre nasjonalitetar enn Sverige og Finland blei ikkje rekna som krigsfangar.

Etter utvekslingsavtala skulle verken kvinner eller offiser drengar utvekslast. Likevel, som omtalt i kapittel 4.2 «Kvinner og barn», blei kvinna Ingeborg Isaachsen nemnt i utvekslingslistene i 1716 som matros. Det kan difor sjå ut til at kvinner i nokre tilfelle blei sett på som regulære stridande som skulle utvekslast. Dette strider mot avtala og teorien. Det same kan seiast om offisersdrengane som skulle sleppast fri. Nokre lister nemner at nokre gutar var drengar og fri etter kartellet, men ettersom det ikkje blir opplyst på fleirtalet av drengane i same lista kan det virke som det ikkje gjaldt for alle og at ein ikkje alltid følgde kartellet i praksis. Det er likevel moglegheiter for at drengane slapp fri utan at det blei nemnt i utvekslingsforhandlingane. Ei årsak til at avtala kanskje ikkje blei følgt kan være, som det bli uttrykt i kartellet mellom Danmark og Sverige av 1713 i Lybæk, at barn måtte være under 15 år for å sleppe fri.⁴³² Det er få dokument som opplyser om alder, at drengar blir ramsa opp i utvekslingslistene i løpet av krigen og at eit fåtal blir opplyst som frie syner at det er moglegheit for at kartellet ikkje blei følgt på dette punktet.

Bønder skulle også være fri etter kartellet. I brev og likvidasjonslister utover i krigen kjem det fram at bøndene var fri etter kartellet og fekk reise heim.⁴³³ Bøndene fekk derimot ikkje reise heim når dei ville, men blei ført heim under ordna forhold under forskjellige utvekslingar. Bøndene kunne difor risikere å sitte i norsk fangenskap i fleire år før dei fekk komme heim, sjølv om dei ikkje var krigsfangar etter kartellet. Likeins med andre ikkje-krigsfangar blei bøndene registrert i listene og inkludert i talet utveksla fangar. Desse gav ingen økonomisk gevinst ved utveksling då alle skulle sleppast fri utan omsyn til at det blei levert like mange frå begge sidene. Med unntak av at dei ikkje blei utveksla syner praksis at ikkje-

⁴³⁰ [Krigshandlingar Stora nordiske kriget, Krigsfångar, SE/KrA/0388/14A/1a. Bild 95.](#)

⁴³¹ [Krigshandlingar Stora nordiske kriget, Krigsfångar, SE/KrA/0388/14A/1a. Bild 102.](#)

⁴³² Generalstaben, *Bidrag til Den Store Nordiske Krigs Historie*, bind 5, 256-257.

⁴³³ [Krigshandlingar Stora nordiske kriget, Krigsfångar, SE/KrA/0388/14A/1a. Bild 102.](#)

krigsfangane i stor grad blei behandla på same måte som krigsfangane både i fangenskap og under utvekslinga, samt at ikkje-krigsfangar blei ført av krigslanda som strider mot avtala.⁴³⁴

Når det i 1712 blei bestemt at ikkje-krigsfangar skulle gå fri, kan ein lure på kvifor dei blei fanga etterpå. At alle blei tatt uansett character talar for at alle på den svenske sida var ansett som fienden og måtte fangast. På den måten frårøva ein fienden moglegheita til å nytte dei som blei fanga, og dersom utvekslingsavtalene skulle endre seg eller ein fekk betalt for utgifta med forpleiinga av fangane ville det koste motstandaren økonomisk. Når ikkje-krigsfangar blei brukt i krigen braut ein kriteriet frå fangebyttet om at dei ikkje skulle nyttast. Det var truleg betre å fange dei enn å la dei gå fri. Det var også ein risiko for at nokre av ikkje-krigsfangane faktisk var regulære stridande.

Til tross for at majoriteten av dei som ikkje inngjekk i kategorien svenske og finske krigsfangar stod fri til å reise heim, kjem det fram, som nemnt i kapittel 3.1 «Plassering av krigsfangar», at fleire som ikkje blei sett på som krigsfangar blei pressa til orlogsteneste. Den danske flåten mangla arbeidskraft, og ettersom ikkje-svenske fangar ikkje hadde utvekslingsverdi kunne ein like godt nytte dei som ein ressurs i teneste. Frå 10.april 1711 blei 18 fangar forpleia på festningen i Bergen.⁴³⁵ Etter Slottslovens ordre av 21.mai 1711 skulle dei svenske innfødde haldast i arresten medan fangane som var født på nøytrale stadar skulle settast på frifot og disponerast til å ta teneste under kongen av Danmark.⁴³⁶ 6.juni blei seks av fangane frigjort. Desse var ikkje svenske krigsfangar, og sjølv om forpleiingskjelda ikkje opplyser om kva som skjedde vidare med dei frigjorte fangane, er det nærliggande å tenkje at dei tok teneste under danskekongen.

Svenske fangar eller norske undersåttar

I same dokument blir det opplyst at to norske båtsmenn blei fanga ombord i fiendens skip. Vedkommande skulle haldast i arresten og det skulle undersøkjast kvifor dei tok teneste hjå fedrelandets fiende.⁴³⁷ Ingen kjelder fortel meir om dei norske båtsmennene, men det dukka opp andre dokument som fortel om nordmenn som var mistenkt for å vere i fiendens teneste. Det var fleire nordmenn som tok teneste under svenskekongen til tross for forordninga om at innfødde undersåttar ikkje måtte ta teneste hjå framande herrar frå 26.juni 1672.⁴³⁸ I

⁴³⁴ [Krigshandlingar Stora nordiska kriget, SE/KrA/0388/14A/1a: Krigsfångar, Bild 95.](#)

⁴³⁵ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/EI/L0052/0003: Forskjellige pakkesaker/Om utgifter med svenske fanger, 1710-1714, s.145.](#)

⁴³⁶ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/Aa/L0003: Konsept til voteringsprotokoll, 1711, s.102.](#)

⁴³⁷ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/Aa/L0003: Konsept til voteringsprotokoll, 1711, s.102.](#)

⁴³⁸ Jacob Henric Schou, Chronologisk Register over de Kongelige Forordninger og aabne Breve [...] (København: Breum, 1795).

utvekslingsforhandlingane blir ein mann med namn Mathias Jochumsen nemnt fleire gongar. Jochumsen var født i Noreg, men hadde statsborgarskap i Strømstad i Sverige og deltok på den svenske sida under den store nordiske krig. I memorial Litt B skriv generalauditør Sylvin «Borgeren i Strømstad Mathias Jochimson som ingendere finnes på den mig lefvoerede Ruller[...].⁴³⁹ Ifølge Sylvin hadde Mathias delteke på den svenske sida etter plikt og ed til amtet og svenskekongen og hadde ikkje utført fiendtlege handlingar mot danskekongen. Til dette svarte Kaptein Ziege i ein memorial av 10.februar 1712;

Mathias Jochumsen er ike som en fange att considerere, thi endskiont hand har Borgerskab i Stromstad, saa er hand som en indfoed Nordsk Undersått, hvilket enn udi Sverrig Var nok, for att tillföye hannen den haardeste Straff. Og hvor vel haand ey har fort Vaaben mod sitt fæderne=land, saa er hand dog som een Spion befundes, og hafver med första sin domb at er varte.⁴⁴⁰

Mathias Jochumsen blei ikkje ansett som ein krigsfange av dei norske myndigheitene, men som ein norsk undersått som hadde hjelpt svenskane og skulle difor straffast. Det var strenge straffar for danskar og nordmenn som gjekk over til fienden. Ifølge Christian Vs krigsartiklar §65 skulle desse hengast utan nåde.⁴⁴¹ I supplikkar til danske kanselli blei Mathias Jochumsen nemnt fleire gongar. 19.november 1710 svarte danske kanselli på ein supplikk innsendt av Kirsten Jochum Mathisens der ho klaga over at mannen Jochum Mathisen og sonen Mathias Jochumsen var blitt fengsla på Akershus slott utan rettssak og bad om at dei måtte forsvarast av lov og rett når dei skulle dømmast i ei så høg sak.⁴⁴² Årsaka var at menna var skylda for korrespondanse med svenskane.⁴⁴³

Kanselliet sendte ordre til Løvendal om å gjere det som var rett, men mottok ny supplikk frå Kirsten 13.desember der ho klaga over at generalauditøren fortsette som før med uforsvarlege prosedyrar og at han skal ha motarbeidd at menna skulle dømast etter lov og rett.⁴⁴⁴ Vidare skal Kirsten ha ynskja ein prokurator til rettssaka, at mannen Jochum Mathisen skulle lauslatast mot kausjon og at «[...]hendes søn mae tracteres som en kriigsfange og ej holdes i bolt og jern».⁴⁴⁵ At Kirsten ynskja sonen skulle sjåast på som ein krigsfange taler for at

⁴³⁹ [Krigshandlingar Stora nordiska kriget, Krigsfångar, SE/KrA/0388/14A/1a, bilde 95](#)

⁴⁴⁰ [Krigshandlingar Stora nordiska kriget, Krigsfångar, SE/KrA/0388/14 A/1a, bilde 101-102.](#)

⁴⁴¹ Christian V, *Krigs-Artikels-Brev og Krigsrets Instruction*, 38.

⁴⁴² [Avskriftsamlingen, RA/EA-4022/F/Fa/L0078: Supplikker, 1710-1711 s.100](#)

⁴⁴³ [Avskriftsamlingen, RA/EA-4022/F/Fa/L0078: Supplikker, 1710-1711, s.144](#)

⁴⁴⁴ [Avskriftsamlingen, RA/EA-4022/F/Fa/L0078: Supplikker, 1710-1711 s.100](#)

⁴⁴⁵ [Avskriftsamlingen, RA/EA-4022/F/Fa/L0078: Supplikker, 1710-1711 s.100](#)

krigsfangar blei behandla betre enn fangar i bolt og jern. Jens Grønbek fekk rolla som prokurator, samtidas versjon av sakførar. Det skulle derimot ta lang tid før saka blei løyst. Først i desember 1714, 4 år etter Mathias og Jochum blei sett på Akershus slott i 1710 blei saka løyst.

I supplik 526 av desember 1714 blir det innmeldt til danske kanselli at generalfiskalen frikjende Mathias og Jochum for skyldingane om korrespondanse med fienden.⁴⁴⁶ Kommissærane skal derimot ha dømt dei til å betale ei bot for uforsiktigheit, som over hoffretten frikjente dei for. I danske kansellis svar på supplikken står det at dei mottok ein memorial av Jens grønbek 18. desember 1715 som informerte om at Mathias og Jochum har vert utsett for «Uhørlig tort» og bad om at deira uskyld måtte formidlast offentleg. I 1715 gav kanselliet tillating til at kona til Mathias og deira to barn fekk komme til Noreg.⁴⁴⁷ Familien måtte reise frå alt dei hadde, og når dei kom til Noreg sat Mathias framleis i bolt og jern på festningen. Det er merkeleg at Mathias framleis satt i jern i 1715 etter å ha blitt frikjent året før. Ein kan difor stille spørsmål om ein av supplikkane er datert feil, eller om det kan vere andre årsaker til dette. I Riksarkivet ligg det ei mappe med tittelen «Dokumenter i saken mot Jochum Mathiasen og hans sønn for ulovleg korrespondanse med fienden, Fredrikshald.» Dokumenta gjev truleg djupare innsikt i saka.

Ifølge Norsk Biografisk Leksikon skal Mathias Jochumsen ha slått seg ned i Fredrikshald etter lauslatinga og oppretta eit bryggeri for å forsyne militæret. Etter krigen fekk Jochumsen økonomiske problem som resulterte i at det meste han hadde i Fredrikstad blei selt på auksjon. Dermed byrja han på ekspedisjonsreiser til Island og Grønland, blant anna på oppdrag frå kongen og skreiv beretningar om sine ekspedisjonar.⁴⁴⁸

Løytnant Olof Bruse var heller ikkje oppført på rullen over svenske fangar som skulle byttast. Bruse var løytnant på Brigantinen Nieroth som etter ein storm kom på land i Tananger i november 1711. Mannskapet satt fyr på brigantinen som sprang i lufta, og blei deretter fanga og brakt inn til Stavanger arresthus og utveksla i 1712.⁴⁴⁹ I forhandlingane bad Sylvin om at Bruse skulle førast opp på lista, Ziege svarte derimot at:

⁴⁴⁶ [Avskriftsamlingen, RA/EA-4022/F/Fa/L0078: Supplikker, 1714-1715, s.144](#)

⁴⁴⁷ [Avskriftsamlingen, RA/EA-4022/F/Fa/L0078: Supplikker, 1714-1715, s.204](#)

⁴⁴⁸ Johannesen, «Mathias Jochumsen», *Norsk Biografisk Leksikon*, https://nbl.snl.no/Mathias_Jochumsen

⁴⁴⁹ Schiøtz, *Elleveårskrigens militære historie*, bind 3, 346 og 379.

Leutenant Bruse paa Bregantinen Nieroth. Kundet hafve staaet frit att lade Skibbet [opspent?] saa lenge hand var i Siöen; men ingenlunde naar hand i een, Vorris Alernaadigste konge tillhörede hafve allerede hafde kasted anker hvor fore hans Excellence hr. Baron af Lowendal vill for det forste vente nærmere ordre fra Hoffet.⁴⁵⁰

Utifrå sitatet ser det ut til at hoffet i Danmark skulle bestemme kva som skjedde vidare med Løytnant Bruse. Sjølv om Christian Vs lovar beskytta krigsfangane mot dårleg behandling, var det eit prinsipp i samtida om at fangar ikkje kunne forvente å oppnå fangars privileger og bli utveksla dersom ein tok ifrå sigerherrens fortene. ⁴⁵¹ Noko Bruse hadde gjort ved å sette fyr på Brigantinen. Løytnant O. Bruse dukkar verken opp i datasamlinga mi eller i andre dokument. Det kan tenkast at han blei sendt til Danmark.

5.1.2 Fangebytte 1712

I 1712 blei det som sagt oppretta lister over 179 svenske fangar som skulle bytast mot norske fangar innan 28.mars 1712.⁴⁵² Som diskutert ovanfor blei både krigsfangar, rømte, døde, deserterte og fangar med characterar som skulle settast fri ramsa opp i listene. Lister over namn og forpleiing av fangane viser at mange fangar blei frakta til Akershus festning i Kristiania, og blei gjort klare for utveksling allereie i slutten av 1711.⁴⁵³ Fangane blei utveksla i puljar, og allereie 18.februar 1712 var fleire svenske fangar tilkome Svinesund. Det var derimot grupper med fangar som måtte reise langt og ikkje kom fram og blei utveksla før siste halvdel av 1712.⁴⁵⁴ Utvekslingslistene syner at det blei utført fleire utvekslingar etter fristen og at datoen ikkje blei følgt i praksis. Ei viktig årsak til at datoen ikkje blei overheldt var at dei svenske fangane var plassert forskjellige stadar i landet på festningar og arresthus. Det var difor stor variasjon på reisevegen til det norske utvekslingspunktet Sponvika, der fangane skulle fraktast over til Saltbacken i Sverige. I tillegg til lange reisevegar for fangane, tok det også tid for ordrar og brev å nå fram, samt organisering av transporterenga av fangane, forpleiing og eit forsvarleg tal vakter som kunne føre dei fram. Til tider venta ein også på fartøy som skulle frakte fangane.

Dokumenta opplyser lite om transport, men ein finn same fangar igjen på lister på forskjellige destinasjonar. Spesielt Akershus festning framstår som eit samlingspunkt for

⁴⁵⁰ [Krigshandlingar Stora nordiska kriget, Krigsfångar, SE/KrA/0388/14 A/1a, bilde 102](#)

⁴⁵¹ Andersen, *Triumf og tragedie*, bind 2, *Store nordiske krig*.

⁴⁵² [Krigshandlingar Stora nordiska kriget, Krigsfångar, SE/KrA/0388/14 A/1a, bilde 60](#)

⁴⁵³ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/EI/L0052/0003: Forskjellige pakkesaker/Om utgifter med svenske fanger, 1710-1714, s.3-24](#)

⁴⁵⁴ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/EI/L0052/0003: Forskjellige pakkesaker/Om utgifter med svenske fanger, 1710-1714, s.3-24](#)

fangane før dei blei utveksla, då majoriteten dukkar opp i forpleiingslista der før utveksling.⁴⁵⁵ Døme er Løytnant Brusens mannskap på 43 svenske fangar som skal ha marsjert frå Stavanger gjennom Kristiansand og Larvik til Akershus i midten av januar 1712.⁴⁵⁶ Frå Akershus er det halvanna døgn å marsjere til Sponvika. Ei rekning over utgifter med fangane syner at ei gruppe skal ha blitt sendt frå Christiania til Fredriksten og derifrå reist vidare til utveksling.⁴⁵⁷ Det er mogleg at fleire grupper kan ha stoppa innom Fredriksten festning. Det er også mogleg at ein har marsjert direkte frå Akershus til Sponvika eller blitt frakta med fartøy frå forskjellige stader på same måte som seinare i krigen.⁴⁵⁸

Det blei utført fleire utvekslingar utover året 1712. Samtidig blei det frakta nye svenske krigsfangar til Noreg. Mange blei utveksla i desember, og som Schiøtz skriv i sitt oversynsverk var det ved årsskiftet til 1713 totalt elleve krigsfangar på Bergenhus og tre på Akershus.⁴⁵⁹ Dersom ein reknar med dei sju fangane på Munkholmen var det totalt 21 svenske fangar att.

5.1.3 Fangebytte 1713-1719

Etter utvekslingane i 1712 var majoriteten av fangane blitt bytta og 21 krigsfangar var igjen i Noreg. Talet auka derimot raskt igjen, over 100 fangar blei levert av fartøy til Stavern Fort i 1713 før dei blei plassert vidare.⁴⁶⁰ Ei liste som blei oppretta under utvekslingsforhandlingane i 1719 «*Liquidation fra den 17/6 Juli 1713 mellem, Kongl, Kongl Danske og Svenske krigsfanger, som til Norrige og Sverrige ere bleven opbragt og omsider løsgiven. Forfattet etter det oprettende Cartel og Transaction dateret Stockholm dend 11.mai/30.april Anno 1719*», gjev ei oversikt over tidlegare utvekslingar frå 1713 til 1719 og syner fanganes namn, stilling og lauskjøpingssum. Likvidasjonslista blei utarbeidd og signert av den norske generalauditøren U. C. Gottsche og den svenske generalauditøren L. Dalman 1.juli/20.juni 1719.⁴⁶¹ Totalt skal 1298 dansk-norske fangar ha blitt utveksla frå 1713-1719, medan det er kvittert for 734 svenske fangar frå 1716 til 1719. Dokumentet ramsar opp kun 714 svenske fangar med namn. Inkludert i talet var også fangar som ikkje blei rekna som krigsfangar. Kvifor det er ein differanse mellom

⁴⁵⁵ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/EI/L0052/0003: Forskjellige pakkesaker/Om utgifter med svenske fanger, 1710-1714, s.3-24](#)

⁴⁵⁶ Schiøtz, *Elleveårskrigens militære historie*, bind 3, 346.

⁴⁵⁷ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/EI/L0052/0003: Forskjellige pakkesaker/Om utgifter med svenske fanger 1710-1714, s.64-65](#)

⁴⁵⁸ [Krigshandlingar Stora nordiska kriget, SE/KrA/0388/14A/3: Krigsfångar, Bild 29.](#)

⁴⁵⁹ Schiøtz, *Elleveårskrigens militære historie*, bind 3, 512.

⁴⁶⁰ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/EI/L0052/0003:Forskjellige pakkesaker/Om utgifter med svenske fanger, 1710-1714, s.124-136](#)

⁴⁶¹ [Kommanderande General \(KGI\) med Det norske krigsdirektorium, RA/EA-5419/E/Eb/L0015: Diverse, 1716-1719, s.161-201.](#)

namna og talet utveksla er usikkert, men årsaker kan være underrapportering, nokre var blitt utveksla tidlegare, ikkje blitt registrert eller ei side kan mangle.

Tabell over tal utveksla svenske fangar etter likvidasjonskjelda datert 11.mai/30.april 1719

År	Tal utveksla svenske fangar
1713-1715	Ingen registrerte
1716	392
1717	188
1718	18 bønder
1719	116 utveksla før 1.juli 1719
Totalt	714

Tabell 2: Kjelde: [Kommanderande General \(KGI\) med Det norske krigsdirektorium, RA/EA-5419/E/Eb/L0015: Diverse, 1716-1719, s.161-201.](#)

Utifrå likvidasjonskjelda var det ingen utvekslingar av svenske fangar i Noreg frå 1713 til 1715. Ei liste over utgifter med fangane syner derimot at 5 svenske krigsfangar som hadde sete på Munkholmen festning på ei øy i Trondheimsfjorden, i 1136 dagar frå 10.februar 1710 blei utveksla og fekk marsjere heim 21.mars 1713.⁴⁶² I utvekslingsforhandlingane frå 1719 skulle fangane frå Trondheim marsjere over grensene til Sverige for å sleppe den lange vegen til Svinesund.⁴⁶³ Det er mogleg fangane også gjor det i 1713, men ettersom det ikkje er opplyst i nokon dokument, kan eg ikkje seie det sikkert. Den andre moglegheita er at fangane marsjerte til Kristiania og deretter til Fredriksten festning og blei utveksla derifrå. Avstanden frå Munkholmen til Fredriksten festning er kring 600km. Eit forpleiingsdokument på Fredriksten festning sa at «Dend 17 Juny er 5 mand [...] udvexlit og overkommen til Vigsiden.»⁴⁶⁴ Det skulle vere godt mogleg å marsjere frå Munkholmen 21.mars og utvekslast 5.juni frå Fredriksten. Ettersom dokumentet frå Fredriksten ikkje opplyser namn, kan det ikkje seiast sikkert om det er dei same personane eller om 10 svenskar blei utveksla i 1713. Kven dei blei utveksla med står det heller ikkje. Truleg var det i bytte mot nordmenn eller danskar i Sverige, men det kan også vere mot russarar. At fangane frå Munkholmen ikkje vart registrert i utvekslingslista styrkar mistanken om at dei kan ha blitt byta mot like mange russiske fangar som Ziege foreslo i forhandlingane i 1712, som nemnt ovanfor.

⁴⁶² [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/EI/L0052/0003: Forskjellige pakkesaker/Om utgifter med svenske fanger, 1710-1714, s.42](#)

⁴⁶³ [Kommanderande general \(KGI\) med Det norske krigsdirektorium, RA/EA-5419/E/Eb/L0015: Diverse, 1716-1719, s.108](#)

⁴⁶⁴ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/EI/L0052/0003: Forskjellige pakkesaker/Om utgifter med svenske fanger 1710-1714, s.69](#)

Etter svenskanes felttog i 1716 og 1718 auka talet krigsfangar i Noreg kraftig. Felttoget i 1716 kosta svenskane over 1000 mann som blei tatt som krigsfangar. Fangane blei plassert rundt om i Noreg og Danmark og nærmare 400 svenske krigsfangar blei utveksla frå august til desember same året.⁴⁶⁵ Talet utveksla inkluderte ikkje-krigsfangar som bønder, drengar og kvinner. Desse skulle etter avtala frå 1712 ikkje utvekslast, men blei skrivne inn i listene og administrert. I nokre tilfelle kan det sjå ut til at nokre av dei som ikkje skulle utvekslast blei utveksla medan andre slapp fri og at reglane sporadisk blei overheldt. At 392 fangar blei utveksla det året stemmer overeins med kjeldematerialet, men at ikkje-krigsfangar også blei registrert syner at dei var betydelege og truleg ikkje fekk sleppe fri like lett som kriteria for fangebyttet tilsa.

6.januar 1717 sendte generalløytnant Lützow ein beskjed til Slottsloven om at han hadde mottatt ei liste frå Sverige med 560 stranda folk, sannsynleg norske og danske fangar som kunne utvekslast i bytte mot svenske fangar i Noreg.⁴⁶⁶ Han bad difor om at meinige i Bergen, Kristiansand og andre stadar måtte sendast til utveksling. 29.januar 1717 blei det sendt ut ordre til Lindberg, Tonsberg, Glad og betjentar frå Skien til Arendal om å sende inn riktige rullar over svenske fangar slik at dei kunne utvekslast mot fangar i Sverige.⁴⁶⁷ Dette var gode nyheiter for Kristiansand som ikkje hadde arbeid til alle svenskane og brukte lang tid på å plassere dei i amtet. Eit dokument i det svenske Riksarkivet syner at 30 svenske fangar marsjerte frå Kristiansand for å utvekslast i 1717.⁴⁶⁸ Det ville derimot tatt lang tid for fangane i Bergen å komme seg til Østlandet. Slottsloven skreiv til generalløytnant Lützow at dei svenske fangane i Bergen måtte sendast med fregattar eller andre fartøy «[...] hvor for mann fra hr. GL [generalløytnant]. Forventer ordre til den officerer somm fregad den Svenske folket commanderer, dem ad indtage og medføre».⁴⁶⁹ Ei tolking av sitatet er at dei svenskane skulle hente fangane i Bergen med fregatt. Etter den oppretta lista blei 188 svenske fangar utveksla i 1717, 127 av dei var registrert som bønder og skulle difor settast fri etter kartellet.

Sjølv om likvidasjonskjelda dannar eit godt bilde av kor mange som blei utveksla er det likevel kjelder som syner at fleire svenske fangar skal ha blitt sendt heim dei forskjellige åra. I 1718 blei 18 bønder ramsa opp i lista. I tillegg har eg funne ei liste over 10 svenske bønder som skulle overførast til Sverige 13.april 1718. At desse 10 ikkje blei oppført i lista stemmer

⁴⁶⁵ [Kommanderande General \(KGI\) med Det norske krigsdirektorium, RA/EA-5419/E/Eb/L0015: Diverse, 1716-1719, s.161-201.](#)

⁴⁶⁶ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/Aa/L0007: Konsept til voteringsprotokoll, 1716-1717, s.217](#)

⁴⁶⁷ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/Aa/L0007: Konsept til voteringsprotokoll, 1716-1717, s.236](#)

⁴⁶⁸ [Krigshandlingar Store nordiske kriget, SE/KrA/0388/14A/1b, bilde 83](#)

⁴⁶⁹ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/Aa/L0007: Konsept til voteringsprotokoll, 1716-1717, s.217](#)

overeins med kriteria om at bønder skulle settast fri. Blant desse var ein mann med namn Svend Pedersen som ikkje var bonde. «Denne Svend Pedersen er skienked hans frihed i hennseende til hans alderdom og skrøbelighed, omendskiønt hand ike er bonde».⁴⁷⁰ På bakgrunn av Svend Pedersens alder og at han var skrøpeleg er det nærliggande å tenkje at han ikkje var i stand til å arbeide, og etter Fredrik IV anordning om dei svenske fangars underhaldning skulle «[...] de, som ikke kunde arbejde, dennem ville Vi allernaadigst af Vore Ambtstuer dagligen lade give en hver tu Skilling Danske eller og tu Pund Brød».⁴⁷¹ Frigjering av den svenske fangen var sannsynlegvis eit resultat av at kostnadane med å halde fangen oversteig fangens verdi og at det var meir lønnsamt for staten å sleppe vedkommande fri. I tidlegare tider blei gjerne slike fangar myrda for å kvitte seg med problemet tidlegast mogleg. At fangen blei slept fri er i samsvar med lovverket om at krigsfangar som var tatt ikkje skule drepast viser også at det var utvikla auka fokus på humanitet som var i samsvar med tida.

Ei årsak til at så få blei utveksla i samanlikning med dei andre åra var at mange allereie var utveksla eller plassert i distrikta etter felttoget i 1716, medan felttoget i 1718 føregjekk i november og desember, fangane som blei tatt der blei difor først utveksla i 1719. Etter lista blei 116 svenske fangar utveksla før 1.juli 1719 då lista blei underskrive av generalauditørane. Samtidig som lista blei oppretta forhandla dei fram ei ny protokoll for utveksling av fangar som blei følgt til krigens slutt i 1720.

5.2 Protokoll for utveksling av fangar i 1719

I 1719 blei det utarbeidd ein ny og meir detaljert protokoll for utveksling av fangar mellom Noreg og Sverige. Fleire av punkta likna kriteria frå 1712, men blei justert og formalisert gjennom opprettinga av eit kartell. 30.april/11.mai blei det utarbeidd nokre retningslinjer for det norske og svenske fangebytte av danske P. De Løvenørn, svenske P. Adlerfeldt og generalauditøren L. Dalman.⁴⁷² Det blei bestemt at alle krigsfangar som oppheldt seg på den eine eller andre sida i fangenskap «[...]være Sig af Civil eller Krigs-Standen Officierer eller gemene til Lands eller vands, ingen undtagen», snarast mogleg og innan seks veker til den 30.juni/11.juli skulle møte ved dei norske grensene ved Saltbacken og Sponvika for å utvekslast.⁴⁷³ Ved grensene skulle fangane likviderast etter den character og takst som var satt

⁴⁷⁰ [Krigshandlingar Store nordiske kriget, SE/KrA/0388/14A/3. bilde 52.](#)

⁴⁷¹ *Kong Friderich den Fierdes allernaadigste Forordninger og aabne Breve fra den 26. Augusti Aar 1699 Aar 1715 udgangne*, 14-16.

⁴⁷² [Kommanderande General \(KGI\) med Det norske krigsdirektorium, RA/EA-5419/E/Eb/L0015: Diverse, 1716-1719. s.110-112.](#)

⁴⁷³ [Kommanderande General \(KGI\) med Det norske krigsdirektorium, RA/EA-5419/E/Eb/L0015: Diverse, 1716-1719. s.110-112.](#)

i kartellet og etter rullane over krigsfangane som generalauditørane eller andre fullmektige hadde utarbeidd.⁴⁷⁴

Det blei heldt ei meir spesifikk likvidasjonsforhandling om utveksling av dei svenske og norske krigsfangane mellom den svenske generalauditøren Lars Dalman og den norske generalauditøren Ulrich Christian Gottsche i Fredrikstad frå 27/16.juni til 1.juli/20.juni 1719.⁴⁷⁵ Saman utarbeidde dei eit dokument med 20 punkt og eit kartell for utvekslinga som dikterte korleis utvekslinga skulle føregå. Først i 1719 blei det oppretta eit kartell for utveksling av fangar mellom Noreg og Sverige etter at ein i 1712 forsøkte å bytte like mot like, blei characterane i denne omgang definert og taksert. Generalauditørane kom fram til «At en Krigsfange ranconeres eftter dend Character, i hvilken hand er tagen til fange».⁴⁷⁶ Dette skulle gjelde uansett om krigsfangen hadde blitt forfremma, fått ei lågare stilling eller fått avskjed i løpet av fangenskapet.

Kvartermesterne blei taksert under kavaleriet til 12 riksdalar. Kvartermeister til sjøs likna derimot ikkje på kvartermeister til hest og blei taksert til 5 riksdalar. Korporalar av både infanteriet, kavaleriet og dragonar blei taksert som andre under offiserar til 5 riksdalar. Handverkarar som tømmermenn skulle takserast som soldatar ettersom dei var i teneste, med mindre det fantes bevis for at dei ikkje var i teneste. Kva soldatane blei taksert som stod ikkje, men tidlegare i dokumentet var handverkarar taksert til 4 riksdalar, det er difor moglegheit for at soldatane var taksert til den summen. Kjøpmenn, skipperar og båtsmenn blei innført til den lågaste taksten og utan forskjell på om dei var kongelege, rike, handelsreisande, ubetydelege, matrosar eller underoffiserar. Studentane blei taksert til 5 riksdalar, med mindre kongen ynskja å frigjere dei utan takst.⁴⁷⁷

⁴⁷⁴ [Kommanderande General \(KGI\) med Det norske krigsdirektorium, RA/EA-5419/E/Eb/L0015: Diverse, 1716-1719. s.110-112.](#)

⁴⁷⁵ [Kommanderande General \(KGI\) med Det norske krigsdirektorium, RA/EA-5419/E/Eb/L0015: Diverse, 1716-1719. s.101](#)

⁴⁷⁶ [Kommanderande General \(KGI\) med Det norske krigsdirektorium, RA/EA-5419/E/Eb/L0015: Diverse, 1716-1719. s.102](#)

⁴⁷⁷ [Kommanderande General \(KGI\) med Det norske krigsdirektorium, RA/EA-5419/E/Eb/L0015: Diverse, 1716-1719. s.103](#)

Tabell over taksering av ulike karakterar

Character	Takst
Oberst Mentzer og Löven	500 riksdalar
Under offiserar, Korporal av Infanteriet, Korporal av dragonar, Korporal av kavaleriet, kvartermeister til sjøs, Kvartermeister til hest	5 riksdalar
Handverkar, tømmermenn, Kokker, meinig soldat	12 riksdalar
Kocksmand	4 riksdalar
Studentar	3 riksdalar
Skipper, kjøpmann, båtsmann	5 riksdalar eller ingen takst
	Same sum, blir ikkje nemnt, egen kolonne

Tabell 3. Kjelde: Kommanderende general (KG I) med Det norske krigsdirektorium, RA/EA-5419/E/Eb/L0015: Diverse, 1716-1719, s.101-108.

I punkt 4 i utvekslingsforhandlingane står det eksplisitt at dei svenske oberstane Mentzer og Löven skulle settast fri i bytte mot 500 riksdalar.⁴⁷⁸ Oberst Löven blei tatt til fange under felttoget i 1716 på Norderhov prestegard og satt fanga på fangerommet på Kristiansholm festning fram til 1719. Löven blei verken flytta til ein anna festning eller sendt til Danmark med dei andre offiserane. Ifølge Stylegar var Löven svenskekongen Karl XIIIs yndling og er truleg ei årsak til at svenskane var villige til å betale 500 riksdalar for to offiserar.⁴⁷⁹ Det var også fleire offiserar som skulle utvekslast. I punkt 11 i forhandlingane sa den norske sida at svenske offiserar som fekk reise heim på permisjon skulle reknast som krigsfangar og førast opp i utvekslingslistene. Den svenske generalauditøren motsette seg kravet og det blei skriva at offiserane som hadde blitt permittert skulle førast i eigne kolonnar. Likevel syner likvidasjonslista at offiserane på permisjon blei ført som dei andre fangane.

Utgifter med fangane si forpleiing skulle ikkje betalast av den andre sida, men det skulle gjelda fangane hadde opparbeidde seg i løpet av fangenskapet.⁴⁸⁰ Det var derimot umogleg å samle inn rekneskap over Offiseranes og dei partikulære meinige sin gjeld på den korte tida.

⁴⁷⁸ [Kommanderande General \(KGI\) med Det norske krigsdirektorium, RA/EA-5419/E/Eb/L0015: Diverse, 1716-1719. s.102-103.](#)


⁴⁷⁹ Stylegar, *Fangen på Christiansholm*, 75.

⁴⁸⁰ [Kommanderande General \(KGI\) med Det norske krigsdirektorium, RA/EA-5419/E/Eb/L0015: Diverse, 1716-1719. s.110-112.](#)

Difor blei det bestemt at generalauditorane skulle møtast og gjere opp etter utvekslinga, slik at kreditorane ikkje tok skade av å ha lånt vekk pengar til fangane.⁴⁸¹

Likeins med tidlegare utvekslingsavtalar var det også her fokus på fangar som ikkje var riktige krigsfangar. Det var kun krigsfangar som skulle førast opp i likvidasjonen.⁴⁸² Dersom ikkje-krigsfangar var ført opp i listene og utveksla eller personar ført opp med feil character, blei det bestemt at generalauditorane skulle møtast og regulere feilen etter kartellet.⁴⁸³ På den måten fekk fangane kome heim snarast mogleg og ein fekk flyt i utvekslinga. Differanse i utvekslinga ved at den eine sida blir skyldig den andre etter likvidasjonen skulle betalast med kontant eller gyldig vekselbrev.

I likvidasjons dokumentet er det fleire kommentarar i margin. Blant dei ein kommentar som sa at skyssdrengar og tenarar var «effter Cartellet fri».⁴⁸⁴ Allereie under forhandlingane i 1712 blei det bestemt at drengar skulle sleppast fri, dette syner at det framleis var praksis i 1719. Ein anna kommentar seier at to Matrosar «ere Engelsmænd og fri», og talar for at det gjennom krigen berre var svenske krigsfangar som hadde utvekslingsverdi. Fangane skulle i den grad det var mogleg, byttast mot fangar med lik character, likvidasjonsdokumentet syner derimot at det var gjort unntak når det ikkje var nok like characterar. «Præsident» Wilhelm von Utfald skal ha blitt bytta mot inspektør Piper, to matrosar og ein skipsdreng. Med forutsetning om at det blei godkjent av «dei høgare herrer». At ein skipsdreng skulle bytast strider mot kriteriet om at drengane skulle settast fri. Dersom ein krigsfange som var rekna inn i likvidasjonen skulle døy før vedkommande blir utveksla skulle taksten for den døydde strykast ut. Døme er den svenske fangen regimentswebel Berent Walström.⁴⁸⁵



Bilde 2 «effter cartellet fri {Skyssdreng Johan Anderssen»


⁴⁸¹ [Kommanderande General \(KGI\) med Det norske krigsdirektorium, RA/EA-5419/E/Eb/L0015: Diverse, 1716-1719. s.110-112.](#)

⁴⁸² [Kommanderande General \(KGI\) med Det norske krigsdirektorium, RA/EA-5419/E/Eb/L0015: Diverse, 1716-1719. s.110-112.](#)


⁴⁸³ [Kommanderande General \(KGI\) med Det norske krigsdirektorium, RA/EA-5419/E/Eb/L0015: Diverse, 1716-1719. s.105.](#)

⁴⁸⁴ [Kommanderande General \(KGI\) med Det norske krigsdirektorium, RA/EA-5419/E/Eb/L0015: Diverse, 1716-1719, s.161-201.](#)


⁴⁸⁵ [Kommanderande general \(KG I\) med Det norske krigsdirektorium, RA/EA-5419/E/Eb/L0015: Diverse, 1716-1719, s.173](#)



Bilde 3, «ere Engelsmænd og fri {Matrosen Johan Hindrick, Erick Holm}».



Bilde 4, «optaget af Inspecteur Piper 2 matroser 1 skips dreng sigmod skal validere } Præsident Wilhelm Von Utfald»



Bilde 5, "Død Regiments Webel Berent Walstrøm Død».

Utteksling av krigsfangar skulle føregå gjennom båtransport frå Sponvika i Noreg og Saltbacken i Sverige. Same område krigsfangane hadde blitt utveksla frå allereie frå 1712. Generalauditorane på begge sider skulle sørge for at posteringane på kvar side bestod av en løytnant, to underoffiserar, ein tambur, 30 meinige samt at transportbåtane hadde tilstrekkeleg sikkerheit.⁴⁸⁶ Dei svenske krigsfangane i Trondheims distrikt kunne derimot leverast ved dei svenske grensene ved Jemtland for å sleppe den lange vegen.⁴⁸⁷ Dokumenta som omtalar dei svenske fangane i Trondheim frå kjeldematerialet omtalar kun fangane som satt på Munkholmen frå 1710 til 1713, og 18 fangar og nokre offiserar som marsjerte dit etter felttoget i 1716. Det er difor uvisst korleis fangane hadde det i stiftamtet og korleis utvekslinga av fangar gjekk for seg i praksis.



Bilde 6&7 Bildeutklipp over utvekslingsområda Sponvika og Saltbacken

⁴⁸⁶ [Kommanderende general \(KG I\) med Det norske krigsdirektorium, RA/EA-5419/E/Eb/L0015: Diverse, 1716-1719, s.104](#)

⁴⁸⁷ [Kommanderende general \(KGI\) med Det norske krigsdirektorium, RA/EA-5419/E/Eb/L0015: Diverse, 1716-1719, s.108](#)

Etter oppretting av protokoll for utveksling av fangar blei det sendt ut ordre om å opprette lister over fangane og kommunisere det til motsett side.⁴⁸⁸ Den norske generalauditøren Gottsche skreiv 2.juni 1719 eit brev til overinspektøren og bad om lister over bønder som skulle utvekslast og gav beskjed om at dei snarast mogleg skulle marsjere til grensene og utvekslast. «at jo tit mentionerede bönder jo för jo heller begiver sig paa Marchen og over Horten og Moss directe marcherer til Sponvigen, hvor helst de angiver sig hoss den did Commandeerte Officeer.»⁴⁸⁹ Nokre kjelder består av lister over bønders namn og syner at dei svenske bøndene fekk reise heim igjen til Sverige i friheit utan at dei blei utveksla i samsvar med protokollen. Til dømes 37 bønder som marsjerte kyrkjevegen heim igjen.⁴⁹⁰

Dei svenske krigsfangane i Bergenhus amt rakk ikkje fram til utvekslinga ved den svenske grensa innan 11.juli på grunn av den korte tida, men den norske generalauditøren forsikra om at dei kom og skulle bli utveksla. Fangane i Bergen distrikt blei difor ikkje ført opp i likvidasjonslista frå 1719, men blei utveksla i ettertid på grunn av den korte tidsfristen. I praksis fekk futen i Sundfjord og Nordfjord Hans Rue ordre frå generalløytnant Pahl om at alle svenske krigsfangar som var innkvarterte i futedømmet skulle sendast til Bergen. 18.juni 1719 skreiv Rue eit brev til lensmannen i Førde Olle Hafstad og gav beskjed om at dei svenske fangane skulle leverast til Furre futegard 3.juli der korporal Jens Grimsetter var beordra til å hente dei. Rue opplyste også om at lensmannen måtte skrive ei liste over namn på krigsfangane, alder, kva regiment dei høyrde til, kvar dei var født og levere det til Jens Grimsetter.⁴⁹¹

Ifølge Ugulens artikkel sendte Lützow eit brev til stiftamtmanden i Bergen 3.juni 1719 om at oberst Løvenørn saman med svenskane hadde slutta at alle norske, danske og svenske fangar skulle settast på fri fot, og at alle svenske fangar i Bergenhus distrikt skulle samlast og sendast med konvoi til Kristiania.⁴⁹² Det kan difor tenkast at fangane frå Nordfjord og Sundfjord samt andre futedømme i Bergen distrikt marsjerte eller blei sendt med fartøy til Bergen og derifrå sendt vidare med konvoi derifrå. Eit forpleiingsdokument datert 7.juli 1719 syner at proviantforvaltar Claus Ellefsen har betalt forpleiing for 126 svenske fangar i forskjellige periodar i Bergenhus distrikt fram til 16.august.⁴⁹³ Desse fangane var ikkje registrert i

⁴⁸⁸ [Kommanderande General \(KGI\) med Det norske krigsdirektorium, RA/EA-5419/E/Eb/L0015: Diverse, 1716-1719, s.161-201.](#)

⁴⁸⁹ [Larvik grevskap, SAKO/A-1056/F/Ff/Ffb/L0018/0001: Brev/Spesielle saker, 1716-1748, s.187-188.](#)

⁴⁹⁰ [Krigshandlingar Stora nordiska kriget, SE/KrA/0388/14A/3: Krigsåfngar, bilde. 50-51.](#)

⁴⁹¹ Ms-0335-ubb-ms-0335: Brev til Lensmand Ole Hafstad i Førde fra Fogden Hans Rue, dat. Svanøe 18/6 1719 ang. De svenske Krigsfangers Overførelse til Bergen.

⁴⁹² Ugulen, «Fram... og tilbake igjen?», 54.

⁴⁹³ [Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/E/L0052/0003: Forskjellige pakkesaker/Om utgifter med svenske fanger, 1710-1714, s.192](#)

utvekslingsprotokollen. Dersom ein adderer desse 126 fangane til dei 913 fangane som er registrert utveksla blei kring 1000 svenske fangar utveksla i løpet av krigsåra 1709-1720.

5.3 Freden i Frederiksborg og endeleg utveksling av fangar

Freden i Frederiksborg 3.juli 1720 markerte ein endeleg slutt på den store nordiske krig. Artikkell 13 i fredstraktaten som omtalt av Generalstaben i *Bidrag til store nordiske krig* er spesielt relevant for denne oppgåva då den handlar om kva som skulle skjje med fangane etter krigen.

Alle krigsfanger skal løsgives uden rancon, og «alt, hvis udi denne tilfælde er passeret enten i Henseende til Undvigelse eller Repressalier, skal være aldeles tilintetgjort og forglemt.» Der skal ikke ses hen til det største Antal Fanger, ej heller til dem, som den ene Part kan have afleveret til den anden efter Afregning efter Kartellet. Den Gæld, som Officererne har stiftet, medend de var «anholdne», skal likvideres, og den Del deraf, for hvilken der foreligger lovligt Bevis, vil de respektive Regeringer sørge ofer at faa betalt [...].⁴⁹⁴

Ingen dokument i kjeldematerialet syner at nokre fangar gjekk fri i 1720. Ei årsak til dette kan vere at fangane skulle settast fri utan ranksjon og at ein difor ikkje har skrive det ned. På den andre sida var majoriteten av fangane allereie utveksla før 1720. Freden i Stettin (1570) etter sjuårskrigen sa også at fangane skule lausgjenvast utan ranksjon etter krigen. Det kan difor tenkjast at det var vanleg praksis med fredsslutt.⁴⁹⁵

Dersom ein summerer talet utveksla fangar frå utvekslinga frå 1712, likvidasjonskjelda frå 1713 til 1719, samt andre lister utanom som syner at fangar fekk sin friheit blei litt over 1000 svenske fangar, inkludert non-kombattantar, rømte, deserterte og døde utveksla i løpet av krigsåra. Det var fleire krigsfangar i Noreg enn dei som blei utveksla i løpet av krigen. Årsaker kan være underrapportering i utvekslingane, at fleire fangar blei sendt til Danmark og nokre valte å bli igjen i landet.

Etter protokollen om utvekslinga av fangar samt artikkell 13 i fredsforhandlingane skulle krigsfanganes gjeld i fangenskapet gjerast opp. Forskjellege kjelder vitnar om at det blei utført

⁴⁹⁴ Generalstaben, *Bidrag til Den Store Nordiske Krigs Historie*, bind 5, 346.

⁴⁹⁵ Mollerud, *Bidrag til den nordiske Syvaarskrigs Historie*, bind 1-2.

forsøk på å gjere opp gjelda etter krigen.⁴⁹⁶ Kreditorane sendte inn lister over utgiftene og det blei laga lister over svenskane som satt seg i gjeld i løpet av fangenskapet. Døme er ei liste datert 14.november 1721 som ramsar opp 36 svenskar og gjelda dei hadde satt seg i.⁴⁹⁷

Ifølge Austestad blei det etter kongeleg påbod ringt i kyrkjeklokkene 13.januar 1720 då den siste svenske soldaten skal ha forlatt landet.⁴⁹⁸ 4.mars og 26.juni blei det sendt ut reskript til biskopane i Noreg om at 13.januar årleg skulle vere takkseiingsfest i Noreg med musikk og preike for å feire at den svenske fiendtlege makta forlot landet samt til hukommelse for etterkommarane.⁴⁹⁹ Markeringa blei avskaffa i 1766 etterkvart som minnet om krigen var blitt veikare og bønnene abstrakte.⁵⁰⁰

5.4 Konklusjon

Auka tal krigsfangar, vanskar med å halde fangane samt ynskje om å få eigne soldatar heim frå svensk fangenskap framkalla fangebytte. Sjølv om Noreg var underlagt Danmark fekk landet utarbeidd eigne utvekslingsavtalar med svenskane i 1712 og vidareutvikla ein protokoll for utveksling med kartell i 1719. Likeins med tidlegare utvekslingsavtaler ser ein at kriteria ikkje var overordna reglar som blei følgt, då praksis på fleire punkt strider mot kriteria.

Forhandlingskriteria skilte mellom krigsfangar og characterar som ikkje skulle reknast som krigsfangar og heller ikkje utvekslast. Alder, kjønn, nasjonalitet og stilling spelte inn på kategorisering av krigsfangar som måtte vere maskuline, ikkje drengar, svensk eller finsk samt ha ei militær stilling som synte at vedkommande var regulær stridande. Likevel blei både døde, rømte, deserterte og ikkje-krigsfangar som kvinner, drengar, lensmenn og bønder ramsa opp i utvekslingslistene i tillegg til at fleire av dei blei utveksla. Non-kombattantar skulle verken forast av krigsmaktene eller takast som krigsfangar. Likevel blei dei både ført i krig, tekne til fange og i stor grad behandla på same måte som krigsfangar. Skilnaden var at dei ikkje hadde økonomisk verdi ved utveksling. I praksis var det difor ikkje eit tydeleg skilje mellom kombattantar og non-kombattantar, sjølv om ein teikna eit bilde av skilje i teorien.

⁴⁹⁶ [Kommanderende general \(KG I\) med Det norske krigsdirektoriu, RA/EA-5419/E/Eb/L0015: Diverse 1716-1719, s. 126-143](#)

⁴⁹⁷ [Kommanderende general \(KG I\) med Det norske krigsdirektoriu, RA/EA-5419/E/Eb/L0015: Diverse 1716-1719, s.129](#)

⁴⁹⁸ Austestad, *Nils Stålby- Karolinen i Samnanger*.

⁴⁹⁹ Wessel-Berg, *Kongelige Rescripter, Resolutioner og Collegial-Breve for Norge i Tidsrummet 1660-1813*, bind 1, 1660-1746, 443

⁵⁰⁰ Thomas.D Slettebø, Ola Teige, Ola og Øystein L. I. Viken (red.). *Fredsårene: Norge i fred 1720-1807* (Oslo: Dreyers Forlag, 2022), 412.

Fangar som ikkje var svenske eller finske blei ikkje ramsa opp i listene over fangar, med unntak av eit par som blei markert fri etter kartellet. Dette syner at andre nasjonalitetar ikkje hadde utvekslingsverdi og kan forklare kvifor mange av dei blei sett fri eller tok dansk teneste enten frivillig eller under tvang. At desse verken blei ført opp i fangelistene eller heldt i fangenskap medan dei svenske ikkje-krigsfangane blei heldt i fangenskap og ført opp i listene underbygger tanken om at alle svenskar var fienden og blei behandla som krigsfangar.

Inkludert non-kombattantar blei kring 1000 svenske fangar utveksla frå Noreg i løpet av krigen. I 1712 blei det fastslått at ein skulle bytte like characterar mot kvarandre, etter protokollen i 1719 blei dei ulike characterane taksert i eit kartell. Feil i utvekslingane i tilfelle der fangane var oppført med feil character, ikkje var riktig krigs-fange eller hadde gjeld skulle rettast opp ved neste likvidasjon. Differansen skulle betalast med gyldig vekselbrev, likvidasjonskjelda syner lik utgift i sluttsommen på kjelda, det kan difor sjå ut til at summen blei ordna lik, med mindre den eine sida betalte den andre, utan å dokumentere det.

Det var også kriteria i utvekslingsavtala som blei følgt. Fangane blei levert til Svinesund og frakta over sundet med båt frå Sponvika i Noreg og Saltbacken i Sverige, medan fangane i Trondheim truleg blei frakta over grensa ved Jämtland. I tilfelle der fangane var langt vekke, som i Bergen, kravde omstenda at fangane blei frakta med fartøy for å komme fram snarast mogleg. Dette syner at kravet som regel blei følgt, med nokre unntak.

Tidsfristar for utveksling blei sett og det blei erklært at fangane innan den sette datoen og snarast mogleg skulle utvekslast. Datoane framstår som symbolske kriterium då dei i praksis alltid blei brotne og det blei utført fleire utvekslingar i ettertid. Årsaka var at det som regel var sett urealistiske datoar for utveksling som ikkje var mogleg å overhalde, då det tok tid å sende beskjedar, organisere transporter og føre fangane til utveksling. Datoen syner likevel at ein ynskja å få utvekslingane overstått snarast mogleg.

Med freden i Frederiksborg blei alle krigsfangar satt fri utan taksering eller omsyn til om den eine eller andre sida hadde fleire fangar. I teorien skulle alle krigsfangane få reise heim. På dette tidspunktet var majoriteten allereie utveksla. Kor mange som var igjen og fekk sleppe fri i 1720 er uvisst, då fangane som fekk sin friheit ikkje blei dokumentert i kjeldemateriale. Gjelda blei derimot gjort opp i ettertid i samsvar med kriteria i protokollen av 1719 samt fredstraktaten.

KAPITTEL 6 - KONKLUSJON

Denne masteroppgåva har undersøkt korleis dei svenske krigsfangane blei behandla i Noreg i krigsåra 1709-1720. For å svare på problemstillinga har eg sett på lovar og reglar frå samtida som definerte rammene for fanganes behandling, analysert kva dokumenta fortel om behandlinga fangane faktisk blei utsett for og undervegs kommentert om det var samsvar mellom teori og praksis. Analysa avslørte at kartet ikkje alltid stemde overeins med terrenget og at praksis fleire gongar braut med lovene og direktivas retningslinjer for behandling av dei svenske fangane.

Å finne ut korleis krigsfangane blei behandla innebar å finne ut kven omgrepet omfatta. Analyse av kjeldemateriale avdekka at det ikkje var eit tydeleg skilje mellom kombattantar og non-kombattantar under krigen. I ei forordning frå 1710 lovde kongen gevinst for alle svenskar, uansett kjønn og yrke som blei fanga og levert til lensmannen eller futen. Sameleis sendte myndigheitene ut ordre under felttoget i 1716 om å yte motstand og fange okkupantane som bestod av både kvinner og menn med forskjellige characterar. Utvekslingsforhandlingane i 1712 skisserte eit skilje der krigsfangar blei kategorisert med svensk eller finsk nasjonalitet, var maskulin, ikkje dreng og hørde til ei stand som tilsa at vedkommande var regulær stridande. I kontrast til krigsartiklane og utvekslingsforhandlingane blei alle svenskar sett på som fienden, fanga og behandla på same måte som krigsfangar i praksis. Fangar med characterar som ikkje skulle utvekslast; kvinner, drengar, bønder, desertørar, fiskarar og lensmenn blei forpleia, sett i arbeid, ramsa opp i utvekslingslistene og følgt til grensene på same måte som dei regulære stridande. Deserterte soldatar blei også behandla som krigsfangane sjølv om dei hadde forlatt svenskekongens teneste. Dette taler for at skiljet mellom desertør og krigsfange var ei gråson. At desertørar og non-kombattantar blei ansett som svenske fangar understrekar at det på starten av 1700-talet ikkje var eit markant skilje mellom krigsfangar og sivile, sjølv om ein var byrja å markere skiljet i teorien.

Normer for behandling av krigsfangar i samtida var samansett av krigsartiklar, folkerettslege prinsipp og internasjonale skikkar og sedvane. Christian Vs militære krigsartiklar av 1683 var eit resultat av ein større prosess etter utvikling av internasjonale reglar i krig med freden i Westfalen samt folkerettens humaniserande tendensar. Krigsartiklane beskytta dei svenske krigsfangane ved å føreskrive harde straffer for aktørane som hadde ansvar for fangane. Drap, lauslating eller dårleg behandling av fangane kunne resultere i avretting, straff på kroppen eller tap av ære. Rettssaker er direkte bevis på at normene blei brotne. Trass i harde straffer for brot blei mange lovbrutarar dømt til mildare straffer. Løytnant Barkman blei i første omgang

dømt til døden for å ha latt over 30 fangar rømme, men blei seinare benåda av kongen etter vanleg praksis i samtida. Bøndene på Svindal som skaut ihel dei tre svenske soldatkvinnene, blei sett på som eit mord på sivile i samtida og skulle straffast etter sakens eigenart, bøndene slapp derimot billig unna med å arbeide ein kort periode på Akershus festning. Tingbøkene opplyser at også svenske fangar blei stemna for lovbrøt som slagsmål og leiarmål. Med mindre utfallet av rettssakene blei registrert andre stader, slapp fangane billig unna.

I tillegg til krigsartiklane blei det sendt ut administrative direktiv i form av forordningar og reskript som regulerte behandlinga av fangane. Endring i omstenda framkalla nye reguleringar som blei sendt ut av myndigheitene i Danmark, statthaldaren i Noreg Slottsloven og andre overordna som militære leiarar og embetsinnhavarar. Etter Christian Vs krigsartiklar skulle ein ha omsorg for fangane og syte for at dei fekk tilstrekkeleg underhaldning. Fredrik IV påpeika derimot at svenskane ikkje forpleia sine egne etter vanlege krigsmanerar. Det blei difor opp til Danmark-Noreg å sørge for dei svenske fangane. Praksisen med å forpleiing fangane varierte i løpet av krigen, men var likevel i samsvar med Christian Vs krigsartiklar.

I starten av krigen blei det sendt ut direktiv om at fangane skulle forpleiast med 6 skilling dagen. Summen varierte i tid og rom frå 4 til 14 skilling utifrå omstenda og nye direktiv med forskjellige summar. Matmangel kunne i periodar gjere det vanskelegare og dyrare å få tak i fanganes rasjonar. Forpleiingskjeldene og registrerte utgifter med fangane talar for at fangane fekk mat. Dersom nokre var sjuke kunne det vere behov for ytterlegare forpleiing og medisin. Dokument rapportera om at fangar hadde slitte klede, men fekk nye i tillegg til ytterlegare ressursar som lys og halm om dei trengte det. Ulik praksis med forpleiinga bidrog til variasjon. Nokre stader fekk fangane utlevert brød og pengar til å kjøpe andre matvarer. Majoriteten av dokumenta opplyser derimot om at det kun blei utlevert forskjellige variantar av brød både på festningane, arresthusa og på marsjrutene.

Skipskosten var rasjonert og regulert utifrå den character fangane hørde til. Høge stillingar som Offiserar fekk egne kahytter og høgare rasjonar, men måtte i gjengjeld betale for det. Fangenskapet kunne fort bli dyrt for offiserane som måtte betale for eiga forpleiing. Mange sat seg difor i stor gjeld i Noreg. Samanlikna med forpleiinga på land var skipskosten variert og bestod av flesk, kjøtt, brød, erter, fisk, smør, gryn og øl. Det kunne likevel vere fare for at maten var blitt forderva dersom fartøya hadde vore til sjøs i lange periodar.

Kostnadane med fanganes forpleiing blei i starten dekkja av krigskassa, men etterkvart som fangetalet auka raskt etter felttoget i 1716 innførte ein endringar for å ikkje tappe krigskassa unødig. Etter Frederik IVs forordning om fanganes underhaldning av 1715 skulle fangane distribuerast i landet for å arbeide for forpleiing. På den måten flytta ein kostnadane med

fangane over til innbyggerane. Forordninga var ei omvelting i behandling av fangane i forhold til tidlegare praksis. I starten av krigen var fangane innlevert og plassert på forskjellige stadar i landet på Akershus, Fredriksten, Kristiansholm, Bergenhus, Kongsvinger og Stavern festning. Samt arresthus i Kristiansand, Trondheim og Stavanger. Etter ordre frå Slottsloven i 1716 skulle fangane marsjere i puljar tre forskjellige vegar til Bergen og kunne undervegs bli tatt i teneste på vegen. Etter Slottslovens anordning kunne fangane skytast på plassen dersom dei oppførte seg usømmeleg eller gjorde opprør. Ordren blei truleg sendt ut for å skremme fangane til lydighet, men stod i strid med Christian Vs krigsartiklar som sa at krigsfangar ikkje skulle drepast. Med unntak av Kapteinen på fartøyet «Hummeren» som kasta fangar over bord etter forsøk på å rømme, ser det ut til at resterande følgde Christian Vs krigsartiklar utifrå dokumenta. Marsjeringsrutene kunne vere lange og krevjande, spesielt for dei som marsjerte dei lengste distansane frå Østlandet til Bergen. Ca. 550 fangar blei plassert i kjøpstadene i Noreg etter felttoget i 1716. I tillegg blei det sendt svenske fangar med konvoi ned til Danmark etter kongens ordre av 5.mai og nærare 400 utveksla til Sverige.

Å fordele fangane i distrikta for å arbeide var både ein ressurs og belastning for innbyggerane. I ein periode med stor utskrivning av unge menn til militærtjeneste var det mangel på arbeidskraft fleire stadar i landet. Krigsfangane kunne fylle behovet for arbeidskraft samtidig som innbyggerane ville sørgje for kost og losji av fangane. Ifølge utvekslingsforhandlingane i 1712 byrja dei svenske fangane å arbeide i fangenskapet allereie det året. Fangane blei først plassert ut i distrikta i storskala hjå norske innbyggerar i 1716. Det er likevel moglegheiter for at nokre blei distribuert i teneste før den tid. Dei svenske fangane hadde kunnskapar innfor ulike yrker før dei blei innrullert i hæren og kunne fortsette med dei forskjellige handverka i Noreg eller gå i lære som læresvenn. I dokumenta skal fleire svenskar ha kome i teneste hjå skomakarar, gullsmedar, klokkarar, tollarar og bønder. Rike bønder som godseigarar hadde mykje arbeid, men mangel på arbeidskraft då arbeidarane blei utskrivne til krigsteneste. Mange svenske fangar kom difor i teneste hjå godseigarar og blei truleg behandla på same måte som dei andre arbeidarane og difor behandla godt ettersom ein ynska å behalde dei i sin teneste. Etterkvart som det kom nye krigsfangar inn i landet dei siste åra av krigen blei også desse plassert i teneste. Gjennom arbeid fekk dei svenske fangane kontakt med dei norske innbyggjarane. Kontakta som følge av arbeidet bidrog til integrering og førte til at fleire etablerte seg i Noreg og blei igjen når fangar skulle utvekslast og krigen var over. At fangar slo seg ned i Noreg talar for at dei ynskja å vere igjen i landet og truleg hadde hatt det godt.

På den andre sida var det ikkje alle som hadde arbeid til fangane. I Kristiansand distrikt meldte Stiftamtmann Adeler inn til Slottsloven at dei ikkje hadde arbeid til dei svenske fangane

og at innbyggerane frykta at høg konsentrasjon av krigsfangar ville resultere i opptøyar. Trass mangel på arbeid måtte fangane fordelast i Kristiansand stiftamt. Amtmann Povel Juel brukte derimot lang tid på å fordele fangane i Lister og Mandal amt. Først under trussel om at han måtte betale for fangane si forpleiing sjølv dersom han ikkje plasserte dei, blei fangane distribuert. Ei tolking av Juels val om å ikkje plassere fangane er at han ynskja å skjerme befolkninga frå den eventuelle belastninga med å halde fangane utan arbeid til dei. At direktiva ikkje blei følgd i starten var eit resultat av omstenda. På den andre sida talar det også for at Slottsloven hadde mangel på autoritet.

Dokumenta avslører at livet ikkje alltid var rosenrødt i norsk fangenskap. Beskrivingar av forholda i fangenskap syner at fangane måtte arbeide for å få forpleiing, ikkje hadde moglegheit til å komme seg vekk frå situasjonen før dei blei utveksla og difor hadde innskrenka friheit. Forsøk på å rømme innebar ein stor risiko for å bli fanga igjen og etter Frederik IV forordning skulle straffast med å arbeide i jern på festninga og ytterlegare straffast etter sakas omstende. At det likevel var svenskar som rømte talar for at det var verdt risikoen for vedkommande. Majoriteten av rømlingane rømte i grupper frå Kristiansand med fartøy. Ei årsak er truleg at fangane hadde kommunisert og planlagt å rømme, og at det var dårleg vakthald over både fangane og hamna i Kristiansand i forhold til andre stadar. Fleire svenskar blei også tvunge til å ta militær teneste under danskekongen trass i at myndigheitene hadde sagt at det ikkje var lovleg å tvinge svenskane i teneste. Fangar med andre nasjonalitetar enn svensk og finsk blei ikkje ansett som krigsfangar men tok frivillig eller under tvang teneste i flåten.

Kring 60 svenskar blir oppgitt som døde i fangenskapet i dokumenta, det er likevel sannsyn for at fleire døde ettersom det var eit nytt felttog i 1718 og nesten ingen blei registrert som døde på slutten av krigen. Over halvparten døde på festningar etter felttoga av skader, sjukdom og matmangel. Fleire av svenskane som blei fanga etter felttoget var sjuke og etterlat av den svenske hæren. Kva resterande døde av blir ikkje opplyst, men det kan tenkjast at matmangel, sjukdom og eventuelle harde forhold i felttoget eller fangenskapet kan ha spelt ei avgjerande rolle. Dødsraten i fangenskapet var samanlikna med tal fangar lavt. Kring 1000 fangar blei utveksla og ytterlegare fangar blei sendt ned til Danmark i løpet av krigen.

I løpet av krigsåra 1709 til 1720 blei det utført utvekslingar mellom Noreg og Sverige. Som nemnt blei kring 1000 svenske fangar registrert i listene og utveksla frå Noreg. Det er likevel moglegheit for at det var fleire som ikkje vart registrert. Første utvekslinga var i 1712 etter at Noreg utarbeidde eiga utvekslingsavtale med Sverige, som meir eller mindre var gyldig fram til det blei opprette ein ny protokoll i 1719. Kriteria frå 1712 går igjen i 1719, men med nokre justeringar i tillegg til at det blei oppretta eit kartell for fangebytte. I fangenskapet hadde

dei svenske fangane blitt forpleia, men i forhandlingane blei det bestemt at utgiftene med fangane si forpleiing ikkje skulle betalast av den andre sida. Krigsfanganes gjeld skulle derimot gjerast opp etter at ein hadde fått ein oversikt over gjelda deira. Fangane skulle snarast mogleg sendast til Svinesund og sendast over med fartøy frå Sponvika i Noreg til Saltbacken i Sverige. Vakter skulle opphalde seg på grensene for å sikre utvekslinga, segle fartøya over sundet og kvittere for fangane som blei levert.

Forhaldet mellom teori og praksis er problematisk då teorien generalisera og abstrahera forhold som ikkje går overeins med den komplekse verkelegheita. Gransking av dokumenta syner at kriteria for utveksling og behandling av fangar ofte blei brotne eller berre delvis følgt. Omstenda var i fleire tilfelle årsaka til avvik frå ordrane. Treig kommunikasjon og overføring av ordre samt korte tidsfristar førte til at utvekslingar blei gjort etter fristane. I likvidasjonslistene blei ikkje-krigsfangar ramsa opp og fleire av dei utveksla. Sjølv om ein i 1712 blei einige om at dei ikkje var krigsfangar, skulle settast fri og ikkje førast opp i listene. At desse blei skrivne ned syner at dei var viktige sjølv om dei i teorien ikkje hadde utvekslingsverdi. Brevet frå danskekongen om å sende dei svenske fangane til Danmark etter felttoget i 1716 datert 5.mai kom fram etter at Noreg var godt i gong med å distribuere fangane i distrikta. Fleire fangar blei difor att i Noreg, medan nokre blei sendt til Danmark. Mangel på arbeid til fangane gjor det vanskeleg å plassere fangane i Kristiansand, og matmangel kan ha påverka forpleiinga fangane fekk. Det var også mange nivå frå kongen ned til bonden som kan ha ført til at normene blei tolka forskjellig. Trass i brot på direktiva og krigsartiklane blei formålet med ordrane i hovudsak følgde. Fangane blei plassert på festningane, distribuert i landet, tatt i teneste, fekk forpleiing og blei utveksla. Sjølv om metodane for å nå målet varierte i tid og rom og etter direktivas retningslinjer.

På bakgrunn av behandlinga dei svenske fangane fekk i praksis blei fangane behandla godt i norsk fangenskap. Fangane fekk mat, husly, klede og medisin frå krigskassa i starten av krigen, og kunne seinare arbeide i bytte mot forpleiing. Behov for arbeidskraft førte til at fangane blei behandla godt i fangenskapet og opna samtidig opp for integrering i samfunnet. Den lave dødelegheita talar også for at fangane fekk dekkja dei grunnleggande behova. Trass i at dokumenta syner at nokre mangla klede, var sjuke og skada syner dei også at ein forsøkte å betre fanganes forhold utifrå omstenda med å skaffe nye klede og meir mat. Ein skal likevel ikkje sjå vekk ifrå at det var unntak.

KJELDER

Danske arkiv

Rigsarkivet

Regeringskanselliet i Glückstadt: Sager vedrørende Store Nordiske Krig m.m. nr.1083296
Rentekammeret Danske Afdeling, Dansk-norske assignationskontor: Specifikationer på
udgifter til svenske fangers forplejning (1709-1721) 222-899: nr.1083301

Norske arkiv

MARCUS, Spesialsamlingene ved Universitetsbiblioteket i Bergen

Ms-0335-ubb-ms-0335: Brev til Lensmand Ole Hafstad i Førde fra Fogden Hans Rue, dat.
Svanøe 18/6 1719 ang. De svenske Krigsfangers Overførelse til Bergen.

Riksarkivet (RA)

Avskriftsamlingen, RA/EA-4022/F/Fa/L0078-L0083: Supplikker, 1710-1720.

Christian Frederik (Kong Kristian den 8. av Danmark). RA/EA-5938/H/L0275: Saker
vedrørende Den store nordiske krig i Norge, 1700-1719.

Generalauditøren, RA/RAFA-1772/F/FM/L0001: Krigsfanger/Fortegnelser over krigsfanger,
1721. <https://www.arkivportalen.no/entity/no-a1450-01000002968192>

Kommanderande General (KG I) med det norske krigsdirektorium, RA/EA-5419/D/L0079:
Inkomne skriv ordnet etter avsender/Forskjellige (differente) brev, 1711.
<https://www.arkivportalen.no/entity/no-a1450-01000000909581?ins=RA>

Kommanderande General (KG I) med det norske krigsdirektorium, RA/EA-
5419/E/Eb/L0015: Diverse, 1716-1719. <https://www.arkivportalen.no/entity/no-a1450-01000000007845?ins=RA>

Krigskassedeputasjonen 1709-1713, RA-EA-2887/E/L0031/0003: Brev angående utveksling
av fanger.

Krigskassedeputasjonen, RA/EA-2887/E/L0033: Brev vedrørende festningene, 1711-1712.

Rentekammeret inntil 1814, RA/EA-4070/Ki/L0013/0001-[S11]: Dokumenter om to svenske
skip som ble tatt som prise, 1710-1711.

Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/Bd/L0008: Ordreprotokoll, 1711-1714.
<https://media.digitalarkivet.no/view/50856/1>

Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/EI/L0051/0008: Om den svenske fregatten
«Packan», 1713-.

Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/EI/L0052/0003: Forskjellige pakkesaker/ Om utgifter med svenske fanger, 1710-1714. <https://media.digitalarkivet.no/view/242945/1>

Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/EI/L0054/0006: Forskjellige pakkesaker/ Om svenske og norske krigsfanger, 1716. <https://media.digitalarkivet.no/view/242950/1>

Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/EI/L0054/0003: Forskjellige pakkesaker/ Rulle over syke orlogsfolk som ble ført i land i Larvik, 1712-1715.

<https://media.digitalarkivet.no/view/100921/9>

Stattholderembetet 1572-1771, RA/EA-2870/Aa/L0001-L0010: Konsept til Voteringsprotokoll, 1704-1722.

https://media.digitalarkivet.no/db/browse?archive_key=&start_year=1709&end_year=1720&text=voteringsprotokoll

Statsarkivet i Bergen (SAB)

Stiftamtmanden i Bergen, SAB/-A-100006/E/Ee/0140: Lnr.748 - Futen i Indre og Ytre Sogn, 1712-1726.

Stiftamtmanden i Bergen, SAB/A-100006/E/Ee/0063: Lnr.673 - Brev frå futen i Sunnhordland og Hardanger, 1707-1720.

Stiftamtmanden i Bergen, SAB/A-100006/E/Ee/0102: Lnr.711 – Futen i Nordhordland og Voss, 1715-1718.

Stiftamtmanden i Bergen, SAB/A-100006/E/Ee/0103: Lnr.712 – Futen i Nordhordland og Voss, 1719-1723.

Stiftamtmanden i Bergen, SAB/A-100006/E/Ee/0149: Lnr.757 – Futen i Sunnfjord og Nordfjord, 1709-1717-.

Stiftamtmanden i Bergen, SAB/A-100006/E/Ee/0174: Lnr. 774 - Brev frå Magistraten i Bergen, 1712-1718.

Stiftamtmanden i Bergen, SAB/A-100006/E/Ee/0175: Magistraten i Bergen, Lnr. 775, 1719-.

Stiftamtmanden i Bergen, SAB/A-100006/E/Ee/0482/0001: Kommanderende general, 1716-1747.

Statsarkivet i Oslo (SAO)

Nedre Romerrike sorenskriveri, SAO/A-10469/F/Fb/L0035. Tingbok 1714-1718, s.207b-217b. <https://media.digitalarkivet.no/view/29981/219>

Statsarkivet I Kongsberg (SAKO)

Larvik grevskap, SAKO/A-1056/F/Ff/Ffb/L0018/0001: Brev/Spesielle saker, 1716-1748.

<https://media.digitalarkivet.no/view/258884/2>

Statsarkivet i Trondheim (SAT)

Trondheim magistrat SAT/A-4372/F/Fk/L0005 Ettersøkte svenske personer, rømte eller flyttet til Norge 1709 – 1748.

Kiil, Alf SAT/PA-0333/F/L0022/0164 Fangehus 1709 – 1831.

Kiil, Alf SAT/PA-0333/F/L0096/0175/0003 Om fangehus, skyss og borgere 1709 – 1721.

Digitalarkivet (DA) - Avskrift av Tingbøker

Avskrift av, *Tingbok I.A. 29-32 for Sunnhordland 1723-1725*, rettighetshaver Håkon Aasheim.

<https://www.digitalarkivet.no/content/1187/tingbøker---avskrifter>

Avskrift av, *Tingbok 31-35 for Nordhordland 1709-1722*, rettighetshaver Håkon Aasheim.

<https://www.digitalarkivet.no/content/1187/tingbøker---avskrifter>

Avskrift av, *Tingbok I. A.d. 7-10 for Hardanger, Voss og Lysekloster 1711-1725*, rettighetshaver Håkon Aasheim.

<https://www.digitalarkivet.no/content/1187/tingbøker---avskrifter>

Svenske arkiv

Riksarkivet

Krigshandlingar Stora nordiska kriget, Krigsfångar, SE/KrA/0388/14 A/3: Svenska krigsfångar i Norge och norska krigsfångar i Sverige samt deras utväxling.

https://sok.riksarkivet.se/bildvisning/A0065203_00001#?c=&m=&s=&cv=&xywh=1393%2C413%2C4227%2C2755

Krigshandlingar Stora nordiska kriget, Krigsfångar, SE/KrA/0388/14 A/5: Krigsfångar/ Handlingar rörande utländska krigsfångar i Sverige ingivna til skilda myndigheter, 1701-1722.

https://sok.riksarkivet.se/bildvisning/A0065205_00001#?c=&m=&s=&cv=&xywh=-362%2C-139%2C4227%2C2755

Krigshandlingar Stora nordiska kriget, Krigsfångar, SE/KrA/0388/14A/1a: Svenska krigsfångar i Danmark och danskar i Sverige samt deras utväxling, I-III.

https://sok.riksarkivet.se/bildvisning/A0065199_00003

LITTERATURLISTE

- Andersen, Dan. H. *Mandsmod og Kongegunst: En biografi om Peter Wessel Tordenskiold*. København: Aschehough, 2004.
- Angell, Henrik. A. *Skottetoget: et 300års minne 1612-1912*. Stavanger: Per A. Holst Forlag, 2011.
- Appel, Hans Henrik. «De danske krigsfanger fra slaget ved Lund 1676». *Temp - Tidsskrift for historie* 2, no.4 (13.september 2012): 102-123.
<https://tidsskrift.dk/temp/article/view/24387/21364>
- Austestad, Atle. *Nils Stålby – Karolinen i Samnanger*. Øystese: Friske Tankar A.S, 1995.
- Berg, Ole.T. «statsforvaltere, fylkesmenn og amtmenn (stiftamtmenn) siden 1671», *Store Norske Leksikon*.
[https://snl.no/statsforvaltere,_fylkesmenn_og_amtmenn_\(stiftamtmenn\)_siden_1671](https://snl.no/statsforvaltere,_fylkesmenn_og_amtmenn_(stiftamtmenn)_siden_1671)
- Berkovich, Ilya. *Motivation in War: The Experience of Common Soldiers in Old-Regime Europe*. Cambridge New York: Cambridge University Press, 2017.
<https://doi.org/10.1017/9781316711835>
- Bertelsen, Torstein. «Saaledes som brugelig er mellem civiliserede Nationer - Engelske og svenske krigsfanger i Bergen i årene 1801 og 1808-1810». *Bergensposten* 8, no.3 (desember 2005): 1-57.
- Best, Geoffrey. *Humanity in Warfare*. New York: Columbia University Press, 1980.
- Bjerke, Alf. E. *Nordens Løve: Karl 12. I Norge*. Oslo: Aschehoug, 1992.
- Blom, Ida, Sølvi Sogner og Bente Rosenbeck. *Kvinner i den vestlige verden fra år 1500 til i dag: Renaissance, reformasjon og revolusjon*. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag, 2005.
- Blomqvist, Olof og Wawrzeniuk, Pioter. «Krigsfångar under stora nordiska kriget», 15.september, 2023, i *Militärhistorie*, produsert av Pioter Wawrzeniuk, podkast.
<https://podcasts.apple.com/no/podcast/milit%C3%A4rhistoria/id1456240948?i=1000631139974>
- Blomqvist, Olof. *I Want to stay: Local community and prisoners of war at the dawn of eighteenth century*. Doktoravhandling. Universitetet i Stockholm. 2023.
- Bregnesbo, M. «Fredrik 4. som krigsleder i det danske imperium». I *Perspektiver på Den Store Nordiske Krig 1700-1721: 300år etter Carl XIIIs fall*, redigert av Knut Arstad, 65-88. Oslo: Forsvarsmuseet, 2018.

- Christian V. *Krigs-Artikels-Brev og Krigsrets Instruction, udgivet den 9de Marts 1683 samt Forklaring over Krigsrets Instructionen udgivet den 19de Juni 1703*. Trykt hos Johan Frederik Schultz, Kongelig og Universitets-Bogtrykker, 1808.
- Collstedt, Christopher. *Våldets väsen: Synen på militärerers våld mot civilbefolkningen på 1600-talets Sverige*. Lund: Sekel, 2012.
- Crusenvärd, Gustaf. *At Ähra Dygd och Mandom må inrotas Vthi Krijgzfolckets modh och Sinne»: Utvecklingen av Svea Rikess krigslagstiftning under 1600-talet: En komparativ studie av 1621 och 1683 års krigsartiklar*. Bacheloroppgåve. Högskolan Kristianstad. 2012.
- Dahl, Arne Willy. *Håndbok i militær folkerett*. Oslo: Cappelen Akademisk forlag, 2008.
- Eidem, Kim, Magne Rannestad, Dag Strømsæther og Herman Lindqvist. *Norges nøkkel: Fredriksten festning og Norges kamp for uavhengighet 1716-1905*. Oslo: Gyldendal, 2018.
- Erichsen, Bodil Chr. *Kriminalitet og Rettsvesen i Kristiania på slutten av 1600-tallet*. Oslo: Tingbokprosjektet, 1993.
<https://www.hf.uio.no/iakh/tjenester/kunnskap/samlinger/tingbok/bibliotek/erichsen.pdf>
- Ersland, Geir Atle og Terje H. Holm. (red.). *Krigsmakt og kongemakt 900-1814*. Bergen: Eide, 2000).
- Fet, Jostein. *Lesande bønder: litterær kultur i norske allmugesamfunn før 1840*. Oslo: Universitetsforlaget, 1995.
- Flood, Constantius. *Povel Juel: en Levnetbeskrivelse*. Kristiania: Mallings Boghandles forlag, 1876.
- Frost, Robert. I. *The Northern Wars 1558-1721*. London: Routledge, 2000.
- Frostad, Magne. «§20», i *Grunnloven: Historisk kommentarutgave 1814-2020, redigert av Ola Mestad og Dag Michalsen*, 285-293. Oslo: Universitetsforlaget, 2021.
<https://doi.org/10.18261/9788215054179-2021>
- Frostad, Magne. «Noen refleksjoner om Ludvig Holbergs *Rettskunnskap*, og særlig dens beskrivelse av folkeretten». *Tidsskrift for Rettsvitenskap* 163, no.1, (mars 2023): 153-163. <https://doi.org/10.18261/tfr.136.1.5>
- Geelmuyden, Knut. *Gotisk skrift – En kort veiledning i lesing av gamle kilder*. Bergen: Bergen Byarkiv, 2015.
- Generalstaben. *Bidrag til Den Store Nordiske Krigs Historie*, bind 1-10. København: Nordisk Forlag, 1900-1934.

- Gjeruldsen, Ole Henrik. «Rekruttering og utskrivning i Danmark-Norge og Sverige under Den store nordiske krig», i *Perspektiver på Den store nordiske krig 1700-1721*, redigert av Knut Arstad, 89-112. Oslo: Forsvarsmuseet, 2018.
- Graham, Aaron. «Huguenots, Jacobites, Prisoners and the Challenge of Military Remittances in Early Modern Warfare». *War & Society* 40, no.3 (August 2021): 171-187.
<https://doi.org/10.1080/07292473.2021.1942626>
- Grotius, Hugo. *On the Law of War and Peace*. Oversatt av A.C.Cambell, A.M. Kitchener: Batoche Books, 2001.
- Gustafsson, Harald. *Nordens Historia: En europeisk region under 1200år*, 3.utg. Lund: Studentlitteratur, 2017.
- Haakonsen, Knud. «Naturrett, Pufendorf og Holberg – men hvilken naturret? Hvilken Pufendorf?». I *Ludvig Holbergs naturret*, redigert av Eiliv Vinje og Jørgen M. Sejersted. Oslo: Gyldendans Akademisk, 2012.
- Hansen, Knut Ingar. *Kongsvingers Historie: Festningen og Leiren 1682-1720*. Kongsvinger: Vinger Historielag, 2005.
- Hobbes, Thomas. *De Cive*. Public Library UK, 1651. <http://www.public-library.uk/ebooks/27/57.pdf>
- Hobson, Rolf og Tom Kristiansen. «*Militærmakt, krig og historie: En innføring i forskningen fra Clauswitz til våre dager*». Oslo: Institutt for Forsvarsstudier, 1995.
- Hobson, Rolf. *Krig og strategisk tenkning i Europa 1500-1945: Samfunnsendring-Statssystem-Militærteori*. Oslo: Cappelen Akademisk, 2013.
- Holberg, Ludvig. *Introduction til Naturens- og Folke-Rettens Kundskab, Uddragen Af de fornemste Jurister besynderlig Grotii, Pufendorfs og Thomasii Skrifter, Illustreret med Exempler af de Nordiske Historier, og confereret med disse Rigers, saa vel gamle som nye Love*. København: trykt hos Ove Lyn, 1716.
- Holberg, Ludvig. *Ludvig Holbergs Moralske Tanker*. København: K. Schønbergs Forlag, 1859.
- Howard, Michael, George. J. Andreopoulos, og Mark. R. Shulman, (red.). *The Laws of war: constraints on warfare in the Western world*. Yale University Press, 1994.
- Hødnebo, Finn. (red.). *Konge-Kyrkorummet*, bind 9 av *Kulturhistorisk Leksikon for Nordisk Middelalder fra vikingtid til reformasjonstid*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag, 1964.
- Johannessen, Finn Erhard. «Kampen om mannskapet: Utskrivning og verving i Norge på 1700-tallet». *Historisk tidsskrift* 98, no 3 (november 2019): 249-264.
<https://doi.org/10.18261/issn.1504-2944-2019-03-04>

- Johnsen, Lars G. Wessel. *Beretninger om Peter Wessel Tordenskjold og hans samtid*. Moss: Wessel Forlag, 2020.
- Johnsen, Oscar Albert. *Tidsrummet 1660-1746*, bind 5 av *Norges Historie: Fremstillet for det norske folk*. Kristiania: Aschehough & Co, 1911.
- Kong Friderich den Fierdes allernaadigste Forordninger og aabne Breve fra den 26. Augusti Aar 1699 Aar 1715 udgangne*. København: trykt udi Kongel. Majests. privilegerede Boogtrykkerie, 1715.
- Kristoffersen, Hans Runge (red.). *En Reise på Nordens eldste postveier*. Lillehammer: Postens historiske samlinger, 2014.
- Lange, Tonje Barsett. *Fra soldat til krigsfange: behandlingen av svenske krigsfanger i Norge og norske krigsfanger i Sverige i årene 1808-1809*. Masteroppgåve. Universitetet i Oslo. 2011.
- Larsson, Olle. *Stormaktens sista krig: Sverige och stora nordiska kriget 1700-1721*. Lund: Historiska Media, 2009.
- Lindgjerdet, Frode. *Norge og den store nordiske krigen 1700-1721*. Skallestad, Ares Forlag AS, 2016.
- Lunde, Nils Terje. *Norske Militærkodekser*. *Necesse* 3, no 1 (2018): 47-57.
- Marinemuseet. *Tordenskiold: Den Store Nordiske Krigen*. Horten: Marinemuseet, 2016.
- McCord, Carey P. «Scurvy as an Occupational Disease: VII. Scurvy in the World's Armies». *Journal of Occupational Medicine* 13, no 9 (Desember 1971): 441-447.
<https://www.jstor.org/stable/45004826>
- Molaug, Svein og Rolf Scheen. *Fregatten «Lossen»: et kulturhistorisk skattekammer*. Oslo: Norsk sjøfartsmuseum, 1983.
- Mollerud, W. *Bidrag til den nordiske Syvaarskrigs Historie*, bind 1-2. København: Bianco Lunos Kgl. Hof-Bogtrykkeri, 1881. <https://www.kb.dk/e-mat/dod/130021308189.pdf>
- Netterstrøm, Jeppe Büchert. «Soldater og Civile i danske krigsartikler fra 1500- og 1600-tallet». *Tidsskrift for Historie* 2, no 4 (September 2012): 12-36.
<https://tidsskrift.dk/temp/article/view/24383>
- NorgesBank. «Priskalkulator». <https://www.norges-bank.no/tema/Statistikk/Priskalkulator/>
- Norgeshistorie – Fra steinalderen til i dag. Fortalt av fagfolk. «Forbud mot sex før ekteskap», Holmberg, Susanne. 11.12.2023. <https://www.norgeshistorie.no/enevelde/1254-Forbud-mot-sex-for-ekteskap.html>
- Norgeshistorie – Fra steinalderen til i dag. Fortalt av fagfolk. «Krigsbyrder i Norge under en store nordiske krig», Ola Teige, 22.10.2022.

<https://www.norgeshistorie.no/enevelde/1226-krigsbyrder-i-norge-under-store-nordiske-krig.html>

Norsk Biografisk Leksikon. «Jochumsen, Mathias». Johannesen, Finn Erhard. 29.juni 2022.

https://nbl.snl.no/Mathias_Jochumsen

Næsje, Bjørn. *Klagemål over kongens embets- og tjenestemenn: En kildestudie av norske supplikker inneholdende klagemål over embets- og tjenestemenn mellom 1700 og 1730*. Masteroppgåve. Universitetet i Oslo, 2008.

Phoenixberg, Povel Johannes. *Viser om norske Begivenheder fra 1697-1788*. København: digitalisert av Det Kongelige Bibliotek, 2018. https://www.kb.dk/e-mat/dod/130023287677_bw.pdf

Pollen, Geir. *Armfeldts armé: historien om en katastrofe*. Oslo: Gyldendal, 2016.

Populär Historia. «Karl XII:s ryska krigsfångar». Olof Blomqvist. 05.10. 2019.

<https://popularhistoria.se/sveriges-historia/1700-talet/karl-xii-s-ryska-krigsfangar>

Pufendorf, Samuel. *The Classics of international law*. Oversatt av Walter Simons. Oxford University Press, 1934.

Rian, Øystein. «Den store nordiske krig i et historisk perspektiv». I *Perspektiver på Den store nordiske krig*, redigert av Knut Arstad, 11-35. Oslo: Forsvarsmuseet, 2018.

Richardson, Walton. K. «Prisoners of War as instruments of foreign policy». *Naval War College Review* 23, no 1 (September 1970): 47-64.

<https://www.jstor.org/stable/44641136>

Røde Kors. «Hva er krigens folkerett og hvorfor skal det prioriteres?» Henta 21.august, 2023,

<https://www.rodekors.no/vart-arbeid/regler-i-krig/hva-er-krigens-folkerett/>

Schiøtz, Johannes. *Elleveårskrigens militære historie: Avslutningen av Den store Nordiske krig*, bind 1-3. Oslo: Forsvarsdepartementet, 1936-1955.

Schou, Jacob Henric, *Chronologisk Register over de Kongelige Forordninger og aabne Breve samt andre trykte Anordninger som fra aar 1670 af ere udkomne: tilligemed et nøiagtigt Udtog af de endnu gjeldende for saavidt samme i Almindelighed angaae Undersaatterne i Danmark og Norge: forsynet med et alphabetisk Register. 2: Som indeholder K.Friderik IV Frr. Fra 1699 til 1730*. København: Breum, 1795.

Selberg, Kjersti. «Eldre norske rettskilder – en oversikt». (3.utg). Juridisk biblioteks skriftserie, Universitetsbiblioteket i Oslo, 2013 <http://urn.nb.no/URN:NBN:no-37453>

Sjöberg, Maria. «Stormaktstidens krig – och kvinnor - Något om betydelsen av perspektiv». *Historisk Tidskrift (Sweden)* 127, no 2 (Juni 2007): 203-223

http://www.historisktidsskrift.se/ht1/fulltext/2007-2/pdf/HT_2007_2_203-223_sjoberg.pdf -

- Slettebø, Thomas.D, Ola Teige og Øystein I.L. Viken (red.). *Fredsårene: Norge i fred 1720-1807*. Oslo: Dreyers Forlag, 2022.
- Steen, Sverre. *Kristiania Postvesen, 1647-1921: et stykke av postens historie i Norge*. Kristiania: Aschehough, 1923.
